

Stadnamn på Huglo

Jesse Bratt

UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Vår 2017

NOLISP350

30 394 ord,
ikkje medrekna lister,
tabellar og andre tillegg

jesse.bratt@gmail.com
Sett i Stone Serif
med L^AT_EX

Innhald

<i>Forord</i>	<i>iii</i>
<i>Forkortingar</i>	<i>v</i>
<i>1 Innleiing</i>	<i>1</i>
<i>2 Teori</i>	<i>9</i>
2.1 Stordamålet	11
2.2 Namn og stad	17
2.3 Namnese­mantikk	28
<i>3 Metode</i>	<i>43</i>
<i>4 Syntaktisk analyse</i>	<i>51</i>
4.1 Affiks	51
4.2 Røter	66
<i>5 Semantisk analyse</i>	<i>73</i>
5.1 Grunnord	73
5.2 Relative namn	79
5.3 Assosiative namn	84
5.4 Ordtydingar	92
<i>6 Konklusjon</i>	<i>97</i>
<i>Namneliste</i>	<i>101</i>
<i>Ordliste</i>	<i>111</i>
<i>Register</i>	<i>115</i>
<i>Litteratur</i>	<i>118</i>
<i>Samandrag</i>	<i>119</i>
<i>Summary</i>	<i>121</i>

Forord

Denne oppgåva er eit resultat av eit digitaliseringsprosjekt i Stadnamnsamlinga i Bergen som vart utført vinteren 2015. Ein del av namnearkivet frå Stord kommune i Sunnhordland vart kopiert og skriven inn i databasen til Stadnamnsamlinga. Eg fekk hjelpe til i arbeidet, og éi av oppgåvene mine var å skrive inn namnelister frå Huglo. I den same perioden las eg *Semantics and Cognition* (1983) av Ray Jackendoff, og eg lot meg fascinere av idéane hans. Medan eg skreiv inn namn i databasen, tenkte eg ofte på korleis dei kunne passe inn i teorien til Jackendoff. Denne oppgåva har vakse ut av dei tankane.

Eg har fått mykje hjelp. Eg takkar

Gunnstein Akselberg, for tolmodig rettleiing,

Ole-Jørgen Johannessen, som introduserte meg for materialet,

Kjell Erik Steinbru, som hjalp meg med arbeidet i arkivet,

Ray Jackendoff, som svarte på e-postane mine og hjalp meg med teoridelen,

Hedvig Flornes, Arne Sørli og Arne Sortland på Huglo, for gjestfridom og hjelp med handsaminga av namna,

Victoria Rosén og Helge Dyvik, som hjalp meg med eit sideprosjekt som aldri fann ein plass i oppgåva,

Ole Kannelønning, som gav meg løyve til å bruke bilete frå samlinga etter Severin Kannelønning,

Trond Minde, som korrekturlas delar av oppgåva,

og Miriam Kayser Digernes, som lyste opp vegen, her som elles.

Jesse Bratt

Mai 2017

Bergen

Forkortingar

Adj	adjektiv
AdjP	engelsk <i>adjective phrase</i> ; adjektivfrase
Agr	engelsk <i>agreement</i> ; samsvarbøying
best	bestemt
eint	eintal
fem	femininum; hokjønn
fleirt	fleirtal
IPA	Det internasjonale fonetiske alfabetet
Infl	infleksjon; bøying
LFG	leksikalsk-funksjonell grammatikk
mask	maskulinum; hankjønn
N	engelsk <i>noun</i> ; substantiv
neut	neutrum; inkjekjønn
NP	engelsk <i>noun phrase</i> ; substantivfrase
P	preposisjon
PP	engelsk <i>prepositional phrase</i> ; preposisjonsfrase
ubest	ubestemt
SSR	Sentralt stadnamnregister
ØK	Økonomisk kartverk

Kapittel I

Innleiing

Vi navigerer i terrenget rundt oss ved hjelp av kjente stadar, mange av dei utan namn. Stadar som er brukte av mange, blir gitt namn slik at vi kan planlegge og koordinere bevegelsane våre med andre. Koordinasjon mellom menneske er essensielt når ein skal livnære seg, og på denne måten er stadnamnkunnskap livsviktig. I denne oppgåva skal eg analysere denne kunnskapen for å betre forstå kva han er.

I Noreg var det viktig å ha namn på fjellstølar, teigar, fiskemed og hamner. Og når ein skulle reise, var det essensielt å kunne tale om kjente vegar, skipsleier og landmerke. Kva stadar som blir gitt namn, og kva slags namn dei får, varierer frå kultur til kultur. Samstundes er stadnamnkunnskap felles for alle menneske – vi har alltid måtte bruke stadnamn til å snakke om verda vi lever i, uansett verdsdel eller tid. Men kva er stadnamnkunnskap?

I denne oppgåva spør eg korleis stadnamnkunnskap er bygd opp. Problemstillinga er: *Kva for delar er stadnamnkunnskap sett saman av?*

Eg argumenterer for at stadnamnkunnskap er *assosierte mentale strukturar i langtidsminnet*. Det vil seie at eit einskild stadnamn består av tre assosierte mentale strukturar: uttale, tyding og ein syntaktisk kategori (substantiv eller substantivfrase). Det er desse strukturane innsamlarar av stadnamn prøver å få ned på papiret ved å stille spørsmål til informantar. Kva ord inneheld namnet? Korleis er uttalen? Kva slags stad er det? Kva slags tilhøve har staden til andre stadar? Kva gjer ein på staden?

Namneinventar representerer gamal stadnamnkunnskap. I botnen ligg den djupe, men fragmenterte og uferdige kunnskapen til informantane. Kvar informant har berre éin bit av ein større heilskap, fordi stadnamnkunnskap blir avgrensa av kor og korleis folk lever.

Innsamling, systematisering og analyse av stadnamn frå eit større geografisk område kan avsløre mønster i stadnamn som er usynlege for den ein-skilde språkbrukaren. Det vil seie at namneinventaret er ei etterlikning av lokal stadnamnkunnskap. Derfor kan ein forske på stadnamnkunnskap gjennom analyse av namneinventaret.

Når det gjeld mental stadnamnkunnskap, er utgangspunktet at han er bygd

opp på same måte som generell språkkunnskap. Likskapen gjeld fonologi, syntaks og semantikk. Fonologiske transkripsjonar av stadnamn har aldri skilt seg frå andre språklege uttrykk. Men syntaktisk og semantisk analyse av stadnamn har ein gjennomført med kategoriar som skil seg frå vanleg språkvitskapleg analyse. Denne avhandlinga har som mål å karakterisere namneinventaret på ein måte som høver med resten av leksikonet.

Den første hypotesen min er derfor at stadnamnkunnskap ikkje skil seg frå generell språkkunnskap i særleg grad. For å teste denne har eg systematisert namneinventaret frå Huglo i ein allmenningvistisk teori som heiter *parallel-arkitekturen* (*the parallel architecture*). Med utgangspunkt i denne teorien analyserer eg einskilde stadnamn og fenomen for så å vurdere kva som er unikt for stadnamnkunnskap og kva høyrer til generell språkkunnskap.

Figur 1.1 gir ei visuell framstilling av hypotesen. Den store sirkelen representerer heile leksikonet, og sirkelen inni han igjen representerer stadnamnkunnskap. Dette viser at stadnamnkunnskap er ein del av leksikonet. Det kvite feltet representerer kunnskap som er unik for stadnamnkunnskap, som til dømes ordet *hugl* og samansetjinga *Bukkaskora*. Desse orda førekjem ikkje i resten av leksikonet.


Gråfargen, som dekkjer randen av sirkelen for stadnamnkunnskap, representerer kunnskap som er generell for heile leksikonet, som til dømes bestemtheitsendinga *-a* og ordet *vik*. Desse førekjem i stadnamn som *Djupavika*, men dei blir òg brukt i andre delar av leksikonet. Den gråe randen i stadnamnkunnskapen viser at stadnamn tek i bruk ord og reglar som er generelle for leksikonet. Hypotesen min går ut på at den kvite delen av sirkelen, kunnskap som høyrer til stadnamn aleine, skal vere minst mogleg.

Stadnamna i denne avhandlinga er henta frå øya Huglo i Sunnhordland. Namneinventaret er sett saman av ulike arkivmateriale frå Stadnamnsamlinga ved Universitetet i Bergen, eit stort stadnamnarkiv bestående av namnelister, kart og lydopptak frå heile landet. Ei oversikt over dei ulike kjeldene som utgjer namneinventaret, finst i kapittel 3.

Utgangspunktet mitt er at folk lagar namn basert på andre namn dei kjenner. Huglo og Stord ligg attmed kvarandre, og det er rimeleg å forvente at flytting og slektskap har gjort at folka hadde eit felles grunnlag for namngjeving.

Den andre hypotesen min er derfor at namneinventaret frå Huglo ikkje skil seg frå namneinventar frå Stord i særleg grad. Kari Lønning Aarø og Harald Stautland har skriva hovudfagsavhandlingar om stadnamn frå Stord som tenar som grunnlaget for samanlikninga. Stautland si avhandling, *Opplysningar til stadnamn frå Sagvåg* (1976), har eit namneinventar på om lag 1500 namn frå Sagvåg, som ligg sørvest på Stordøya. Aarø si oppgåva, *Noko om stadnamn frå Stord* (1974), har eit namneinventar på om lag 1300 namn frå søraustsida av Stordøya. Eg testar hypotesen ved å måle ulike aspekt ved namneinventaret frå Huglo, til dømes bestemt form og grunnord, for så å samanlikne målingane med dei frå Stautland og Aarø.

Figur 1.1: Delar av leksikonet



Øya Huglo

Huglo ligg i Stord kommune i Sunnhordland, rett aust for Stord og sør for Tysnes, ved munninga til Hardangerfjorden. Forma på øya kan minne om ein drake, og ho har eit areal på 13,4 km². I dag er det om lag 100 fastbuande på øya. Talet har gått ned i løpet av åra; i 1946 var det 250 fastbuande (Statistisk sentralbyrå 1950, 94). Busetnaden er fordelt på sju matrikkelgardar: *Tveit*, *Rossbø*, *Haukanes*, *Sørhuglo*, *Nordhuglo*, *Stora Brandvik* og *Litla Brandvik*. Landbruk er den fremste næringsvegen på øya, men det har tidlegare vore båtbyggeri i *Huglavika* og møbelfabrikk på *Leiretangen*.

Geologiske krefter har gitt øya ei ujamn kystlinje med mange vikar og nes – det finst minst 40 namngitte vikar og 35 namngitte nes på Huglo. Øya ligg så langt aust at det finst relativt få skjer og holmar. 25 kilometer lenger vest, i Bømlo kommune, finst det holmar og skjer i hopetal.

Ujamnskapen i kystlinja finst òg på land. Den nordlege delen av øya består av steinete, furete terreng med mange parallelle skar eller dalar i landskapet. Mellom dei finst små, bratte høgder. Den høgaste er *Høgafjellet*, som strekkjer seg 218 meter over havet.

Lenger nede, langs vest- og austsida av Huglo, består jordsmonnet av kalkspatmarmor, som har gitt grobotn for eit særskilt planteliv. Det finst rike edellauvskogar, som kjem fram i stadnamn som *Heggen* og *Ljosolderhaug*. I *Brandvikelia* finst ein av dei største barlindskogane i Noreg (Fitjar og Stord kommunar 2008, 34). Nokre planteartar på Huglo er svært sjeldne. I *Leira* på Nordhuglo finst verdas nordlegaste førekomst av dvergålegras, ein sjeldan fleirårig sjøplante (Fitjar og Stord kommunar 2008, 11). I *Tveitevatnet* veks soleigro, ein sumpplante berre kjent frå fire ulike vatn i Hordaland og Rogaland (Fitjar og Stord kommunar 2008, 31).

Den omdanna kalksteinen som dannar grobotnen for vegetasjonen på øya, har òg vore grunnlaget for ein liten kalkbrenningsindustri, som ga gode

Figur 1.2: Huglo si plassering i Sunnhordland



Kartverket. Målestokk: 1 : 160 000.

Frå illustrasjonskartet *Tettstadar*. Kartverket.

biintekter til bøndene. Kalken vart brukt til å lage murmørtel, bindemiddel i steinbygg. Det finst store førekomstar av kalk på *Storsøya*, litt nord for sjølve Huglo, og på 1600-talet var dei ein kalkomn på kvar gard, utanom Rossbø (Lohndal og Sortland 1999, 12).

Den første skriftlege kjelda som omtalar kalkbrenning på Huglo er eit rekneskap frå kongsgarden i Bergen frå perioden 1516–1523, men truleg starta kalkbrenninga lenge før (Lohndal og Sortland 1999, 8). Stadnamn som *Tyskomnen*, *Limbuvika*,¹ *Omnsneset* og *Kalkbrotet* vitnar om denne industrien. Og fordi kalkbrenning krev mykje brennstoff, vart store delar av skogen på Huglo snauhagd, slik at gardane brente meir torv enn var vanleg i dei på Stordøya (Stord kommune 2009, 14). Namn som *Torvmyra* og *Torvsmoget* vitnar om dette.

¹ Ei *limbu* er eit «tømra hus med kraftig golv og godt tak, bruk til å lagra kalk og limved» (Lohndal og Sortland 1999, 19)

På Huglo er det funne fleire spor etter gamal busetnad. Ved *Kuhelleren* sør på øya har ein grave ut restar etter ei fangstbu frå steinalderen, der ein fann pilspissar, matavfall og kol etter matlaging. Funna er daterte til 2900 før Kristus (Økland 2001, 12). Elles har ein funne gravrestar frå seinare periodar i *Grønhaug*, *Liarehaug* og *Løhaugen* på Nordhuglo, og i *Stoelshaugen*, *Skarvene*, *Nakken*, *Kumlenset* og *Sjelmerhaug* på Sørhuglo (Økland 2001, 10–14). Og stadig dukkar det opp nye funn.

Brukte dei tidlegaste huglarane namnet *Huglo* om øya? Det er umogleg å vite, men *Huglo* er eit svært gammalt namn. Oddvar Nes har tolka endinga *-lo* som eit gamalnorsk suffiks *-l(a)*, laga på same måte som *Bymbil* (> *Bømlø*) og *Smyl* (> *Smøla*) (Nes 1997, 47). Per Hovda tolkar namnet som rota *hugl* med eit gammalt diminutiv-suffiks **-ula* (Hovda 1966, 16).

Den bestemte artikkelen har kome til i seinare tid, og dei eldste skriftformene er i ubestemt form. Den eldste heimelen er *Hugl*, frå den yngre Edda,

skreven på 1200-talet. Seinare vart namnet skriven *Huggul* (1314) og *Hughl* (1327) (Rygh 1910, 84). Det er i alle fall semje om at den første delen av namnet, *hugl*, tyder *haug* og kjem av same rota som har blitt til det tyske ordet *Hügel* og det norrøne ordet *haugr* (Indrebø 1951, 35). Slike usamansette naturnamn i ubestemt form høyrer til det eldste laget av stadnamn i Noreg.

Namn med same rota, *hug(l)*, finst andre stadar i landet òg. Nordaust for Huglo ligg øya *Ånuglo*. Oluf Rygh skriv at Sophus Bugge etterlot ei tolking av namnet som **Andhuglo*, med tydinga *mot Huglo* (Rygh 1910, 180). Ordet *and* tyder *mot*, og det har same tyding i **Andhuglo* som i *andsynes* og *andlet*. Figur 1.3 viser korleis øyane ligg i høve til kvarandre – garden *Ånuglo* ligg på sørsida av øya, slik at ein såg bort på Huglo. Likevel er det ni kilometer mellom øyane, og det finst andre stadar som ligg mykje nærare *Ånuglo*.

I Vik i Sogn finst det eit elvenamn *Hugli*, som skal kome av eit tapt namn **Hugl*, slik at elvenamnet skal ha hatt tydinga «ho frå høgden» (Hovda 1966, 58–59). I Sogndal finst det eit dominerande fjell med namnet *Hugen* eller *Storehugen*. Øystein Frøysadal skriv at ordet *hug* er «ei avlydsform til *haug*», og at *hugl* i Huglo er ei avleiing av dette ordet (Frøysadal 1968, 72).

I Nesna i Nordland finst namnet *Hugla*, brukt om ei øy ved munninga til Ranfjorden, og ein gard på øya. Geografien til Huglo i Sunnhordland og Hugla i Nordland er ganske lik: ei lita øy, ved munninga til ein lang fjord, med eit dominerande fjell i midten. I dag heiter fjellet på Hugla *Hugltinden*, men Oluf Rygh skriv i *Norske Gaardnavne* at fjellet òg heitte *Hugla før* (Rygh 1905, 115–116).

Allereie i den yngre bronsealderen byrja folk å utnytte det rike jordsmonnet på vestsida av øya. I 1882 vart det funne ei grav frå denne perioden (1800–1000 før Kristus) på *Homanneneset*. I grava låg ein godt bevart bronsedolk, som hadde blitt støypt av materiale frå Mellom-Europa. På same neset finst fleire gravrøyser – den eldste av dei vart bygd om lag 1500 år før Kristus. (Økland 2001, 8–9). Det vil seie at gravtalen truleg var på urgermansk.

Funna viser at mektige folk budde på Huglo, noko som stemmer med den skattemessige verdsetjinga av øya i matrikkelen frå 1906: Den samla landskylda (skatten) for Huglo var 76 mark og 94 øre (Finans- og Tolddepartementet 1906, 122–130). Til samanlikning var landskylda for den gamle kongsgarden *Herdla* i Hordaland 24 mark og 10 øre (Finans- og Tolddepartementet 1906, 398). Huglo er framleis produktiv når det gjeld landbruk: I 2009 sto øya for mellom 40 % og 50 % av mjølk- og kjøttproduksjonen i Stord kommune (Stord kommune 2010, 18). Landbruket har òg prega namneinventaret med namn som *Hønsahalla*, *Stutahola* og *Smalhusbrekka*.

Det eldste konkrete sporet etter språket på Huglo har ei særskild historie. I mange år låg det ein stor stein øvst i ein bryggjekant i *Huglavika*, som vart brukt til å sløye fisk på. Bonden Johannes S. Huglen flytte steinen opp til tunet sitt i 1905, og meldte ifrå om funnet til Bergens Museum i 1910 (Olsen 1911, 3). Det viste seg at rissa inn i steinen var runer på urnordisk (sjå figur 1.5). Runene ligg på sida, og dei skal lesast frå høgre til venstre, det vil seie frå botn til topp. På denne tida var det ingen fastsett skriveretning.

Tydinga er usikker, og steinen er broten av på toppen slik at den siste delen av teksten manglar, men Gustav Indrebø tolkar teksten som «Eg gö-

Figur 1.3: *Huglo* og *Ånuglo*



Kartverket.

Målestokk: 1 : 100 000

Figur 1.4: Bronsedolk funnen på *Homanneneset*



Foto: Bergen Museum.

Figur 1.5: Runer frå Nordhuglo

N I Y I D X + F X + N 9 S I I X A X M

den, som gand ikkje bit på, i H...» (Indrebø 1951, 39). Ein *gòde* skal vere ein slags prest, og *gand* skal tyde magi. Etter *H* er steinen avbroten, og Indrebø tolkar dette som byrjinga på ei tidleg form for namnet Huglo. Om dette er sant, hadde Huglo vore det første stadnamnet heimla i Norden (Olsen 1911, 22). Runene er frå om lag 450 etter Kristus, og dei er eitt av om lag 125 eksisterande fragment av språket i Norden frå 200–550 etter Kristus. (Haugen 1976, 113). Steinen er no på utstilling i Dei kulturhistoriske samlingane i Bergen.

Eivind Vågslid har tolka runesteinen annleis. Der Indrebø les ei gamal form for *gòd*, les Vågslid ei gamal form for **Gyðingi*, son eller slektning til ein med (til)namnet **Guðr*. Han viser til at det i mellomalderen fanst uvanleg mange personnamn på Huglo og Skorpo (som ligg attmed) med leddet *gud-*: til dømes *Gudleik*, *Gudbjørn*, og *Gudbrand* (Vågslid 1984, 19–20). Derfor skriv han: «Det kann tyda på at det hev vori ei gamal hovdingssett på Huglo der kvar einskild hovding havd yrkesnemnet *gud*» (Vågslid 1984, 20).

I figur 1.6 ser ein heile Huglo i grove trekk. Kontrasten mellom dei grøne område langs sidene av øya, og det karrige landskapet i midten, er slåande. Legg merke til barlindskogen som strekkjer seg austover frå *Brannvikeneset*. Bildet viser korleis namneinventaret er eit produkt av møtet mellom mennesket og landet. Geologiske og biologiske prosessar lagar vilkåra, men det er menneske som lagar stadane og namna. Vi har ikkje tilgang til dei mentale prosessane som er involverte i namngjeving og namnebruk. For å forstå namneinventaret må ein derfor ha eit teoretisk rammeverk.

Bilete: Dei kulturhistoriske samlingane

Figur 1.6: Flybilde av Huglo



Utskrift fra www.norgebilder.no. Målestokk: 1 : 40 000.
 Frå fotograferingsprosjektet *Vestlandet sørvest* (2007–2008).

Kapittel 2

Teori


Som teoretisk grunnlag for denne oppgåva bruker eg ein modell som heiter *parallell-arkitekturen*. Han er i hovudsak utvikla av Ray Jackendoff frå og med 1980-åra. Særleg bruker eg tekstane *Semantics and Cognition* (1983), *The Architecture of the Language Faculty* (1997) og *Foundations of Language* (2002). Parallell-arkitekturen bruker eg fordi han passar godt til stadnamn-analyse. Ein kan skildre stadnamn på ein måte som høver med resten av leksikonet, samstundes som ein kan oppretthalde ei klar grense mellom stadnamnkunnskap og generell språkkunnskap.

I modellen er fonologi, syntaks og semantikk sjølvstendige komponentar. Kvar komponent har sine egne *minsteiningar*: element som ikkje kan delast opp i mindre delar. Til dømes er fonemet /n/ ei fonologisk minsteining. Den syntaktiske komponenten har minsteiningar som *verb* og *femininum*. Minsteiningane blir sett saman i hierarkiske strukturar etter reglar som er forskjellige for kvar komponent. Til dømes er reglar for fonologisk trykk og lengde fundamentalt annleis enn syntaktiske frasestrukturreglar.

Sidan minsteiningane er ulike, er komponentane isolerte frå kvarandre. Til dømes manglar syntaks-komponenten den semantiske informasjonen som skil ein *katt* frå ein *isbrytar* – syntaktisk sett er dei begge hankjønns-substantiv. På same måte manglar den fonologiske komponenten tilgang til syntaktisk informasjon som skil fleirtalsforma *fjell* frå eintalsforma, som jo òg er *fjell*. Det vil seie at den fonologiske strukturen /fjedl/ er blind for den syntaktiske skilnaden mellom eintal og fleirtal.

Leksikonet i parallell-arkitekturen består av assosiasjonar mellom strukturar i dei ulike komponentane. Den leksikalske eininga *katt* består av assosiasjonane mellom den fonologiske strukturen /kat/, den syntaktiske strukturen *hankjønns-substantiv* og ein semantisk struktur som inneheld kunnskap om kattar. Desse relasjonane kallar Jackendoff for *korrespondansereglar* (*correspondance rules*). I seinare litteratur brukar han termen *interface rule*. Eg kallar dei berre for *korrespondansar*, sidan ordet *regel* kan vere misvisande når ein talar om *ord* i leksikonet. Den einaste måten ein struktur i éin komponent kan få tilgang til strukturar i andre komponentar, er gjennom korrespondansar.

Figur 2.1: Parallell-arkitekturen



Frå Jackendoff (2002, 125).

Andre reglar gjeld berre innanfor éin av komponentane. Frasestrukturreglar som $VP \rightarrow V(NP)$ inneheld utelukkande *syntaktiske* strukturar. Fonotaktiske reglar, som bestemmer kva som er lovleg i inn- og utlyd, inneheld utelukkande *fonologiske* strukturar. Slike reglar kallar ein for *formasjonsreglar* (*formation rules*) i modellen. Dei skildrar korleis komplekse strukturar blir bygde opp i kvar komponent, fri frå påverknad utanfrå.

Modellen står oppsummert i figur 2.1. Her ser ein kvifor teorien har fått namnet *parallell-arkitekturen*. Ordet *parallell* siktar til dei tre loddrette pilene ovanfor kvar komponent. Kvar komponent genererer sine egne strukturar *parallelt* med dei andre.

Kva slags tilhøve har parallell-arkitekturen til andre grammatiske teoriar? Teorien som synest å liggje nærast er *leksikalsk-funksjonell grammatikk* (LFG), slik han blir lagt fram i *Lexical Functional Grammar* (2001) av Mary Dalrymple. Kjernen i LFG er *projeksjon-arkitekturen*, som bind saman strukturar i fonologi, morfologi, syntaks og semantikk.

Det som Jackendoff kallar for *strukturar*, kallar Dalrymple for *projeksjonar*. Og det som Jackendoff kallar for *korrespondansereglar*, kallar Dalrymple for *korrespondansefunksjonar*. Sjølvstøtt er innhaldet i termene litt ulikt, men grunntanken bak dei er den same.

Likskapar finst òg i dei mindre delane av teoriene. Når det gjeld syntaktsen, legg Jackendoff fram ein syntaktisk komponent som er delt i to på ein måte som liknar på LFG (Jackendoff 2002, 149–151). Når det gjeld semantikken, er det fleire LFG-lingvistar som bruker parallell-arkitekturen sin semantiske komponent, *omgrepssemantikk* (*conceptual semantics*), i sine analysar (Dalrymple 2001, 198–199).


Ein stor skilnad mellom teoriene ligg i korleis *leksikonet* er definert. I parallell-arkitekturen omfattar leksikonet heile språket, medan leksikon og syntaks blir heldt frå kvarandre i LFG. I eit samanliknande foredrag Jackendoff heldt på LFG-kongressen i 2010, var det denne skilnaden han trekte fram som den viktigaste (Jackendoff 2010b).

2.1 Stordamålet

Fonologiske strukturar i stordamålet skriv eg med IPA-teikna i tabell 2.1. Det finst nok små skilnader mellom huglamålet og stordamålet, men eg går ut ifrå at dei kan skildrast med same foneminventar. Inventaret byggjer på arbeid gjort av Aarø (1974, 17–23) og Stautland (1976, 8–12). I nokre tilfelle trekkjer eg inn opplysingar frå Christian Vidsteen si bok *Opplysninger om Bygdemaalene i Søndhordland* (1885). Ei kjelde som fell utanfor er Arnfinn Haga si hovudfagsavhandling om dialekten på Stord: *Målet på Storden* (1965). Eg tek ho ikkje med fordi Haga sin fonetiske analyse er basert på Norvegia-lydskrift, som vanskeleg lèt seg overføre til IPA-lydskrift.

Tabell 2.1: Foneminventar for stordamålet

		Konsonantar							
		Labiale		Dentale		Alveolar	Palatal	Velare	Glottal
Plosiv		p	b	t	d			k	g
Affrikat							ç̥	ʝ̥	
Frikativ		f	v	s					h
Nasal			m		n				
Lateral					l				
Trille						r			
Approksimant							j		



Fonologiske reglar

1. Kort /i, e, a, ɔ, u, y, ø/ blir uttalt [ɪ, ɛ, a, o, u, ʏ, œ].
2. /en/ blir uttalt [ɛ̃] etter [t, d, s, l, n, r].
3. /n/ blir uttalt [ɲ] føre /g, k/.
4. /e/ blir uttalt [ə] i trykksvake stavingar.

Avhandlingane til Aarø og Stautland vart skrivne med to års mellomrom, begge ved Universitetet i Bergen og begge med Oddvar Nes som rettleiar. Likevel finst det små skilnader i korleis dei har skildra stordamålet. Den mest påfallande er at Aarø bruker Norvegia-teikn i fonemskildringa, me-

Tabell 2.2: Samanlikning av vokalar og diftongar

Fonem	Stautland	Aarø	Døme
/e/	[e:]	[e:]	<i>let (mask)</i>
	[ɛ]	[ɛ]	<i>lett (adj)</i>
		[ə]	<i>fine (adj)</i>
/a/	[a]	[a]	<i>vatn (neut)</i>
	[ɑ:]	[ɑ:]	<i>far (mask)</i>
	[a-:]	[ã]	<i>far (neut)</i>
/ɔ/	[ɔ:]	[ɔ:]	<i>våt (adj)</i>
	[ɔ̃]	[ɔ]	<i>vått (adj)</i>
		[o]	<i>huso (neut fleirt)</i>
/u/	[uː]	[uː]	<i>pote (mask)</i>
	[ʊ]	[ʊ] og [u]	<i>potte (verb)</i>
/ʉ/	[ʉ:]	[ʉ:]	<i>buse (verb)</i>
	[ʉ̃]	[ʉ]	<i>bussar (mask fleirt)</i>
/y/	[y:]	[y:]	<i>nyt (verb)</i>
	[y]	[y]	<i>nytt (adj)</i>
/ø/	[ø:]	[ø:]	<i>møt (verb)</i>
	[œ]	[œ]	<i>møtt (verb)</i>
/øy/	[œy]	[œi]	<i>høy (neut)</i>
/ei/	[ɛi]	[ɛi]	<i>hei (fem)</i>
/øʉ/	[œʉ]	[əʉ]	<i>haug (mask)</i>

Frå Stautland (1976, 8–12) og Aarø (1974, 17–23)

dan Stautland bruker norsk normalortografi. Dei er einige om kvaliteten til alle fonema utanom diftongen i ordet *haug*. Aarø skriv /au/, [əʉ] medan Stautland skriv /øu/, [œʉ]. Eg har valt å følgje Stautland og skrive /øʉ/. Stautland er aleine om å inkludere /ʃ/ som fonem. Han er òg aleine om å inkludere fonemet /ai/. Det førekjem berre i låneord som *hai (subst mask)*, og det er truleg difor Aarø ikkje tek det med. I namneinventaret frå Huglo førekjem det berre i namnet *Slippekaien*.

Valet av IPA som lydskrift har gjort at nokre av fonema eg bruker, ser annleis ut enn Aarø og Stautland sine. Dei bruker begge fonemet /a/, men fordi alle andre vokalanane har den lange allofonen som fonemteikn, bruker eg /ɑ/ i staden. Der Aarø og Stautland skriv /ã/ og /u/, skriv eg dei tilsvarande IPA-vokalanane /ɔ/ og /ʉ/. Affrikatane skriv eg /ç/ og /j/̥/. Sjølv om begge bruker desse teikna i den fonetiske analysen, bruker Aarø dei ekvivalente Norvegia-teikna som fonem, medan Stautland bruker /kj/ og /dj/.

Både Aarø og Stautland bruker IPA-teikn til *fonetisk* analyse, slik at ein kan samanlikne fonane i avhandlingane på likt grunnlag. Dei største skilnadane ligg i vokalanalysen. Den einaste vokalen som er lik hos begge, er /i/, som har allofonane [i:] og [i]. Resten av vokalanane har dei oppfatta litt ulikt, som ein ser i tabell 2.2.

Nokre av teikna er uvanlege i dag og treng forklaring. Det diakritiske punktet i [ɛ̥] tyder at vokalen er litt høgare enn vanleg. Det er ein alternativ måte å skrive [ɛ̥] på (Pullum 1996, 245). Teiknet [ʉ̥] skal representere same lyden som kursiv *o* i Norvegia (Nes 1982, 22). Det diakritiske teiknet ʰ tyder «sterk labialisering» (Nes 1982, 20). Ei anna tolking av kursiv *o* i Norvegia er IPA-vokalen ʊ (Sandøy 1989, 64). Vokalane ɔ og ʌ har eg erstatta med ʊ og ɪ, i tråd med vedtaket gjort under IPA-kongressen i 1989 (Pullum 1996, 89).

Fonemet /a/ skil seg ut ved at det har to ulike lange allofonar i det gamle stordamålet: ein fremre [a:] og ein bakre [ɑ:]. Skilnaden finst berre blant eldre folk; yngre bruker utelukkande [ɑ:]. Bindestreken i [aː] tyder at vokalen har ein meir bakre kvalitet (Sandøy 1992, 308), og dette gjer òg det diakritiske punktet i [ā]. Linja over vokalen i [ā] skal vise at han er lang.

Når det gjeld konsonantane, er Aarø og Stautland einige om det meste. Aarø skriv [ʃ], [t̪], [d̪], [l̪] og [ŋ̪] som dentale, men hos Stautland er det berre [t̪] som er markert slik. Når det gjeld allofonane av /r/, bruker Aarø den yngre skarre-*r*-en med to allofonar: rullelyden [ʀ] og approksimanten [ʁ]. Stautland bruker den eldre rulle-*r*-en [r], som er «alveolar og lite vibrert» (Stautland 1976, 12). Aarø skriv berre dei aspirerte allofonane av plosivane: [tʰ], [pʰ] og [kʰ].

Stordamålet skil mellom tonelag 1 og 2. Tonelag 1 blir representert med eit eitt-tal i heva skrift, slik at ordet *dalen*, som har tonelag 1, blir notert på denne måten: /¹dɑːlen/. Tonelag 2 blir representert med eit to-tal i heva skrift, slik at ordet *tangen*, som har tonelag 2, blir notert på denne måten: /²tɑ̃njen/.

Tabell 2.3: Bøyingsmønster for substantiv

	sterk		svak	
femininum	<i>eint</i>	<i>fleirt</i>	<i>eint</i>	<i>fleirt</i>
	<i>ubest</i> /skoːl/	/skoːle/	<i>ubest</i> /viːsa/	/viːse/
	<i>best</i> /skoːlɔ/	/skoːlene/	<i>best</i> /viːsɔ/	/viːsene/
maskulinum	<i>eint</i>	<i>fleirt</i>	<i>eint</i>	<i>fleirt</i>
	<i>ubest</i> /bɔːt/	/bɔːtɑ/	<i>ubest</i> /ende/	/endɑ/
	<i>best</i> /bɔːten/	/bɔːtane/	<i>best</i> /enden/	/endane/
neutrum	<i>eint</i>	<i>fleirt</i>	<i>eint</i>	<i>fleirt</i>
	<i>ubest</i> /ɔːr/	/ɔːr/	<i>ubest</i> /øʉga/	/øʉge/
	<i>best</i> /ɔːre/	/ɔːrɔ/	<i>best</i> /øʉgɑ/	/øʉgɔ/

Frå Vidsteen (1885, 44–45, 52–53, 58–60)

Bøyingsmønsteret for substantiv kan delast i tre rekker etter grammatisk kjønn: *maskulinum*, *femininum* og *neutrum*. Kvart kjønn har to undergrupper: *sterk* og *svak*. Svake substantiv er dei med fleire stavingar og trykklett *e*- eller *a*-utlyd – alle andre er sterke. *Skål*, *båt* og *år* tener som døme på sterke substantiv, medan *vise*, *ende* og *auge* tener som døme på svake. Tabell 2.3 viser bøyingsmønsteret, og endingane er markert med raud skrift. Tabellen er teken frå Vidsteen (1885), og han følgjer det same mønsteret som Aarø

(1974, 36) og Stautland (1976, 24–26).

Tabell 2.4: Mønster for samsvarsbøying av adjektiv

	eintal			fleirtal		
	<i>fem</i>	<i>mask</i>	<i>neut</i>	<i>fem</i>	<i>mask</i>	<i>neut</i>
<i>ubest</i>	/stu:re/	/stu:re/	/stu:rt/	/stu:re/	/stu:re/	/stu:re/
<i>best</i>	/stu:ra/	/stu:re/	/stu:ra/	/stu:re/	/stu:re/	/stu:re/

Frå Aarø (1974, 37)

Namneinventaret inneheld mange samansette namn der underleddet er eit samsvarsbøygde adjektiv, til dømes *Gamlastøa* og *Grunne Fluene*. Tabell 2.4 viser mønsteret for samsvarsbøying av adjektiv. Endingane er markert med raud skrift. Sidan namneinventaret inneheld berre nokre få verb, utelèt eg analyse av verbbøying utanom å nemne at stordamålet har *a*-infinitiv.


Syntaks

Når det gjeld den syntaktiske komponenten, er målet å få med alle relevante syntaktiske særtrekk for kvart namn. Med *særtrekk* meiner eg grammatiske kategoriar som *eintal*, *ubestemt* og *neutrum*, som er underlagde syntaktiske kategoriar som *adjektiv* og *substantiv*. Stadnamnet *Myra* er eit substantiv med særtrekka *femininum bestemt eintal*, og eg representerer det med strukturen i (2.1).

$$(2.1) \begin{bmatrix} \text{N} \\ \text{fem} \\ \text{best} \\ \text{eint} \end{bmatrix}$$

Strukturen viser at namnet *Myra* er eit *hokjønnsst substantiv* i *bestemt eintal*. Merk at det fonologiske ordet, /my:rɔ/, ikkje synest i den syntaktiske komponenten; fonologi og syntaks har ikkje kontakt forutan gjennom korrespondansar. Denne måten å kople saman syntaks og fonologi gjer at namneinventaret ikkje treng å innehalde meir enn *eitt* eksemplar av kvar type syntaktisk konstruksjon. Det vil seie at konstruksjonen i (2.1) finst berre *ein* gong i namneinventaret. Når fleire namn har same syntaktiske konstruksjon, til dømes *Myra* og *Vika*, tyder det at *ein* syntaktisk struktur har *to* korresponderande strukturar i fonologi. Dette er illustrert i (2.2).

(2.2) Syntaks Fonologi



Kor mange syntaktiske særtrekk har proprium? Er skilnaden mellom proprium og appellativ relevant i syntaks? Jon Erik Hagen hevdar i artikkelen «Litt om proprium som grammatisk kategori i norsk» (1998) at proprium har syntaktiske eigenskapar som gjer at dei bør bli rekna som eit eige syntaktisk særtrekk. I strukturen for *Myra* i (2.1) ville han ha inkludert eit fjerde særtrekk under dei andre: *proprium*.

Eg meiner døma som han støtter argumentet med, kan forklarast like godt på andre måtar. Nedanfor viser eg tre av døma hans, med alternativ analyse. Det første syntaktiske eigenskapen han viser til, er at proprium ikkje kan opptre med *ubestemt referanse* (Hagen 1998, 116–117). Med dette meiner han at ein ikkje kan denotere eit vilkårleg eksemplar av det som blir nemnt. Han illustrerer med døma i (2.3).

- (2.3) a. *Jeg kunne godt tenke meg å bosette meg på en *Færøy*.
b. Jeg kunne godt tenke meg å bosette meg på en stillehavsøy.

Den syntaktiske skilnaden mellom desse setningane treng ikkje å liggje i propriet, slik Hagen antyder. I staden kan det vere at skilnaden ligg i korleis *Færøyane* og *ei stillehavsøy* er lagra i leksikonet. Namnet *Færøyane* høyrer til substantiva som er lagra som fleirtalsformer; dei finst ikkje som eintalsformer. Andre substantiv med same eigenskapen er til dømes *innvoller*, *opptøyar* og *kontantar*. Den ubestemte artikkelen kan ikkje styre slike substantiv, noko ein ser i (2.4).

- (2.4) a. *Det låg ein kontant på kasinogolvet.
b. Det låg kontantar på kasinogolvet.

Slike substantiv kjenner ein frå andre språk òg, til dømes er engelsk *scissors* og tysk *Ferien* begge substantiv som berre finst som fleirtalsformer.

Ein annan syntaktisk eigenskap som Hagen viser til, er den uregelmessige samsvarsbøyinga som mange proprium får (Hagen 1998, 117). Kva er det som skurrar med setning (2.5a) nedanfor?

- (2.5) a. **De forente stater* er alle sammen folkerike.
b. Delstatene i USA er alle sammen folkerike.

Propriet *De forente stater*, ei fleirtalsform, kan ikkje styre fleirtalsforma *folkerike*, slik ein kunne forvente. Eit døme frå amerikansk engelsk viser at skilnaden mellom setningane ikkje treng å liggje i propriet. Substantivfrasen *The United States* gjekk frå å styre fleirtal til å styre eintal i tida etter den amerikanske borgarkrigen, som varte frå 1861 til 1865 (Foster 1901). *The United States* har heile tida vore eit proprium, men det skjedde noko som endra talstyringa. Stoda i dag er illustrert i (2.6).

- (2.6) a. *The United States* is where I'm from.
b. **The United States* are where I'm from.

Ein tredje eigenskap som Hagen viser til, er at proprium ofte styrer genus på ein uvanleg måte (Hagen 1998, 117–118). Stadnamnet *Skagerrak* er eit døme på dette, som han viser med setningane i (2.7). Namnet *Skagerrak* kan korkje styre hokjønn, hankjønn eller inkjekjønn.

- (2.7) a. * *Skagerrak* er stor.
 b. * *Skagerrak* er stort.

Problemet treng ikkje å vere at *Skagerrak* er eit proprium. Ei anna forklaring er at ordet *ikkje har noko grammatisk kjønn*. Dette er eit fenomen som kan oppstå ved innlån av framandspråklege ord. Hovudleddet *-rak* er eit nederlandsk ord som tyder *eit beint stykke sjø* (Sandnes og Stemshaug, 1997, 278). Substantivet *rak* har ein ikkje brukt i norsk som appellativ: Derfor har det aldri vore eit behov for å tildele det eit genus.

Dei uvanlege syntaktiske fenomena som Hagen viser til, førekjem rett nok svært ofte i lag med proprium, men det treng ikkje å tyde at dei førekjem *på grunn av* proprium. Derfor analyserer eg dei syntaktiske særtrekka til *propria* i namneinventaret på same måte som eg ville ha gjort om dei var appellativ, utan noko særskild særtrekk for *proprium*. I staden skil eg mellom proprium og appellativ i den semantiske komponenten.


Kor mange syntaktiske særtrekk bør ein ta med i stadnamn som *Annbjønns-cholet* eller *Storeholmen*? Er *s*-fuga i *Annbjønnscholet* eit genitivaffiks, som i frasen *Annbjønns hol*? Er *e*-fuga i *Storeholmen* ei adjektivending, som i frasen *den store holmen*? Ulike teoriar legg fram ulike tilhøve mellom syntaks og leksikonet, og val av teori bestemmer om ein kan ha bøyingsformer i samansetjingar eller ikkje.

I artikkelen «Bøyingsformer som ledd i samansetjingar», argumenterer Vigleik Leira for at det *kan* vere bøyingsformer i samansette ord. Han viser til samansetjingar med bøyde verb (*bruktbil*), substantiv (*fedreland*), adjektiv (*tungtvatn*) og talord (*eitt*-tal) (Leira 1994, 72). Eg ser ikkje korleis ein kan forklare slike former utan å bruke syntaktiske særtrekk. Derfor reknar eg med at den syntaktiske komponenten til ein viss grad kan «sjå gjennom» ordgrensa for å bøye underordna ledd.

Dette fenomenet er illustrert med analysen av ordet *tungtvatn* i (2.8). Særtrekka under adjektivet *tungt*, *neutrum*, *ubestemt* og *eintal* samsvarar med dei under substantivet *vatn*. Derfor har adjektivet *tung* fått endinga *-t*, markert med raud skrift.

Men bøyning i samansetjingar er stivna – underleddet følgjer ikkje hovudleddet om det får ei anna form. Til dømes heiter ikkje den bestemte forma av *tungtvatn* **tungevatnet*, som i *det tunge vatnet*. Og om ein skulle tale om ulike typar *tungtvatn*, heiter ikkje det **fleire tungevatn*. Det heiter heller ikkje **bruktebilar* når ein skal tale om fleire bruktbilar. Det er vanskeleg å avgjere kva rolle bøyning kan spele i underledd.

(2.8) Syntaks Fonologi



2.2 Namn og stad

Kva er eit stadnamn? Her skal eg gjere greie for kva eg legg i termene *namn* og *stad*. I definisjonen av *namn* legg eg vekt på *denotasjon* og den semantiske skilnaden mellom *appellativ* og *proprium*. I definisjonen av termen *stad* skal eg trekke inn idéar frå *geografi* og *kartografi*.

Kva slags informasjon inneheld eit stadnamn som *Storavatnet*? Intuitivt kjenner ein at det er *idéar* – namnet vekker tankar om ein type naturformasjon og storleiken på han. Ein kjenner òg intuitivt at det er *røynda* idéane handlar om – eit ekte vatn ute i terrenget. Vi kan peike på vatnet, vi kan finne det på eit kart, vi kan snakke om det og bli forstått. Men kan ein seie at det finst eit *vatn* i røynda utan at ein har tenkt på det først? Har vi tilgang til verda utan at ho blir omskapt av undermedvitne mentale prosessar? Svaret må bli nei.

Namneforskarer Kurt Zilliacus skriv dette om emnet: «Terrängen kan naturligtvis inte som sådan sägas bestå av några 'orter', utan bara av olika material i olika kombinasjonar» (Zilliacus 2002, 138). Med dette meiner han at det er menneske som gir landskapet form og tyding; det fanst ikkje der frå før.

Om vi godtek dette, handlar informasjonen i stadnamn om røynda *slik ho er organisert i hjernen vår*. Framleis må det forklarast kvifor den konstruerte røynda *kjennest* så ekte. Jackendoff argumenterer for at den intuitive kjensla av at ting eksisterer «der ute» er ein mentalt tildelt *eigenskap* på same måte som «firkanta» eller «stor» (Jackendoff 1983, 26). Eit *proprium* er dermed eit språkleg uttrykk for noko som har fått tildelt denne eigenskapen. Dette er *denotasjon* i parallell-arkitekturen.

I ein grei og konsis definisjon av *denotasjon* skriv Tom Schmidt at å *denotere* er «å vera språkleg symbol for eit utanomspråkleg fenomen» (Schmidt 1981, 21). Ordlaget impliserer at det finst *språklege* og *utanomspråklege* fenomen. Eg meiner skilnaden mellom dei er lik han eg skildra ovanfor. Eit *utanomspråkleg fenomen* er noko vi opplever som «der ute» medan eit *språkleg fenomen* er noko som vi berre opplever gjennom språket. Til dømes er

omgrepet *stor* eit språkleg fenomen; vi kan peike på ting som er store, men ikkje på sjølve omgrepet. Ved analogi kan ein lage ein definisjon for konnotasjon: *å konnotere er å vere språkleg symbol på eit språkleg fenomen.*

Fjerning av denotasjon gir ein ryddig måte å skildre overgangen frå proprium til appellativ. Substantivet *geysir* er eit døme på dette. Stadnamnet *Geysir* på Island denoterer den første geysiren som vart kjent for moderne europearar. Utan noko anna ord for dette fenomenet var det nærliggande for folk å bruke stadnamnet til å konnotere den typen geologisk formasjon som staden denoterte. Denotasjonen vart fjerna frå namnet, slik at berre konnotasjonen av det særeigne geologiske fenomenet vart attende. Dei fleste som bruker dette ordet, har nok aldri høyrte om staden *Geysir*; ordet har berre ein konnoterande funksjon for dei.

Men det er meir enn denotasjon som skil appellativ og proprium. Det er til dømes ikkje godt å avgjere kva som skil proprium som *Haugen* frå denoterande appellativ som *haugen* (*der opppe*). Eg hevdar at skilnaden mellom proprium og appellativ er *utelukkande semantisk*. I denne analysen er eit denoterande appellativ (*haugen*) og eit proprium (*Haugen*) begge likeverdige i syntaks og fonologi. Når eit appellativ *haugen* blir allment kjent og rekna som eit namn, har det ikkje skjedd noka *syntaktisk* endring, berre ei *semantisk* endring.

Korleis bør ein karakterisere denne endringa? Kva vil det seie *å heite* noko? Jackendoff meiner at det *å heite* noko er ein mental eigenskap som vi tildele ting rundt oss: «I am inclined to think that having a name is conceptualized as a property of an object – a descriptive feature – not unlike having a size or shape» (Jackendoff 2002, 319). Dette inneber at *proprium* er òg ein semantisk eigenskap, på same måte som eigenskapen «der ute».

Stadar

Kva er ein stad? I daglegtaen bruker vi terrengkategoriserande ord som *vatn*, *myr* og *haug* til å snakke om stadar. Terrengkategoriserande ord som førekjem i stadnamn heiter på fagspråket *grunnord*. Er grunnord dei «utomspråklege fenomena» som stadnamn denoterer? Eg meiner dei ikkje kan vere det.

Eit openlyst problem er namn som manglar grunnord, som til dømes bekknamnet *Slurpemarto*. Ein veit at namnet denoterer ein *bekk*, men kor er det spesifisert? Finst det eit underliggende grunnord som ikkje blir uttalt?

Eg held det for usannsynleg, men det finst eit tilhøve som støttar hypotesen om underliggende grunnord. Mange gamle elve-, øy- og fjordnamn «får oftast genus i analogi med fellesappellativet for gruppa» (Stemshaug 1985, 52). Avleidde elvenamn er vanlegvis hokjønnt etter gamalnorsk *á* (*fem*) og *elfr* (*fem*), som til dømes *Glåma*. Avleidde øynamn er òg vanlegvis hokjønnt etter gamalnorsk *ey* (*fem*), til dømes *Sotra* og *Vega*. Høyrer *Huglo* òg til slike namn? Namnet har fått eit hokjønns bestemtheitsaffiks i seinare tid (sjå side 4). Skjedde dette på grunn av eit underliggende grunnord *ey*? Det er vanskeleg å påvise slike underliggende grunnord. Eg går derfor ut ifrå at underliggende grunnord *ikkje* finst.

Eit anna problem er namn der grunnordet ikkje lenger passar til staden. Denotatum endrar seg over tid, noko som blir særleg tydeleg når det gjeld stølsnamn og andre namn knytt til det gamle arbeidslivet. I dag blir det feil å seie at stadnamn denoterer stølar og torvtakingsmyrar når desse ikkje lenger er i bruk. Stadnamnforskinga har som regel teke eit *historisk* syn på denotasjon, slik at namn denoterer stadar slik dei var då namna vart laga. Kristin Bakken skriv dette eksplitt i avhandlinga *Stedsnavn fra Langlim*: Ho lèt informantane avgjere kva namnet denoterer, og resultatet er eit bilete av terrenget frå før andre verdskrig, komplett med stølar og utmarksslåtter (Bakken 1987, 104–105).

Men for at desse historiske namna skal fungere i dag, må ein påstå at det finst eit usynleg terrengord som namnet denoterer. Dette er problematisk å gjennomføre i praktisk analyse, fordi det er umogleg å vite om ein har valt rett underliggende grunnord. Det er òg problematisk på meir generelt grunnlag: Tanken impliserer at vår forståing av stadar er avgrensa av orda vi kjenner. Det kan verke som Zilliacus har godteke denne tanken. I *Forska i namn* skriv han:

Var medlemmarna av gemenskapen än har rört sig har begreppssystemet bestämt deras uppfattningar om den geografiska verkligheten och avgjort vilka slag av orter der har kunnat iaktta i sin omgivning. (Zilliacus 2002, 246) (Mi utheving)

I dette perspektivet er vår forståing av terrenget forma og avgrensa av kulturen vår. Men det stemmer dårleg med korleis stadnamn førekjem i preposisjonsfrasar.

I preposisjonsfrasar med stadnamn blir det skildra ein romleg relasjon mellom ein stad og eit anna objekt. Om stadar er lik grunnord, vil ein forvente at mønster i preposisjonsbruk retta seg etter dei. Men slik er det ikkje – ein kan lett tenkje på ein og same stad på fleire måtar. Dette viser Gustav Indrebø med sine preposisjonsrekker i artikkelen «Stadnamni i ei fjellbygd» (1921), som eg gir att i figur 2.2. Rekkene illustrerer korleis folk frå Haukedalen i Sunnfjord tildeler preposisjonar til stadnamn med ulike grunnord.

Til dømes tek grunnord som *hall*, *bakke* og *bratte* rekke 1 når tydinga er «i sjølve hallet», rekke 2 når tydinga er «paa toppen av», og rekke 3 når tydinga er «ved foten av». Ord for *høg* tek rekke 1 når tydinga er «millom, ibland», men dei tek rekke 2 når tydinga er «uppaa». Myrnamn kan ta rekke 1 «naar dei tenkjer paa at ho er vaat og blaut» – elles tek dei rekke 2. Ola Stemshaug skriv òg om slike myrnamn i *Namn i Noreg*: Om myra er frosen eller oppdyrka, seier ein *på*, men om myra er blaut eller det veks korn eller gras på, seier ein *i* (Stemshaug 1985, 57). Indrebø bruker frasen «noko avlangt» for å skildre rekke 3; slike abstrakte kriterium verkar å gi ei rettare skildring av korleis preposisjonar fungerer enn grunnord.

Gransking av rekkene viser at det umogleg kan vere grunnord som bestemmer kva preposisjon eit namn tek. Og sjølv om det er uklart akkurat kva desse rekkene seier om korleis vi forstår stadar, er det ganske sikkert at folk har ei forståing av stadar som går djupare enn grunnordet.

For å nansere omgrepet *stad* vil eg sjå til to ulike fagfelt: kartografi og geografi. Kartografar formidlar stadar til kartlesarar ved hjelp av fargar og møns-

Figur 2.2: Preposisjonsrekker for haukedalsmålet

1. *i (akk) – i (dat) – or (dat)*
 - (a) ved grunnord som tyder «dal eller dalsøkk, kluft»
 - (b) ved ord for «trong passasje, strype, klemstre»
 - (c) ved ord som tyder «hole, hol»
 - (d) ved ord for «hall, bakke, bratte», naar tydingi er «i sjølve hallet», ikkje «ved foten av» eller «paa toppen av»
 - (e) ved ord for «krok, kraa, innbøygjing»
 - (f) ved ord for «skogvokster» og for lysningar i skog
 - (g) stundom ved «myr», spesielt naar dei tenkjer paa at ho er vaat og blaut, eller naar ho ligg laagt
 - (h) ved ord for «ujamt lende, ulende»
 - (i) ved fleirtal av ord som: stein, tuve, holm o. fl. og ord for «høgð», «rygg», naar tydingi er «millom, ibland»
2. *på (akk) – på (dat) – tå (dat)*
 - (a) ved grunnord som (i regelen) inneheld umgripet «flat slette» og ved ord for smaa flater, endeleg ved ord for «avsats», mindre bratt hall i brattare umkverve
 - (b) ved ord for «høgð» naar tydingi er «paa, uppaa, paa toppen av» likeins ved ord for «stup» i tydinga «uppaa»
 - (c) ved ord for «rygg (naar» tydingi er «uppaa»)[,] «kamb»
 - (d) ved ord for «hall, bakke, bratte» naar tydingi er «paa toppen av»
 - (e) ved ord for «vatsbreidd, elvebreidd»
 - (f) ved ord for «nes, odde, nos»
3. *åt (dat) – med (akk) – frå (dat)*
 - (a) ved ord for vatn og vatslaup i tydingi «med kanten med breiddi av»
 - (b) ved ord for «rygg», for «dalsøkk, gil, kluft», for «veg» og i det heile noko avlangt, når tydingi er «ved sida av»
4. *til – på – tå*
 - (a) ved gamle namn i ubundi form
5. *under (akk) – under (dat) – undan (dat)*
 - (a) ved ord for «stup», «stupa», «rygg, egg», «bakke, bratte», naar tydingi er «ved foten av»

Frå Indrebø (1921, 187–190)

ter på papir. Geografar studerer tilhøvet mellom menneske og stadar *over tid*. Deira stadomgrep kan vere med på å bygge ut det namnefaglege stadomgrepet.

Dette meiner eg er rimeleg sidan stadomgrepa frå desse felte må vere overførbare, for at vi skal kunne snakke om terreng etter å ha sett på eit kart, og for at vi skal kunne snakke om korleis vi navigerer. Om dette skriv Jackendoff følgende:

There must be levels of mental representation at which information conveyed by language is compatible with information from other peripheral systems such as vision, nonverbal audition, smell, kinesthesia, and so forth. If there were no such levels, it would be impossible to use language to report sensory input. We couldn't talk about what we see and hear. Likewise, there must be a level at which linguistic information is compatible with information eventually conveyed to the motor system, in order to account for our ability to carry out orders and instructions. (Jackendoff 1983, 16)

Basert på denne tanken påstår Jackendoff at det finst *eitt* nivå der informasjon kan flyte fritt mellom ulike hjernekapasitetar. Hypotesen kallar han for *omgrepsstruktur-hypotesen* (*Conceptual Structure Hypothesis*):

There is a *single* level of mental representation, *conceptual structure*, at which linguistic, sensory, and motor information are compatible. (Jackendoff 1983, 17).

Eg har vald å bruke denne hypotesen som utgangspunkt for stad-analysen, slik at ein *stad* ikkje treng å vere ei reindyrka lingvistisk eining, men eit *omgrep* som òg kjem til uttrykk gjennom kartografi og geografi.

Kartografi

Kart viser tredimensjonalt terreng i to dimensjonar, noko som inneber ei forenkling av stadomgrepet. Praksisen i kartografi er å operere med *punkt*, *linjer* og *område*. Dei har vore implisitt godkjende blant kartografar i lang tid. Til dømes blir elver, vegar og dalar klassifiserte som linjer. Byar, bygningar og fjelltoppar blir klassifiserte som punkt. Statar og skogar blir klassifiserte som område. Fram til 2014 var det kartografiske stadomgrepet reflektert i paragraf 2 av Stadnamnlova, der *stadnamn* var definert slik: «namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast».²

I ein artikkel om kartografisk typografi skriv den sveitsiske kartografen Eduard Imhof at punkt, linjer og område bør ha kvar sin typografisk framstillingsmåte på kart (Imhof 1962). Typografien skal hjelpe kartlesarar å forstå kva slags stad dei ser på. I ein artikkel om same emnet skriv Vidar Haslum dette: «Navneskriften skal [...] tjene til å bygge opp rundt kartforståelsen. Derfor er det viktig å framstille så tydelig som mulig sambandet mellom navn og referanse» (Haslum 1998b, 83). *Referanse* hos Haslum tyder det same som *denotatum* i denne oppgåva.

Måten namn blir skrivne på kartet, har noko å seie for korleis vi tolkar stadane dei denoterer. Til dømes blir tilhøvet mellom namn og objekt lettast

² Den nye definisjonen lyder: «namn på terrengformasjonar som fjell og vatn, kulturformasjonar som gardsområde, gardsbruk, vegar og bruer, administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser» (Stadnamnlova, § 2, 1990).

å forstå for *punkt* når namnet er skrive horisontalt, anten på eller rett ved symbolet for sjølve objektet. Figur 2.3 viser nokre variantar av dette.


Figur 2.3: Namn på punkt



Sett saman av teikningar av Eduard Imhof (Imhof 1962, 96)

Når målestokken er stor, kan skilnaden mellom område og punkt bli utydeleg. Veveriet (*Spinnerei* på tysk) ovanfor til venstre viser dette – på eit kart vil ein helst tenkje på det som eit punkt, men detaljane gjer at det ser ut som eit lite område. Den same uklarleiken gjeld òg *grupper* eller *samlingar* i mindre målestokk, som i den midterste teikninga av den sveitsiske småbyen *Opfikon*. Husklynga viser at byen består av mange små stadar. I veldig liten målestokk, som i figuren lengst til høgre, ser vi den prototypiske framstillinga av punkt på kart. Teikninga viser framleis *Opfikon*, men alle detaljane frå den midterste teikninga er viska ut.

Figur 2.4: Namn på linjer og område



(a) Linje: *Mississippi*-elva i USA.
(Imhof 1962, 107)

(b) Fjellområdet *Glärnisch* i Sveits.
(Imhof 1962, 97)

Linjeaktige objekt på kart er lettast å forstå når teksten følgjer linja sine kurver. Dette er illustrert i figur 2.4. Namnet *Mississippi* følgjer elva sine kurver, og det er tydeleg kva namnet denoterer. Område på kart er lettast å forstå når namnet dekkjer mest mogleg areal. Ein bøyg i teksten gjer at han tek meir plass, som ein ser på stadnamnet *Glärnisch* i figur 2.4b.

Når ein kartograf set feil type tekst til eit objekt, kan kartlesaren misforstå kva type stad namnet denoterer. I figur 2.5 viser Imhof bra og dårleg merking av fjelltoppen *Finsteraarhorn*. I teikninga til venstre er det ikkje like godt å forstå kva namnet denoterer, men i henne til høgre kan det ikkje

vere noko tvil. For at kartlesarar skal forstå terrenget som er representert, må namna rette seg inn etter dei romlege eigenskapane til denotatumet.

Det er uklart i kva grad desse retningslinjene er reine konvensjonar, og i kva grad dei reflekterer medfødd forståing av stadar. Imhof sin artikkel er trass alt *normerande*; han legg føringar for korleis ein *bør* setje tekst på kart. Han gir retningslinjer, ikkje ei medviten skildring av korleis vi forstå stadar på kart. Likevel ligg det noko i tanken om at stadar lèt seg dele opp i punkt, linjer, og område. Geografien kan nysansere desse kategoriane ved å tilføre *tidsdimensjonen*.

Geografi


Den såkalla tidsgeografien, utvikla av Torsten Hägerstrand og andre, følger korleis menneske beveger seg i terrenget over tid. Tabell 2.6 viser eit tidsgeografisk perspektiv på korleis arbeidsdagen til fire tenestemenn spelar seg ut over tid innanfor eit geografisk område.

Bevegelse er plotta som ei linje som følgjer kvar tenestemann. Tida skal ein lese oppover på den loddrette aksene, og rommet er representert av begge dei vassrette aksane. Dei loddrette linjene viser at mennesket er på same stad over ein lengre periode. Dei diagonale linjene viser bevegelse over tid. Bratte linjer viser treig bevegelse, medan flatare linjer viser rask bevegelse. Punkta på toppen og botnen av terningen svarar til ulike stadar der tenestemennene hadde ulike oppgåver. Ringane rundt buntane viser *møte* mellom menneske. Innhaldet i terninga gir eit visuelt intrykk av korleis vi *bruker* ulike stadar.

Korleis har huglarar brukt øya si? Korleis hadde figur 2.6 sett ut om han viste arbeidsdagar på Huglo i det gamle bondesamfunnet? Ein kan tenkje seg linjer som går over heile øya og sjøen ikring. Arbeidsoppgåvene knytt til stølsdrift, åkerdyrking, fiske og så vidare kravde at folk bevegde seg mykje rundt. Ein kan òg tenkje seg at bevegelsesmønsteret endra seg mykje med årstidene. Dei ulike onnene, til dømes våronna, slåttonna og plogonna, hadde kvar sine tilhøyrande bevegelsesmønster.


Frå eit tidsgeografisk perspektiv kan vi tenkje på *stadar* som buntar der folk

Figur 2.5: Bra og dårleg oppsett



Frå Imhof (1962, 104)

Figur 2.6: Arbeidsdagen til fire tenestemenn



Frå Törnqvist (1982, 111)

arbeidde eller kvilte saman. Frå dette perspektivet er det helst ikkje terrenget *i seg sjølv* som får namn, men terrenget *slik det er brukt av menneske* – anten det er som arbeidsplass, kvileplass, framkomstveg eller landmerke. Dermed er *stadar* uløyselig knytte til livet og arbeidsrytmen til folka som bruker dei. Når ein utanforståande ser ut i terrenget, er det umogleg å vite kva som har fått namn. Ein må kjenne livet til dei som bruker stadane.

Geografiske kategoriar for *stadar* har ein laga for bruk i byplanlegging. Byplanlegging kan ein sjå på som ein slags normerande geografi, der målet er å lage byar som er gode å leve i og lette å navigere gjennom. I boka *The Image of the City* (1960) av byplanleggaren Kevin Lynch, blir fem stad-kategoriar lagde fram, basert på intervju med innbyggjarar i Boston, Jersey City og Los Angeles. Intervjua likna mest på ei stadnamninnsamling, berre utan namn: Informantane teikna kart over byane, dei fortalte historier knytt til stadane, dei vart spurde om vegen til ulike stadar, og dei kommenterte dei viktigaste stadane dei brukte når dei navigerte. Likskapar som gjekk på tvers av inter-

vjua generaliserte Lynch i fem abstrakte element: STI, KANT, KNUTEPUNKT, LANDMERKE og DISTRIKT (Lynch 1960, 47).

STIAR er «kanalane» ein følger for å kome fram, til dømes vegar, fortau og jernbanelinjer. I eit urbant område er dette elementet dominerande. Ein STI blir forstått som noko som fører *til* noko: «Observers seem to endow a path with a sense of pointing or irreversible direction, and to identify a street with the direction toward which it goes. A street is perceived, in fact, as a thing which goes toward something» (Lynch 1960, 96–97). Til dømes kan ein tenkje på *Sagdalen* på Huglo som ein STI ned til *Saga*.

KANTAR er lineære storleikar som ein *ikkje* ferdast på, til dømes elver og murar. Dei er grenser som kan vere gjennomtrenglege (til dømes ein bekk som ein kan vade over) eller ugjennomtrenglege (til dømes ein mur mellom fiendtlege naboland). STIAR kan òg tene som KANTAR, slik som *Uelandsgate* i Oslo er grensa mellom austkanten og vestkanten. Likskapen mellom *kantar* og *stiar* gjer at dei begge vil bli karakteriserte som linjer på eit kart. Skilnaden mellom dei ligg i korleis dei blir brukt. Ein STI blir brukt til å *ferdast på* medan ein KANT blir brukt til å orientere seg *i høve til*. *Langenuen* mellom Huglo og Stord er eit døme på ein KANT.

KNUTEPUNKT er punkt i landskapet der folk samlast, gjerne skjerepunkt mellom STIAR eller kjernar i DISTRIKT. Dei skil seg ut som plassar der ein tek kvardagslege avgjerder: «Because decisions must be made at junctions, people heighten their attention at such places and perceive nearby elements with more than normal clarity» (Lynch 1960, 72–73). KNUTEPUNKT er gjerne stadar der folk møtest, eit stoppepunkt, ein plass der ting skjer. Dei kan til dømes vere kjøpesenter eller trafikkerte vegkryss. Buntane i figur 2.6 gir ei visuell framstilling av KNUTEPUNKT. Ein kan tenkje på *Stampa* og *Bleikeplassen* på Huglo som KNUTEPUNKT knytt til klesvask.

LANDMERKE er punkt i landskapet ein *ikkje* ferdast på, men som blir brukt til å orientere seg *i høve til*. Menneske går *ikkje inn* i dei, som i knutepunkt. Landmerke kan vere fjerne (som eit dominerande fjell) eller nære (som eit vegskilt). Dei treng *ikkje* eingong vere jordfaste: Sola fungerer godt som LANDMERKE. Det er *ikkje* nødvendigvis storleik eller synlegheit som gjer at plassar blir til LANDMERKE – små, men kulturelt viktige, stadar blir gjerne skilde ut som LANDMERKE: «Once a history, a sign, or a meaning attaches to an object, its value as a landmark rises» (Lynch 1960, 81). Til dømes kan eit alminneleg hus bli til eit LANDMERKE om ein kjent person har budd der. Og ein elles anonym steinformasjon *Gullrumpa* på Huglo har blitt eit LANDMERKE på grunn av ein gamal tradisjon der innbyggjarane gjekk dit for å koke årets første egg.

Både LANDMERKE og KNUTEPUNKT blir skrivne som punkt på kart, og den semantiske skilnaden mellom dei er den same som mellom STIAR og KANTAR – ein reiser *gjennom* KNUTEPUNKT medan ein orienterer seg *i høve til* LANDMERKE.

DISTRIKT er utstrekke område som folk går inn og ut av. Dei kan kjennast att både innanfrå og utanfrå. Ein bydel eller ein gard kan vere DISTRIKT. Lynch skriv at namn kan spele ei rolle i korleis folk forstår DISTRIKT: «District names also help to give identity to districts even when [they do] not establish

a striking contrast with other parts of the city» (Lynch 1960, 68–69). I det heile teke spelar stadnamn ei viktig rolle i Lynch sin teori:

Non-physical characteristics [...] may enhance the imageability of an element. Names, for example, are important in crystallizing identity. They occasionally give locational clues (North Station). Naming systems (as in the alphabetizing of a street series), will also facilitate the structuring of elements. (Lynch 1960, 108)

På Huglo er namnegrupper bygd på gardsnamn eit slikt fenomen. Stadamn som *Rossbøneset*, *Rossbøkverna* og *Rossbøvika* og så vidare bidreg til tanken om garden *Rossbø* som ein samanhengande *stad*.

I det norske bygdelandskapet får elementa STI, KANT, KNUTEPUNKT, LANDMERKE og DISTRIKT ein annan utsjånad. Der Lynch bruker jernbanar og skyskraparar som døme, kan vi setje inn fjordar og kyrkjetårn. Dei norske grunnorda har kvar sin typiske funksjon innanfor element-terminologien. STIAR vil gjerne vere vegar, kleiver, turstiar og skipsleier. KANTAR vil vere egger, fjordar, bekkar og grøver. LANDMERKE vil vere steinar, tjørner, holmar og fjell. KNUTEPUNKT vil vere gardstun, stølar og fiskeplassar. DISTRIKT vil vere gardar, grender og skulekretsar. By- og bygdefolk navigerer på same måte, men landskapa er ulike.

Stadar i landskapet kan ha ulike funksjonar og derfor passe inn i fleire element. Ein STI kan vere ein ugjennomtrengeleg KANT, som ein trafikkert bilveg er for fotgjengarar. Ein STI kan òg vere eit slags DISTRIKT eller avlangt KNUTEPUNKT, som *Karl Johans gate* i Oslo. På avstand kan ein STI òg vere eit LANDMERKE, som dei kjente svingane opp *Stalheimskleiva* i Voss kommune.


Tilhøvet mellom terreng og element vil variere mellom situasjonar, og stadar kan få ein endra funksjon over tid. Dei fleste stølar har gått frå å vere viktige KNUTEPUNKT for gardsbrukarar til å vere LANDMERKE for turgåarar. Fjordane har gått over frå å vere STIAR for båttrafikken til å vere KANTAR for biltrafikken. Talarar kan invitere høyrarar til å tenkje på ein stad på ulike måtar, som i preposisjonsrekkene til Indrebø (sjå figur 2.2). Denne fleksibiliteten er nødvendig for at systemet skal kunne vekse og utvikle seg.

Eit døme frå Vidar Haslum i figur 2.7 viser korleis skilnaden mellom LANDMERKE og KNUTEPUNKT kan sjå ut i Noreg. I 1998 foreslo Haslum at Kartverket burde byrje å merke bustadnamn med ein særskild skrifttype (Haslum 1998a). Bakgrunnen var at Kartverket brukte tre typar tekst for stadnamn på kart. Konvekse landformer som fjelltoppar fekk loddrett grotesk skrift, våte objekt som myrar fekk blåfarga skrift, og alle andre objekttypane fekk same skrifttype: kursiv antikva. Forslaget til Haslum gjekk ut på at Kartverket burde skilje ut gamle bustadnamn med ein ny skrifttype: versal kursiv antikva.

Bustadar er ein objekttype med særleg tyding for dei fleste kartbrukarar. Ein kan klassifisere dei som KNUTEPUNKT; dei er stadar der folk samlast. Naturnamn kan ein klassifisere som LANDMERKE, og kart som skil mellom dei, er nyttigare for lesarar. Mange bustadnamn er identiske med naturnamn i området, og ein særskild skrifttype vil få fram skilnaden.

I figur 2.7a står kartet *utan* særskild skrift for bustadnamn. Det er ikkje en-

Figur 2.7: Bustadnamn på kart



Frå Haslum (1998a, 27)

kelt å sjå at det bur folk på *Listølen*, *Lia*, *Risdalen* og *Langholmen* sidan dei er omringa av naturnamn med samme grunnorda. Særleg vanskeleg er det med *Vik* og *Vikedalen*, der bustadnamnet står rett attmed eit *identisk* naturnamn. Kartet blir lettare å forstå når bustadnamna er skilde ut i figur 2.7b.

Korleis passar stad-typene frå *The Image of the City* inn i namneinventaret? *Omgrepstruktur-hypotesen* opnar for språkvitskapleg analyse med kategoriar frå andre disiplinær, og eg har valt å tolka Lynch sine byelement som semantiske kjernar i namnetydingar. Det vil seie at dei er semantiske minsteiningar på same måte som *substantiv* er ei syntaktisk minsteining. På denne måten får ein fram dei kartografiske aspekta ved stadar (punkt, linjer og område), i tillegg til det mest grunnleggande om korleis dei blir brukt av folk.

Denne måten å kategorisere stadar på kan kritiserast. Kurt Zilliacus unngår abstrakte stad-kategoriar av prinsipielle grunnar, og hevdar at dei er unyttige:

Om vi i stället i strid med namnförrådets struktur försöker tillämpa t ex geografers eller vårt eget begreppssystem vid indelningen har vi all anledning att vänta oss svårigheter i form av konflikter mellan systemet och namnens verklighet. Namn med samma huvudleder kommer att spridas på skilda klaser, medan orter av 'samma art' visar sig ha namn av olika ledtyper. En sådan indelning blir lätt mera upplysande om sin upphovsmans synsätt än i fråga om själva namnförrådets struktur. (Zilliacus, upublisert manuskript, 1975, 172)

Dette er ein rettferdig kritikk av modellen i denne oppgåva. Men han er basert på eit anna utgangspunkt enn det eg tek. Zilliacus går ut ifrå at «namnens verklighet» er *avhengig av* språket. Eg går ut ifrå at stadar eksisterer *uavhengig av* språket, slik at kartografi og geografi er like gode kjelder som språk når ein skal finne ut kva ein *stad* er.

Tabell 2.5: Hovudinndeling av namn

	I. ENLEDADE	II. TVÅLEDADE		/=huvudled	III. TRELEDADE
HUVUDLEDEN anger		II. ¹ förleden =	II. ² efterleden =	II. ¹² båda =	
A. NAMN		<i>Lassos på Holmen</i>	<i>Västre Långholm</i>	<i>Maxlax viken</i>	
B. ALLMÄN ART	<i>Grundet</i>	<i>Grundet i fjärden</i>	<i>Björkgrundet</i>	» »	<i>Hamnholms norra udden</i>
C. SPEC. OMST.	<i>Galten, Stölpan</i>		<i>Västerholms seglet</i>		
s. med suffix	<i>Gölpingen?</i>	<i>Västerholms seglet</i>			

Frå Zilliacus (1966, 86–87)

2.3 Namnesemantikk

No som dei grunnleggande omgrepa *stad* og *namn* er definerte, kan ein gå vidare til semantiske relasjonar dei imellom. Kurt Zilliacus er kjent som stadnamnforskaren som retta blikket mot slike relasjonar, og den syntaktisk-semantiske inndelingsmodellen hans frå *Ortnamnen i Houtskär* (1966) er mykje brukt. Eg legg fram ei skisse av modellen for så å samanlikne han med *omgrepssemantikken*, som eg bruker i analysen min.

Modellen til Zilliacus består av ei hovudinndeling og ei underinndeling. Tabell 2.5 viser hovudinndelinga. Der blir namna sett i kategoriar ut ifrå tal på *namneledd*. Eit namneledd er eit ord som seier noko om staden, eller «en i ett namn ingående språklig beteckning som vid namngivningen har uttryckt en särskild för namnbäraren utmärkande omständighet» (Zilliacus 2002, 187).


Namnet *Djupavika* har to namneledd, *djup* og *vik*. Namnet *Preikestolen*, brukt om ein stein med form som ein preikestol, har *eitt* namneledd, ikkje to. Ordet *preike* og ordet *stol* aleine har ingenting med staden å gjere; det er berre i det samansette ordet *preikestol* at dei har det. På same måte inneheld *Ålatjørnsdalen* to namneledd, ikkje tre. *Ålatjørn* utgjør *eitt* namneledd i tydinga *dalen til Ålatjørna*.

I modellen finst det kategoriar for namn med eitt, to og tre namnesemantiske ledd. Så blir namna delt inn etter kor den syntaktiske kjernen ligg, og kva relasjon kjernen har til sjølve staden. Kategori A dekkjer kjernar som sjølv er stadnamn, slike som *Rinda* i *Søra Rinda*. Kategori B dekkjer kjernar som kategoriserer staden, som til dømes *nes* i *Tveitneset*. Kategori C er ein restekategori som dekkjer alle andre relasjonar, som til dømes det samanliknande namnet *Preikestolen*.

Kategoriane er retta mot eit nordisk namneinventar som hovudsakleg består av samansetjingar. Figur 2.8 viser korleis namneinventaretet i *Ortnamnen i Houtskär* fordeler seg ut over dei ulike kategoriane i hovudinndelinga. Høgda på kvar grein av diagrammet viser den relative mengda stadnamn i kvar kategori, slik at ein kan følgje inndelingsprosessen frå venstre til høgre. Den samla mengda er 6262 namn.

Samansette namn med grunnord som kjerne (kategori II² B) dominerer namneinventaret med 4665 av 6262 namn totalt. Denne kategorien omfattar namn som *Fureholmen* og *Gamlasmalhuset*. Ein del namn består av eitt

Figur 2.8: Fordeling av stadnamn i hovudkategoriane



Sett saman av tal frå tabellen frå Zilliacus (1966, 267)

ledd som viser til spesielle omstende ved staden (kategori I C), som til dømes *Preikestolen*. Ein del namn består av eit grunnord som står aleine (kategori I B), som til dømes *Elva*. Ein del namn består av to namneledd der kjernen er eit stadnamn sjølv (kategori I² A), som til dømes *Rinda* i *Søra Rinda*. Dei andre kategoriane utgjør til saman berre ein liten brøkdel av namneinventaret.

Når det gjeld restekategorien C, er det ofte uklart kva slags relasjon som finst mellom namneledd. Det er umogleg å seie på førehand kva tydinga i ei samansetjing vil bli. Sjølve orda gir ikkje heile biletet. Til dømes er det i namnet *Flaskevika* umogleg å sjå relasjonen mellom *flaske* og *vik*. Har vika form som ei flaske? Står vika ved ein annan stad som heiter *Flaska*? Var vika ein drikkeplass for ungdomen? Tydinga er bygd på kunnskap om staden, men denne delen av namnetydinga er usynleg i syntaks og fonologi.

Zilliacus karakteriserer slike usynlege relasjonar mellom namneledd i underinndelingane si. Den består av 16 semantiske kategoriar som definerer relasjonar mellom to namneledd. Relasjonane blir karakteriserte med korte frasar som har plass til to namneledd i seg. Kategoriane er illustrert nedanfor. Dei norske termene og dei tilhøyrande frasane er tekne frå Akselberg (1979, 86–87), som er basert på Zilliacus (1966, 78–79).

I. EKSTERNE RELASJONAR

- | | |
|---|--|
| 1. <i>Partitivt lægje</i> (<i>x</i> som er del av <i>y</i>) | 3. <i>Relativt lægje</i> (<i>x</i> som ligg <i>y</i> -om) |
| 2. <i>Limitivt lægje</i> (<i>x</i> som ligg ved <i>y</i>) | 4. <i>Retning</i> (<i>x</i> som fører til/frå <i>y</i>) |
| | 5. <i>Possessivitet</i> (<i>x</i> som høyrer til <i>y</i>) |
| | 6. <i>Opphav</i> (<i>x</i> som <i>y</i> gjorde, fann) |

- | | |
|---|---|
| 7. <i>Friare samband</i> | 12. <i>Annan eigenskap</i> (<i>x</i> som er <i>y</i> med tanke på <i>z</i>) |
| 8. <i>Hending</i> | 13. <i>Material</i> (<i>x</i> som er av <i>y</i>) |
| II. INTERNE RELASJONAR | 14. <i>Det som finst</i> (<i>x</i> som det finst <i>y</i> på/ <i>i</i>) |
| 9. <i>Storleik</i> (<i>x</i> som er <i>y</i> til storleik) | 15. <i>Det som skjer</i> |
| 10. <i>Form</i> (<i>x</i> som er <i>y</i> til forma) | III. BRUKS-RELASJONAR |
| 11. <i>Farge</i> (<i>x</i> som er <i>y</i> til fargen) | |

Denne måten å skildre tyding på er i prinsipp lik *funksjon-argument-strukturar*. Ein semantisk *funksjon* definerer ein relasjon mellom to *argument*. Termen *funksjon* her er noko anna enn termen *funksjon* i tydinga «korleis folk bruker staden, kva folk gjorde der» å gjere.

Som *funksjonar* bruker Zilliacus ufullstendige frasar som til dømes «*x* som er *y* til storleik». Ein kan setje inn namneledd som argument for å få ei fullstendig tyding. Til dømes kan tydinga til *Litlamyra* bli representert med frasen «*myra* som er *liten* til storleik». I omgrepsemantikken blir funksjonar og argument skrivne med kapitel. Argumenta blir skrivne i parentes med komma imellom dei, og det heile blir omringa av hakeparentes. Dette er illustrert i (2.9).

(2.9) [FUNKSJON (ARGUMENT X, ARGUMENT Y)]

Ulike språkforskarar har laga lister over funksjonar som definerer relasjonar mellom ledd i samansetjingar. I ph.d.-avhandlinga «The Semantics of Norwegian Noun-Noun Compounds», legg Eli Anne Eiesland fram ei oversikt over ulike lister folk har laga (Eisland 2016, 24–42). Fleire av dei er avgrensa til samansetjing. I parallell-arkitekturen er funksjonane som definerer relasjonar mellom ledd i samansetjingar *dei same* funksjonane som definerer relasjonar mellom element i frasar og tyding generelt. Det verkar som Eisland sjølv òg har dette synet (Eisland 2016, 51–52).

I artikkelen «The Ecology of Noun-Noun Compounds», trykt opp att i *Meaning and the Lexicon* (2010a), legg Jackendoff fram ulike funksjonar som skildrar semantiske relasjonar mellom syntaktiske ledd. Mønsteret frå artikkelen er grunnlaget for mine analysar av namnetydingar.

ER (*X*, *Y*) skildrar relasjonar der *X* er ein instans av kategorien *Y*. I namneinventaret finst relasjonen mellom stadar og grunnord; funksjonen fortel at staden høyrer til ein terrengkategori. Alle namn med eit grunnord, som til dømes *Terneholmen* og *Myra*, har denne funksjonen i tydinga si. Han svarar til kategorien ALLMÄN ART i hovudinndelinga til Zilliacus (sjå tabell 2.5).

DEL (*X*, *Y*) skildrar relasjonar der *X* er ein del av *Y*. I namneinventaret finst denne relasjonen mellom mange primær- og sekundærnamn, som til dømes øynamnet *Huglo* og gardsnamnet *Sørhuglo*, som ligg på den søre delen av øya. Funksjonen svarar til kategorien *partitivt lægje* i underinndelinga til Zilliacus.

LIKNA (*X*, *Y*) skildrar relasjonar der *X* liknar på *Y*. I namneinventaret finst denne relasjonen til dømes mellom namnet *Preikestolen* og staden det de-

noterer. Funksjonen svarar ikkje direkte til ein kategori hos Zilliacus; modellen hans skildrar samanlikningsnamn gjennom kategorisering av namneledda som blir sett inn som argument.

EIGENSKAP (X) skildrar relasjonar der noko har eigenskapen x. I namneinventaret finst denne relasjonen i namn som *Svartups* og *Grunne Fluene*, der underleddet fortel om ein eigenskap til hovudleddet. Funksjonen svarar til kategoriane *storleik*, *form*, *farge* og *annan eigenskap* hos Zilliacus.

MATERIAL (X) skildrar relasjonar der noko er laga av x. I namneinventaret finst denne relasjonen til dømes i namnet *Leirvika*, som denoterer ei vik med leirbotn. Funksjonen svarar til kategorien *material* i underinndeling til Zilliacus.

Omgrepssemantikk i praksis


Korleis kan ein skildre namnetydingar med funksjonar som dei eg la fram ovanfor? Målet er å få den semantiske kjernen, staden, til å passe saman med dei relevante semantiske funksjonane og argumenta. For å gjere dette, set eg inn funksjonane som *modifikatorar* til kjernen. Ein modifikator er noko som utfyller tydinga til kjernen. Dei blir skrivne etter kjernen med eit semikolon framfor seg, slik det er illustrert i (2.10).

(2.10) [KJERNE; [MODIFIKATOR]]

For å binde saman kjerne og modifikator må ein setje inn sjølve kjernen som eit argument. For å vise at denotatomet til *Preikestolen* er eit LANDMERKE liknar på ein *preikestol*, må ein setje det inn som eit argument av LIKNAR (X, Y). Ein måte å gjere det på er som i (2.11).

(2.11) [LANDMERKE; [LIKNAR (LANDMERKE, PREIKESTOL)]]

Men her kjem ikkje det klart fram at LANDMERKET som er kjernen, er den same som er argumentet til LIKNAR. Det må kome fram at kjernen blir *kopiert* og *sett inn* som argument, slik det er illustrert i (2.12). Pila går frå det kopierte LANDMERKET til plassen det blir sett inn. På denne måten er det tydeleg at det er eitt og same LANDMERKET som er kjerne og argument.

(2.12) [LANDMERKE; [LIKNAR ( , PREIKESTOL)]]

Dette får fram tydinga, men skrivemåten er upraktisk. Ein greiare måte å skildre same tydinga er med greske bokstavar. Ein gresk bokstav blir skriven i heva skrift ved det som skal kopierast, og så blir den same bokstaven skriven i vanleg storleik der det blir sett inn. Dette er illustrert i (2.13).

(2.13) [LANDMERKE^α; [LIKNAR (α, PREIKESTOL)]]


Den vetle bokstaven α fortel at LANDMERKET blir kopierte, og den store bokstaven α fortel at LANDMERKET blir sett inn der.

Korleis skal ein tydingar som famnar om fleire funksjonar representert? Korleis kan ein til dømes skildre tydinga til *Hundsryggen*? Namnet tyder *ein stad som LIKNAR på ein rygg som er ein DEL av ein hund*. Det finst altså to funksjonar som er nødvendige for å få fram heile tydinga. Ved å gi modifikatorar til semantiske argument, kan ein skildre slike komplekse tydingar. Dette er illustrert med den semantiske strukturen i (2.14).

(2.14) *Hundsryggen*: [KANT α ; [LIKNAR (α , [RYGG β ; [DEL (β , HUND)]]]]


Funksjonen DEL (X, Y) er ein modifikator til RYGG: Han fortel at ryggen er ein DEL av ein hund. Bokstaven α fortel at den semantiske kjernen blir kopierte og sett inn som det første argumentet i funksjonen LIKNAR (X, Y). Bokstaven β fortel at argumentet RYGG blir kopierte og sett inn som det første argumentet i funksjonen DEL (X, Y).

Men semantiske strukturar som han i (2.14) ser kronglete ut og er nesten uleselege. Ein jamgod, meir lesbar skrivemåte bruker Steven Pinker i boka *Learnability and Cognition* (1989). Han bruker tre til å skildre innflokke semantiske strukturar. Eg representerer tydinga til *Hundsryggen* på denne måten i (2.15). Forklaringar står til høgre for strukturen.



Funksjonane eg la fram på side 30, er utilstrekkelege når ein skal skildre namnetydingar for namn som høyrer til i dei meir diffuse kategoriane til Zilliacus, som til dømes *friare samband*, *det som skjer* og *det som finst*. Ein hypotetisk funksjon FRIARE SAMBAND (X, Y) seier nesten ingenting om relasjonen mellom X og Y.

Hypotesen om eitt semantisk nivå (*omgrepsstruktur-hypotesen* – sjå side 21) inneber at stadnamntydingar har tilgang til dei same semantiske reiskapane som tyding elles i språket. Derfor kan semantiske funksjonar som utrykkjer *verbtydingar* spele ei rolle i stadnamntydingar. Det er vanskeleg å forklare namnet *Slurpemarta* utan verbet *slurpe*, eller namnet *Slaktarehola* utan verbet *slakte*. Ein kan representere tydinga til verbet *slakte* med ein funksjon SLAKTE (X, Y), der X er den som slaktar, og Y er den som blir slakta. Dette er illustrert i (2.16).



Bokstaven α fortel at LANDMERKET blir kopiert og sett inn som første argumentet i ER (X, Y). Bokstaven β fortel at HOLE blir kopiert og sett inn som ein del av argumentet VED β . Det er uvisst kven som slaktar, og kva som blir slakta; derfor har SLAKTE to opne variablar, X og Y.

Men når *verb* blir brukt som semantiske funksjonar, er det eit brot med prinsippet om at kvar språkkomponent er isolert frå dei andre. Når verb blir brukt i semantiske strukturar, er det med ein baktanke om at dei kan bli erstatta med ein rein *semantisk* struktur.


Det er òg nødvendig å bruke preposisjonar som PÅ, I, TIL og VED i stadnamntydingar. Til dømes treng ein preposisjonen VED i analysen av namnet *Slaktarehola* ovanfor. Zilliacus skriv òg at namnetydingar må bruke preposisjonar på denne måten:

Betydelsen av ett **Fjärdgrundet* uppfattas som identisk med betydelsen av *Grundet i fjärden*. Vid sammansättning av två leder bortfaller den preposition som anger relationen mellan lederna, men sammansättningen utgör likväl enligt språkets lagar uttryck även för det betydelseinnehåll som prepositionen täcker. (Zilliacus 1966, 78)

Preposisjonar som VED i *Slaktarehola* er, på same måte som verb, avløysarar for semantiske minsteiningar. Ordet *ved* er ikkje tilknytt éi semantisk minsteining, men ein struktur med ukjente eigenskapar.

Korrespondanseskjema

Det er gjennom korrespondansar at semantiske strukturar, i vårt tilfelle *namnetydingar*, når syntaks og fonologi. Det følger av det at kvar komponent kan ha *to* korrespondansar – ein til kvar av dei andre komponentane. Dette er illustrert for stadnamnet *Elva* i (2.17) nedanfor. Kvar pil viser ein korrespondanse mellom strukturar.



Ved å gi kvar korrespondanse eit tal kan dei bli snakka om kvar for seg. Korrespondanse 1 fortel at den fonologiske strukturen /elvɔ/ er eit substantiv. Korrespondanse 2 fortel at den same fonologiske strukturen korresponderer med tydinga [KANT^α; [ER (α, ELV)]]. Korrespondanse 3 fortel at tydinga [KANT^α; [ER(α, ELV)]] har eit korresponderande substantiv. Til saman utgjer desse tre korrespondansane eit innlegg i leksikonet for stadnamnet *Elva*.

Pilane i (2.17) er berre til illustrasjon. Ein ryddigare måte å representere same innhaldet er å skrive talet til kvar korrespondanse på stadane pilene peiker mot. På denne måten slepp ein å skrive sjølva pila, og korrespondansane er intakte. Dette er illustrert i (2.18) nedanfor.

(2.18) ${}_1/\text{elv}\text{ɔ}/_2 \quad {}_1\text{N}_3 \quad {}_2[\text{KANT}^\alpha; [\text{ER}(\alpha, \text{ELV})]]_3$

To like tal i senka skrift representerer altså ein korrespondanse mellom strukturane dei er knytte til. Denne måten å skrive korrespondanseskjema er generalisert i (2.19), og denne skrivemåten bruker eg i namneanalysen. Jamfør dette med figur 2.1 på side 10 for å sjå korleis denne måten å skrive skjema på reflekterer parallell-arkitekturen sin oppbygning.

(2.19)

Fonologi	Syntaks	Semantikk
${}_a\text{X}_b$	${}_a\text{Y}_c$	${}_b\text{Z}_c$

På denne måten kan i prinsippet heile namneinventaret skildrast: ord, affiks og frasar. Og ved å la korrespondansar vere opne variablar, kan ein i tillegg skildre grammatiske reglar. Dette er det viktigaste ved leksikonet i *parallell-arkitekturen*: Reglar er òg innlegg i leksikonet, i same format som ord.


Produktive reglar som bestemtheitsbøyinga *-o* i *vikjo* (*femininum eintal bestemt*) kan ein representere som eit korrespondanseskjema med ein open variabel for substantivet som suffikset blir knytt til. Dette er illustrert i (2.20).

(2.20)

Fonologi	Syntaks
$\begin{array}{c} {}_1\text{ord} \\ \diagdown \quad \diagup \\ {}_x\text{ord} \quad {}_2\text{affiks} \\ \quad \quad \quad \\ \quad \quad \quad /ɔ/ \end{array}$	$\begin{array}{c} {}_1\text{N} \\ \diagdown \quad \diagup \\ \left[\begin{array}{c} \text{N} \\ \text{fem} \end{array} \right]_x \quad \left[\begin{array}{c} \text{Infl} \\ \text{eint} \\ \text{best} \end{array} \right]_2 \end{array}$


Korrespondanse *x* viser at affikset /ɔ/ knyter seg til hokjønnsstavn. Korrespondanse 1 viser at det bøyde ordet er eit substantiv. Korrespondanse 2 viser at bøyinga, representert med kategorien *Infl*, må ha særtekkja *bestemt eintal*. Korrespondanse *x* kan bli fylt med eit hokjønnsstavn, til dømes *elv*. Ordet *elv* representerer eg med korrespondanseskjemaet i (2.21). Skjemaet fortel at det finst eit hokjønnsstavn med uttalen /elv/ som tyder ELV.

(2.21) Fonologi Syntaks Semantikk



Strukturane som er knytte til korrespondanse 3 (eit *ord* og eit *hokjønns substantiv*) er like dei som er knytte til korrespondanse x . Derfor er det mogleg å setje korrespondanse 3 som lik x . Dermed fyller er skjemaet i (2.20) fullstendig: Det inneheld eit bøygd ord og eit bøyingsaffiks. Slik blir samanhengane i stadnamnet *Elva* klarare – dette er illustrert i (2.22). Merk at ordet *elv* tek med seg resten av sine tilknytte korrespondansar, altså 4 og 5, dei som fortel om tydinga.

(2.22) Fonologi Syntaks Semantikk



Kor ligg skilnaden mellom stadnamnkunnskap og generell språkkunnskap her? Nokre korrespondansar høyrer til unik stadnamnkunnskap, og nokre korrespondansar høyrer til generell språkkunnskap. Korrespondansane 1 og 2 i (2.21) utgjer skjemaet for bestemtheitsaffikset /ɔ/, som er generell språkkunnskap. Korrespondansane 3–5 i (2.22) utgjer skjemaet for hokjønnssubstantivet *elv*: dette er eit vanleg ord i språket som førekjem i mange ulike samanheng. Derfor høyrer dei til generell språkkunnskap. Korrespondansane 6 og 7, derimot, fortel at ordet *elv* i bestemt form er eit stadnamn. På denne måten er det mogleg å skilje mellom stadnamnkunnskap og generell språkkunnskap i eitt og same namnet.

Korrespondansar i namneinventaret

Kva kan korrespondanseskjema fortelje om namneinventaret frå Huglo? Her skal eg vise korleis modellen gir innsikt i namneinventaret, ved å skildre samanhengar mellom tre namn, *Huglo*, *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo*. I dette delkapittelet skriv eg dialektnært for å unngå forvirring i den fonologiske delen av analysen – i resten av oppgåva skriv eg *Huglavika* og *Stora Brandvik*. Framgangsmåten eg illustrerer, gir ei presis framstilling av stadnamnkunnskap som eit innvikla nettverk, slik han blir skildra hos Bakken (1994) og Nyström (1995).

Eg byrjar ved å sjå på dei fonologiske delane *Huglo*, *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* har til felles. Bestemtheitsendinga /ɔ/ finst i *Huglo*, *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo*. Affikset /a/ finst i to ulike former: som samansetjingsfuge i *Huglavikjo* og som adjektivending i *Stora Brannvikjo*.

Figur 2.9: *Huglavikjo*


Foto: Severin Kannelønning.

Rota /hʉgl/ finst både i primærnamnet *Huglo* og i sekundærnamnet *Huglavikjo*. Rota /vi:c̥ç/ finst i både *Stora Brannvikjo* og i *Huglavikjo*. Orda /bran/ og /stu:r/ finst berre i eitt namn, *Stora Brannvikjo*. Dei ulike fonologiske strukturane merker eg med indeksar for å halde orden med dei i dei komande korrespondanseskjemaa. Strukturane i (2.23) er utgangspunktet for resten av analysen.

(2.23)	1affiks	2affiks	3ord ₁₈	4ord ₁₇	5ord	6ord ₁₉
	/ɔ/	/a/	/vi:c̥ç/	/bran/	/hʉgl/	/stu:r/


Merk at /ɔ/, /a/ og /hʉgl/ manglar ein indeks på høgre sida, sida for korrespondansar til semantikk. Dette viser at dei manglar ei sjølvstendig tyding. Affiksa /ɔ/ og /a/ er *syntaktiske* affiks utan effekt på tydinga til stadnamna. Ordet /hʉgl/ er eit spesialtilfelle: Ordet har inga tyding utanom i namnet *Huglo* og sekundærnamn som *Huglavikjo*. Rota aleine har inga tyding, utanom at ho er assosiert med det bøygde stadnamnet *Huglo*.

Dei fonologiske orda, /vi:c̥ç/, /bran/, /stu:r/ og /hʉgl/ korresponderer med enkle syntaktiske strukturar. Dette viser eg ved å gi den gjeldande indeksen til kvar syntaktisk struktur. Merk at hokjønnsst substantivet har to korrespondansar, ein til *vik* og ein til *hugl*. Begge ord er hokjønnsst substantiv. For å gjere korrespondansane lettare å forstå, har eg formulert dei i setningar under strukturane i (2.24) og dei følgande døma.



- 5: *Hugl* er eit hokjønnsst substantiv.
 3: *Vik* er eit hokjønnsst substantiv.
 18: *Vik* har tydinga VIK.
 6: *Stor* er eit adjektiv.
 19: *Stor* har tydinga STOR.
 4: *Brann* er eit hankjønnsst substantiv.
 17: *Brann* har tydinga BRANN.


Ovanfor skildra eg korrespondansar mellom tre enkle syntaktiske strukturar og dei fonologiske orda *stor*, *vik*, *hugl* og *brann*. Affiksa /ɔ/ og /a/ treng større syntaktiske strukturar med ein open variabel. Bestemteitsendinga /ɔ/ treng ein open variabel for røtene som får bestemt form, *vik* og *hugl*. Her passar skjemaet frå (2.20) inn. Der var indeksen ved hokjønnsordet ein open variabel, x . I (2.25) fyller eg inn variabelen x med indeksane for *hugl* og *vik*.



- 1: Affikset *-o* er endinga for hokjønnsst substantiv i eintal bestemt.
 7: *Huglo* er eit hokjønnsst substantiv i eintal bestemt.
 5: *Hugl* er første ordet i *Huglo*.
 15: *Huglo* er eit DISTRIKT.
 8: *Vikjo* i *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* er eit hokjønnsst substantiv i eintal bestemt.
 3: *Vik* er første ordet i *vikjo* i *Huglavikjo*.
 18: *Vik* i *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* fortel at staden er ei VIK.

Korrespondansane ovanfor skildrar to bøygde ord: ordet *Huglo* og ordet *vikjo* i *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo*. Korrespondansane viser korleis affikset /ɔ/ passar inn i alle tre namna.


Affikset /a/ blir brukt både som samansetjingsfuge og som adjektivending. Skjemaet i (2.26) viser korleis affikset blir brukt som fuge i ordet *Huglavikjo*. Skjemaet viser òg korleis *brannvik* blir sett saman utan samansetjingsfuge.



- 9: *Huglavikjo* er eit samansett substantiv med *a*-fuge.
 I3: *Huglavikjo* er eit LANDMERKE.
 5: *Hugl* er første ordet i *Huglavikjo*.
 2: Affikset *a-* er ei fugе utan korrespondanse til syntaks.
 8: *Vikjo* er siste ordet i *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo*.
 I2: *Brannvik* er sett saman av to substantiv.
 4: *Brann* er første ordet i *Brannvikjo*.
 I8: *Vik* i *Brannvik* tyder at garden ligg ved ei VIK. *Vik* i *Huglavikjo* tyder at staden er ei VIK.
 I5: *Hugl* i *Huglavikjo* er eit DISTRIKT som vika er ein del av.
 I7: *Brann* i *Stora Brannvikjo* tyder at garden er rydda ved BRANN.

Merk at korrespondansane for orda *brann* og *vikjo*, 8 og 4, berre finst på den syntaktiske strukturen til høgre i skjemaet ovanfor. *Brannvikjo* har ingen samansetjingsfuge, og treng derfor ingen korrespondansar på den fonologiske strukturen i skjemaet, som inneheld fuga. Korrespondansane 8 og 4 går derfor rett til dei einskilte orda, *brann* og *vikjo* i (2.23).


Affikset /a/ er ei samsvarsbøying i namnet *Stora Brannvikjo*. Dette skildrar eg med skjemaet i (2.27). Sjølve samsvarsbøyinga representerer eg med den syntaktiske kategorien *Agr* (engelsk *agreement*) som har teke til seg særtekkaka *femininum bestemt eintal* frå substantivet *vikjo*.



- 2: Affikset *-a* er samsvarsaffikset for adjektiv som styrer hokjønns-substantiv i bestemt eintal.
 IO: *Stora* er eit adjektiv som samsvarar med eit hokjønnsord i bestemt eintal.
 6: *Stor* er første ordet i det bøygde ordet *stora*.
 I9: *Stor* i *Stora Brannvikjo* har tydinga STOR.

Merk at indeks 2, som går til affikset /a/, er den same som i (2.26), der affikset var ei samansetjingsfuge. Den grammatiske rolla som affikset spelar, er definert av skjemaet det er ein del av, ikkje sjølve affikset. Merk òg at korrespondansen til semantikk, I9, er knytt til rota *stor*, ikkje det bøygde ordet *stora*. På denne måten viser eg at *a*-endinga er ei syntaktisk ending utan semantisk relevans: *Stor* og *stora* har den same tydinga.

Stadnamnet *Stora Brannvikjo* er ein substantivfrase, på same måte som *stort fjell* eller *store steinar*. Eg skildrar dette aspektet ved namnet med den syntaktiske strukturen i (2.28), som viser ein substantivfrase bestående av eit adjektiv og eit substantiv.



- 11: Namnet *Stora Brannvikjo* er ein substantivfrase som består av adjektivet *stora* og substantivet *Brannvikjo*.
 10: Adjektivet *stora* er første ordet i frasen *Stora Brannvikjo*.
 12: *Brannvikjo* er andre ordet i frasen *Stora Brannvikjo*.
 16: *Stora Brannvikjo* er eit DISTRIKT.
 19: *Stor* i *Stora Brannvikjo* tyder at garden er stor samanlikna med garden som ligg attmed, *Litla Brannvikjo*.

Med indeks 16 viser eg at det er heile frasen *Stora Brannvikjo* som er eit gardsnamn. Frasen har ei tyding som ikkje nødvendigvis går fram av orda han inneheld. Ved første blick kunne ein tru at adjektivet *stor* sikta til storleiken på vika, men vika ved *Stora Brannvikjo* er mindre enn vika ved *Litla Brannvikjo*. Dette kjem tydeleg fram i figur 1.6, der både vikane og gardane er godt synlege.


Tydingane til *Huglo*, *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* representerer eg som éin struktur i figur 2.10. Denne måten å skildre tyding på er i tråd med den generelle oppfatninga av kunnskap som eit nettverk. Denne måten å skildre tyding på er i grunnen berre ei vidareføring av dei semantiske relasjonane til Zilliacus, som representerer usynlege semantiske relasjonar i stadnamntydingar. Her representerer eg i tillegg usynlege semantiske relasjonar mellom stadnamntydingar. Til dømes er *Stora Brannvikjo* ein del av *Huglo*, sjølv om dette ikkje blir reflektert i namnet, slik det er i namnet *Huglavikjo*.

Stadkunnskap som ikkje blir reflektert i namnet, er ein viktig del av namnetydingar, særleg når eit namn blir brukt om fleire ulike stadar. Om det skulle vere ei anna *Stora Brannvikjo*, er det ein viktig del av namnetydinga at akkurat denne *Stora Brannvikjo* er ein DEL av *Huglo*. Nokre gongar kjem stadkunnskap til overflata, til dømes i namnet *Vik i Sogn*, som blir brukt til å skilje denne *Vik* frå andre stadar med same namnet.

Eg har ramma inn dei semantiske strukturane for *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* for å vise korleis dei er skilde frå kvarandre, men likevel knytte saman fordi *Stora Brannvikjo* òg er ein del av *Huglo*. Eg kallar dette for *stadkunnskap*: samanheng mellom stadar som ikkje kjem fram i namna. Eg har markert denne delen av strukturen med ei pil, som ligg mellom rammene rundt *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo*.

No er *Huglo*, *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* delt opp i minsteiningar, og relasjonane mellom dei er definerte. Namna ligg i eit format som er nærare ekte stadnamnkunnskap i hjernen, slik han er definert i parallell-arkitekturen. Og fordi all informasjonen frå namna er skriven som korrespondanseskjema, er det mogleg å definere kvart stadnamn som eit sett korrespondansar, i tråd med biletet av leksikonet i figur 2.1. Tabell 2.6 viser korleis namna deler korrespondansar, sjølv om kvart namn er eit unikt sett.

Til dømes deler alle tre namna korrespondanse 1, som er bestemtheitsaffikset /ɔ/. *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* deler korrespondanse 2, som representerer dei ulike formene av affikset /a/, både samansetjingsfuga og adjek-

Figur 2.10: Tydinga til *Huglo*, *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo*

- 7: *Huglo* har uttalen /hʉglɔ/.
- 15: *Huglo* er eit hokjønnsstavnativ i eintal bestemt.
- 13: *Huglavikjo* har uttalen /hʉglavi:c̥c̥ɔ/.
- 9: *Huglavikjo* er eit samansett stavnativ.
- 3: *Vik* i *Huglavikjo* og *Stora Brannvikjo* har uttalen /vi:c̥c̥ɔ/.
- 18: *Vik* er eit hokjønnsstavnativ.
- 11: *Stora Brannvikjo* har uttalen /stu:ra branvi:c̥c̥ɔ/.
- 16: *Stora Brannvikjo* er ein stavnativfrase.
- 6: *Stora* i *Stora Brannvikjo* har uttalen /stu:ra/.
- 19: *Stora* er eit samsvarsbøygdt adjektiv.
- 4: *Brann* har uttalen /bran/.
- 17: *Brann* er eit hankjønnsstavnativ.

Tabell 2.6: Delar av leksikonet, definerte med korrespondansar

<i>Huglo</i>	1				5		7											15			
<i>Huglavikjo</i>	1	2	3		5			8	9					13	14			15			
<i>Stora Brannvikjo</i>	1	2	3	4		6				10	11	12		14				16	17	18	19
<i>Unik Stadnamnkunnskap</i>					5		7		9		11	12	13		15	16					
<i>Generell språkkunnskap</i>	1	2	3	4		6		8		10				14					17	18	19
<i>Leksikon</i>	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19		

tivendinga. Dei deler òg korrespondanse 3, som representerer hokjønns-substantivet med uttalen /vi:cç/. Det er berre *Stora Brannvikjo* som inneheld korrespondanse 4, som definerer ordet /bran/ som eit hankjønns-substantiv.

Fordi alle dei relevante korrespondansane er samla saman, er sjølve stadnamna i kolonnen til venstre ikkje lenger nødvendige. Namna kan byggjast opp med korrespondansane aleine. Dei tre namna er ikkje lenger ei liste, men tre sett korrespondansar som til saman utgjer ein del av stadnamnkunnskapen på Huglo.

Det same gjeld rekkene *unik stadnamnkunnskap* og *generell språkkunnskap*: Det er mogleg å definere dei som to sett korrespondansar. Til dømes høyrer korrespondansane 17 og 18 til generell språkkunnskap. Dei fortel at hankjønns-substantivet *brann* svarar til tydinga BRANN, og hokjønns-substantivet *vik* svarar til tydinga VIK. Det vil seie at tydingane til orda *vik* og *brann* er ikkje noko som er avgrensa til stadnamnkunnskap. Desse orda, og tydingane deira, er vanlege i andre typar språkbruk.

På den andre sida høyrar korrespondanse 15 og 16 til unik stadnamnkunnskap. Dei fortel at tydinga til DISTRIKTA *Stora Brannvikjo* og *Huglo* svarar til ein substantivfrase og eit hokjønns-substantiv. Desse korrespondansane førekjem ikkje utanom i stadnamnkunnskap – dei har utelukkande med stadnamntyding og stadnamnsyntaks å gjere.

Tabell 2.6 gir ein måte å teste den første hypotesen min: at stadnamnkunnskap ikkje skil seg frå generell språkkunnskap i særleg grad. Jo færre korrespondansar det finst i rekka for unik stadnamnkunnskap, jo mindre skil stadnamnkunnskap seg frå generell språkkunnskap. Vidare i oppgåva testar eg denne hypotesen ved å analysere ulike fenomen i namneinventaret med korrespondanseskjema. Då ser eg på kor dei ulike korrespondansane høyrer heime i leksikonet – som unik stadnamnkunnskap eller som generell språkkunnskap.

Om heile namneinventaret var delt opp og analysert på denne måten, hadde det vore mogleg å måle frekvensen til dei ulike korrespondansane. Om til dømes hokjønns-substantivet *vik* fanst i 50 namn, vil det tyde at korrespondanse 18 førekjem 50 gongar. Og om to eller fleire namneinventar var delt opp og analysert på denne måten, kunne ein samanlikne dei på ein veldig detaljert måte. Og med en ein slik samanlikning ville gjere det mogleg å måle kor like to namneinventar var. Jo fleire felles korrespondansar, jo likare namneinventar.

Men korkje namneinventaret frå Huglo eller dei frå Stord er fullstendig analysert med parallell-arkitekturen. Derfor er den samanliknande delen av oppgåva mindre teoretisk. Eg testar hypotesen om at namneinventaret frå Huglo ikkje skil seg frå dei frå Stord i særleg grad ved å ta utgangspunkt i målingane som Aarø og Stautland har gjort, og så gjennomfører eg dei same målingane for namneinventaret frå Huglo.


Kapittel 3

Metode

Arkivmaterialet frå Huglo låg ikkje tilrettelagt for analyse – det var oppstykket i fleire kjelder og i fleire format: sær oppgåver, normerte lister for offentlig bruk, lokalhistoriske djupinnsamlingar og så vidare. I dette kapitlet skal eg vise korleis det konkrete materialet og den abstrakte teorien passar saman.

Analysekapitla har parallell-arkitekturen som forbilde: Kvar type korrespondanse blir handsama for seg. På denne måten ser ein namneinventaret frå ulike vinklar, samstundes som ein ser korleis parallell-arkitekturen fungerer i praksis. Figur 3.1 viser korleis kvart kapittel passar inn i teorien.

Figur 3.1: Analysekapitla



Kapittel 4, *Syntaktisk analyse*, tek føre seg korrespondansar mellom fonologi og syntaks. Særleg analyserer eg bestemtheitsendingar, samansetjingsfu-ger, adjektivendingar og røter. Eg delar opp stadnamn som inneheld desse fenomen i unik stadnamnkunnskap og generell språkkunnskap, slik eg viste i teoridelen. Så samanliknar eg frekvensane til bestemtheitsendingar, samansetjingsfu-ger og adjektivendingar frå Huglo med dei frå Stord.

Kapittel 5, *Semantisk analyse*, tek føre seg korrespondansar frå semantikk til fonologi og syntaks. I kapitla 5.1–5.3 analyserer eg korrespondansar mellom syntaks og semantikk. Særleg analyserer eg grunnord, relative namn og assosiative namn. Her bruker eg opplysingar om stadane frå originalma-teriale. Grunnord og assosiative namn blir analysert med korrespondanse-skjema, men relative namn blir analysert med kart. I kapittel 5.4 analyserer eg ordtydingar uavhengig av syntaks. Særleg ser eg på uvanlege ord som er bevarte i stadnamn, men som har gått ut av bruk elles.

Materialet

Namneinventaret mitt har 711 *fonologiske* stadnamn samla frå Huglo. Det vil seie at nokre av desse namna finst fleire stadar, til dømes *Dalen* og *Spannsteigen*. Namneinventaret er avgrensa til namn på sjølve Huglo og den delen av skjergarden rundt øya som høyrer til Stord kommune. Nedanfor står ei oversikt over arkivmaterialet som namneinventaret er sett saman av. Kvart punkt har eit arkivnummer i parentes. Det fortel kor det er plassert i Stadnamnsamlinga. Inventaret består av:

- Seks namnelister frå namnearbeid utført av Stord kommune i 1990 og levert til Stadnamnsamlinga i 1991. Dei er inndelte etter Økonomisk kartverk (ØK), delvis kartfesta med koordinatar og lesne inn av Arne Sortland i 2011 (Ms Stn XI 197)
 - AJ 044-5-4 *Nordhuglo*: 234 namn (øg innlesne på lydband av Georg Hope)
 - AK 043-5-3 *Tveitamarka*: 7 namn (øg innlesne på lydband av Georg Hope)
 - AK 044-5-3 *Brandvikeneset*: 54 namn (øg innlesne på lydband av Georg Hope)
 - AJ 043-5-4 *Sørhuglo*: 23 namn
 - AJ 044-5-2 *Hornanes*: 8 namn
 - AJ 043-5-4 *Huglahammaren*: 12 namn
- Tre sær oppgåver av elevar ved Stord Gymnas
 - *Noko om stadnamn på Huglo* av Johannes Heggland (1982) (77 namn) (Ms Stn XI 421)
 - *Stadnamngransking på garden Haukanes* av Erik Haukanes (1978) (54 namn) (Del av Ms Stn XI 197)
 - Ei oppgåve av Sigurd Huglen utan tittel (176 namn) (Ms Stn XI 404)
- Ei djupinnsamling av Sigrun Røssbø (1981) (155 namn) (Ms Stn XI 436)
- Namn og opplysingar frå *Namnevandring i Stord og Fitjar* av Kari Lønning Aarø og Jan Rabben (2001) (125 namn)
- Namn frå Sentralt stadnamnregister (SSR), innlesne av Kari Lønning Aarø (107 namn)

Det er vanskeleg å få oversikt over arkivmaterialet. Materialet frå 1991 er lagt saman av sær oppgåvene og djupinnsamlinga til Sigrun Røssbø. Sjølve råmaterialet kom ikkje til Stadnamnsamlinga før 2015. Då kom det fram at mykje av materialet ikkje hadde kome med i listene. I mellomtida, i perioden 2011–2013, hadde Kjell Erik Steinbru og Halvor Gåsland reist ned til Stord fleire gongar for å ta digitale lydopptak av 1991-materialet og SSR-namna. Namna frå Huglo vart lesne inn av Arne Sortland. SSR-namna vart lesne inn av Kari Lønning Aarø.

Det er ikkje fullt samsvar mellom alle delane av materialet. Lydopptaka svarar ikkje heilt til listene frå 1991, og skrivemåtar har blitt endra på. Nokre gongar er det avvik mellom lydopptaka og skriftformene. Det er vanskeleg å forstå kor ulike opplysingar i materialet har kome frå.

Det er mykje materiale som ikkje har funne vegen til Stadnamnsamlinga. Det finst om lag 200 namn frå Huglo i *Stord bygdebok 2: Gards- og ættesoga* av Ola Høyland (1966). Disse har eg ikkje teke med her. Disse namna er ei viktig kjelde, men mange er enno ukartfesta og manglar uttale opplysingar. Det same gjeld namna i bygdebøkene til Huglo, både bind 1 (Huglo Bygdalag 1998) og bind 2 (Huglo Bygdalag 2000). I desse bøkene finst det mange stadnamn og opplysingar, men dei er ikkje kartfesta eller lest inn.

I tillegg finst det fleire sær oppgaver om stadnamn frå Huglo. Arne Sørli fortalte at det var ein periode der mange elevar skreiv sær oppgavær om stadnamn på Stord Gymnas. Han var sjølv informant for fleire av dei. Truleg er det mange slike sær oppgaver i privat eige.

Ei anna kjelde eg ikkje fekk tak i, var skulebornsoppskriftene frå Huglo skule. I 1931 sendte Gustav Indrebø, på vegne av Bergens Museum, spørjeskjema til skular i heile landet. Borna skulle skrive ned namn frå heimstaden. Meininga var at alle skulle bli sendt tilbake til Bergen, og det vart dei fleste. Men materialet frå Huglo kom aldri til Bergen. Eg har fått sjå ein e-post frå Johannes Sørli (arkivnummer Ms Stn XI 379) som stadfestar at oppskriftene vart utfylte på Huglo skule, men dei vart aldri registrert som mottekne i Stadnamnsamlinga. Truleg låg dei på arkivet til Huglo skule fram til han stengde i 2012. I dag er det uvisst kor desse oppskriftene er – dei var ikkje å finne i det kommunale arkivet på Stord.


I arbeidet med arkivmaterialet måtte eg skilje namna på Huglo frå namna frå resten av Stord kommune. Materialet frå 1991 er delt inn etter ØK-kartblad; til saman er det sju kartblad som dekkjer Huglo. Figur 3.2 viser kor grensene mellom kartblada går. Namna frå SSR ligg i ei Excel-fil med eit koordinatpar for kvart namn. Ved å utelukke namn som ligg aust for $5^{\circ} 33' \text{Ø}$, avgrensa eg Huglo frå resten av kommunen.² Dette er illustrert med den raude linja i figur 3.3.

Handsaming av namneinventaret

Analysen i kapittel 4 krev ulike frekvensmålingar. For å gjennomføre desse er det nødvendig å dele opp kvart namn i morfem. Derfor måtte namneinventaret ordnast slik at det var berre éin versjon av kvart namn.

Til saman inneheld namneinventaret 1305 namn, men mange av dei finst to eller fleire gongar. Ofte blir eit namn samla inn hos fleire informantar, slik at ulike versjonar av same namnet finst i namneinventaret. Andre gongar har same namnet blitt kopiert frå ei anna kjelde. Slike namn kan ein kalle for dublettar. Men som eg skal vise, er termen dublett noko misvisande. Eit namn er ikkje berre éi eining; det har ulike delar. Til dømes har innsamlings skjema ulike felt for normert form, kartfesting og uttale.

Figur 3.2: ØK-kartblad som dekkjer Huglo




Kartverket.

Målestokk: 1 : 50 000. Økonomisk kartverk

² Eg takkar Kjell Erik Steinbru for denne idéen.

Figur 3.3: Avgrensing av namnematerialet i SSR



Kartverket. Dei gråe linjene viser kommunegrensene.

Kva skjer når stadnamn deler nokre felt, men ikkje alle? Til dømes har namneinventaret to versjonar av namnet på ei vik på Nordhuglo: *Gurivika* og *Gurevika*. Folk på Stord sa visstnok *Gurivikjo*, medan folk på Huglo sa *Gurevikjo* (Aarø og Rabben 2001, 80). Frå eitt perspektiv er det tale om dubletter: Denotatomet er jo det same, og begge namna har ei form av personnamnet *Guri* som forleidd og grunnordet *vik* som etterleidd. Men frå eit anna perspektiv er det to ulike namn. Det ville vere feil å velje berre éi av desse formene som det eigentlege namnet.

Termen dublett er uklar i slike tilfelle: Derfor bruker eg termen overlapp. Ein kan seie at *Gurevika* og *Gurivika* er to ulike namn som overlappar på stad-feltet. Sidan kvart stadnamn består av fleire felt, er det fleire måtar namn kan overlappe på. Dette skapar problem for analysen, særleg i programmet Excel, som eg har brukt til å handtere namneinventaret. Tabell 3.1 illustrerer ulike typar overlapp i namneinventaret. Eg har markert dei med piler frå den overlappande delen av namnet.

Ein og same stad kan ha fleire namn. Til dømes kan ein kalle det høgaste fjellet på Huglo både for *Høgafjellet* og for *Varden*. Men i namneinventaret er det umogleg å søkje etter slike overlapp på ein systematisk måte. Om ein er heldig, står det i originalmaterialet at det finst to namn på staden, men andre gongar blir ikkje slikt notert, og då er overlappet vanskeleg å finne.

Eit namn kan ha fleire variantar i skrift eller uttale. Det er vanskeleg å finne slike overlapp i namneinventaret. Slike namn er i tillegg vanskelege å normere – kva for ei form skal ein ta med i den endelege namnelista? Ofte manglar det opplysingar, som med dei to versjonane av namnet *Smøystei-nen*, der den eine manglar uttaleopplysingar. Er ei normert form godt nok

Tabell 3.1: Overlapp i namneinventaret

<i>Koordinatar</i>	<i>Normert form</i>	<i>Uttale</i>
	Høgafjellet	
6640589.77, 309025.80	Varden	
6639369.38, 307521.96	Smøysteinen	/smøysteidn/
	Smøyesteinen	
6639111.63, 307845.96	Spannsteigen	/spansteigen/
6641198.16, 308032.11		

grunnlag for å seie at det finst ein uttalevariant med *e*-fuge? Som regel har eg vald namneformer med tilhøyrande uttaleopplysingar. Når to namneformer verkar like truverdige, skriv eg dei som to ulike namn i namnelista.

Nokre gongar har fleire stadar same namnet. Til dømes finst det to stadar med namnet *Spannsteigen* på Huglo, ein på Nordhuglo og ein på Rossbø. Nokre stadnamn endrar form med årstidene Korleis bør ein normere eit stadnamn som *Bjørkåkerleiet*, der etterleddet skiftar mellom *-åkerleie* og *-åker* avhengig av om staden er dyrka eller ikkje. Skal ein rekne dette som to namn eller eitt? Skrivemåten *Bjørkåker(leiet)* får ikkje fram at *Bjørkåkeren* skal vere i bestemt form. Derfor har eg skrive dette som to namn i namnelista.

Med det idealiserte namneinventaret på plass var det mogleg å dele opp kvart namn i morfem. Dette gjer eg i Excel ved å gi kvar fonologisk og syntaktisk minsteining ein kolonne for seg sjølv – dette er illustrert i tabell 3.1. Her er namna *Huglo*, *Huglavika*, *Svartups* og *Grønevikskjera* delt opp i morfem.

Slik er det mogleg å avgrense namnematerialet basert på ein utvald verdi i dei ulike kolonnane. Til dømes kan eg måle kor mange namn som har ubestemt form ved å avgrense kolonnen for syntaktiske affiks til *best eint* og *best fleirt*. I tabell 3.1 ville då *Svartups* ha falle bort. På denne måten kan eg finne frekvensen til namn i bestemt og ubestemt form. Andre avgrensingar, som til dømes toledda namn med *a*-fuge, gjer eg på same måten. Eg målar frekvensen til grunnorda ved å avgrense feltet for hovudledd til utvalde fonologiske ord.

Normering

I namnelista (sjå side 101) står kvart namn oppført med ein normert skrivemåte som eg bruker gjennom oppgåva. Normeringa av namnelista krev ein eigen framgangsmåte. I den ortografiske normeringa av namneinventaret følger eg regelen om å ta utgangspunkt i «den nedervde lokale uttalen», samstundes som ein følgjer «gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk», slik det står i paragraf 4 av Stadnamnlova. Vidare følger eg dei meir spesifikke reglane i Forskrift om skrivemåten av stadnamn (2007). I tillegg har Oddvar Nes normalisert skrivemåtane i Sigrun Røssbø si djupinnsamling. Desse bruker eg som mønster for mine egne normaliserte skrivemåtar.

Tabell 3.2: Morfeminndeling i Excel

Fonologiske strukturar

Namn	Ledd 4	Ledd 3	Ledd 2	Kjerne	Suffiks
<i>Huglo</i>				hʉgl	ɔ
<i>Huglavika</i>		hʉgl	a	vi:cç	ɔ
<i>Svartups</i>			svart	ʉps	
<i>Grønevikskjera</i>	grø:n	e	vi:k	sjer	ɔ

Syntaktiske strukturar

Namn	Ledd 4	Ledd 3	Ledd 2	Kjerne	Suffiks
<i>Huglo</i>				fem	best eint
<i>Huglavika</i>		fem	fuge	fem	best eint
<i>Svartups</i>			adj	fem	ubest eint
<i>Grønevikskjera</i>	adj	fuge	fem	neut	best fleirt

I Sunnhordland, som i andre delar av landet, er det ein lokal tradisjon for dialekt nær normering av stadnamn. Til dømes blir *vikjo* og *bakkjen* ofte skrivne i staden for *vika* og *bakken*. Tanken bak denne tradisjonen er oppsummert i Ivar Orkland sitt dikt *Truga mål*: «Eit stadnamn er rett slik du ber det / fram med din eigen munn / dersom ditt eige mål er tufta på heimleg grunn». Vidare skriv han: «Skal skilta og namna på kartet / bryta med målet vårt / har vi alt skrivne ein dødsdom / over det, dét er klårt» (Orkland 1990, 93). Dialekt nær skrivemåtar styrker den nedervde uttalen, særleg i situasjonar der namn på kart og skilt bestemmer uttalen.

Men sjølv om ei innsamling er heilt konsekvent med sine dialekt nær skrivemåtar, vil det vere inkonsekvensar når fleire samlingar blir lagt saman. Til dømes kan ein tenkje seg to ulike namnesamlingar med to ulike normeringar av namn som sluttar på *-berget*: *-bergjet* og *-berje*. Om samlingane blir slått saman, er det uheldig med to ulike skrivemåtar for same grunnord, særleg når ein skal søkje etter ulike morfem i eit namneinventar. Dette har eg merka i handsaminga av namnematerialet frå Huglo. Derfor er det ønskeleg med normeringsreglar som går på tvers av namnesamlingar.

Skrivemåtar bør vere overførbare mellom namnesamlingar, men dei bør ikkje viske ut dialekten. Normering er derfor ein balansegang mellom dialekt nær skrivemåtar og normaliserte skrivemåtar. Om dette skriv Vidar Haslum at det «aldri er direkte *gale* å skrive dialekt nær, men at det *kan* vere *gale* å gjere noko anna» (Haslum 1996, xliii). Dette tykkjer eg er rett utgangspunkt.

I tråd med forskrifta skriv eg konsonantsambandet *ps* og *mb* i samsvar med dialekten, til dømes skriv eg *Svartups*, *Glupsa*, *Tømberskotet*, og *Furekamben*. Personnamn treng heller ikkje normerast etter nynorsk rettskriving. Derfor skriv eg *Edlensneset* og *Hiljestøa*.

Namn med sjeldne grunnord som *Bleikjo*, eller uvanlege avleiingar som *Siklo*, fortener særleg vern, og desse skriv eg så dialektnære som mogleg. Men vanlege namneledd som *-vika* og *-bakken* skriv eg på nynorsk; uttaleformene *vikjo* og *bakkjen* står ikkje i fare.

I dei fonologiske transkripsjonane mine må eg nokre gongar velje mellom varierende uttale. Når uttalen av eit namn varierer frå informant til informant, vel eg å idealisere transkripsjonen til den eldste uttalen. For å avgjere kva som er eldst, bruker eg Christian Vidsteen sin *Oplysninger om Bygdemaalene i Søndhordland* frå 1882. På grunnlag av opplysingar i boka endrar eg til dømes /tømer/ til /tømber/, og /steinen/ til /steidn/.

Som ein ekskurs om namnenormering har eg teke med eit kart over Huglo frå 1856 og dei danske skrivemåtane. Figur 3.4 viser kartet, og liste 3.1 viser namna. Kartet er det eldste eg fann som inkluderer mange naturnamn. Det viser dansk namnenormering, og kva stadar vart oppfatta som viktige på dette tidspunktet. Skrivemåtane frå kartet er skrivne med raud skrift. Nokre av dei har kartteiknaren forkorta med punktum.

I fleire tilfelle er det skilnadar mellom normeringane og uttalen i dag; nokre gongar er dette truleg feilnormering, men andre gongar kan det vere fordi namnekunnskapen har endra seg. *Haukenæs* og *Fjærefl.* har *e*-fuge på kartet, men dei har *a*-fuge i namneinventaret. *Huglhammeren* manglar fugen på kartet, men i namneinventaret står det med *a*-fuge. *Furuhl.* er skriven og uttalt *Fureholmen* med *e* i namneinventaret. Dei ubestemte formene *Haamanæes*, *Leervik* og *Kvarvanæs* er bestemte i namneinventaret. Namnet *Storsøya*, i ubestemt form på dette kartet, finst både i ubestemt og bestemt form i namneinventaret. Det er vanskeleg å seie om alle desse avvika representerer faktiske uttaleformer som har gått ut av bruk, eller om det er slurvete oppskrivning.

Namnet *Skjønhaug* på kartet tilsvarende namnet *Sjønhammaren* frå namneinventaret. Eg har ikkje funne dette namnet med etterleddet *-haug* i namneinventaret elles, og ein kan spørje seg om dette er ei feilnormering, eller om dette namnet faktisk var i bruk i 1856, då kartet vart teikna. På kartet står *Gjurinakken*, ei redusert form av *Gureviknakken* frå namneinventaret. Ovanfor *Storsöen* står det *Tydskefl n* – og nedanfor står det *Tydskefl (s)*. Kanskje «n» og «s» står for *nord* og *sør*, og stadane heitte *Nordra* og *Søra Tyskeflua* før. I namneinventaret finst berre namnet *Tyskefluene*. Namnet *Salthellergr.* (gr. tyder *-grunn*) står på dette kartet, men det er ikkje heimla i nyare tid, sjølv om *Salthella* og *Salthelleskolten* er det.

Den mest oppsiktsvekkande normeringa er kanskje *Rödsb.* for *Rossbø*. Oppskrivaren har truleg tolka forleddet som *-rød* + *s*-fuge + *bø*. *Rød* ei moderne form av norrønt *ruð* (rydning). Den eldste skrivemåten av gardsnamnet er *Rossbø*, frå 1614 (Rygh 1910, 84).

Figur 3.4: Kart over Huglo (1856)

Liste 3.1

Namn på kartet

Bleiko
 Brandvik (Lille)
 Brandvik (Store)
 Fjærefl.
 Furuhl.
 Gjurinakken
 Haukenæs
 Huglen
 Högaff.
 Haamananæs
 Huglhammeren
 Kubh.
 Kvarvanæs
 Laukhammersund
 Leerfl.
 Leervik
 Midtfl.
 Nakken
 Nordhuglen
 Rödsb
 Saaten
 Salthellergr.
 Skjønhaug
 Skolten
 Storholmen
 Storsöen
 Sörhuglen
 Thveit
 Tvetörne
 Tydskefl n
 Tydskefl (s)



Utsnitt frå porteføljekart (1856): Norge 166, løpenummer 18. Kartverket. Ukjent målestokk. Ukjent teiknar. (Linjer og stadnamn på Stord og Tysnes har eg redigert vekk for å framheve namna på Huglo.)

Kapittel 4

Syntaktisk analyse

Dette kapittelet tek føre seg korrespondansar mellom syntaks og fonologi. Dei fonologiske strukturane baserer seg på foneminventaret i kapittel 2.1. Fonema blir sett saman i ord og affiks som korresponderer med ulike syntaktiske strukturar. Dei syntaktiske strukturane lèt seg dele i to nivå: frase-syntaks og morfesyntaks. Frase-syntaks bestemmer rekkefølga til ulike syntaktiske kategoriar i frasar, medan morfesyntaks bestemmer rekkefølga til ulike morfem innanfor sjølve kategoriane.

Med tanke på frase-syntaks er nesten alle stadnamna frå Huglo identiske fordi nesten alle er substantiv. Det finst nokre få substantivfrasar som blir brukt som stadnamn på Huglo, til dømes *Johannes på loftet* eller *Den gamle muren*. Men dei syntaktiske skilnadane mellom dei fleste stadnamna er morfesyntaktiske – dei har med innhaldet i substantiva å gjere.

Relasjonane mellom fonologiske og syntaktiske strukturar skildrar eg med korrespondanseskjema for å teste den første hypotesen min, at stadnamnkunnskap ikkje skil seg frå generell språkkunnskap i særleg grad. Så samanliknar eg frekvensen til bestemtheitsendingar, samansetjingsfuger og adjektivendingar for å teste den andre hypotesen min, at namneinventaret frå Huglo ikkje skil seg i særleg grad frå dei frå Stord.

4.1 Affiks

Eit affiks er ein liten fonologisk struktur som blir knytt til røter for å lage større, meir komplekse strukturar, anten det er gjennom bøyning eller avleiing. Til dømes er *en-*endinga i *Dalen* og *dom-*endinga i *Ungdomshuset* begge affiks. Namneinventaret frå Huglo inneheld fleire typar affiks, men dei tre mest frekvente er bestemtheitsendingar, samansetjingsfuger og adjektivendingar. Desse tre typane blir handsama i dette delkapittelet.

Bestemtheitsendingar


Liste 4.2

Terrengnamn
i ubestemt form

Bjørnshi
Brattaberg
Bruskjer
Geitheller
Grønhaug
Halatjørnskar
Hamm
Hønsbærhaug
Kolthaug
Laukhammarsund
Liarehaug
Litlaskar
Ljosolderhaug
Methaug
Mjølkheller
Niphaug
Nonshaug
Osarehaug
Parishamn
Sjelmerhaug
Sjonarhaug
Skjenstø
Storaskar
Storeferhaug
Storsøyhamn
Svartups
Svoberg
Urabø
Vedafamn
Vestbø

Bestemtheitsendingar, som *-o* i *vikjo* og *-en* i *haugen*, fortel om grammatiske tal og bestemtheit i stadnamn og andre substantiv. For å vise i detalj korleis stadnamn innlemmar bestemtheitsendingar, analyserer eg namnet *Tveitøyane* frå Huglo. Bestemtheitsaffikset *-ane* i dette namnet merkar seg ut med tanke på grammatisk kjønn. Sjølv om substantivet *øy* tilsynelatande er eit hokjønnssubstantiv, får det bestemtheitsaffikset *-ane*, som vanlegvis knyter seg til hankjønnssubstantiv. Andre namn frå Huglo som gjer det same er *Gullrumpemyrane*, *Korsvikane*, *Tyskevikane* og *Hansavikane*.

Regelen for bestemtheitsendinga *-ane* analyserer eg med korrespondanse-skjemaet i (4.1). Skjemaet er bygd opp rundt den opne variabelen, *y*. Variabelen kan bli fylt av ein korrespondanse mellom eit fonologisk ord og eit hankjønnssubstantiv. Når denne variabelen er fylt, er skjemaet fullstendig, og ordet får det rette affikset gjennom korrespondanse *z*. På denne måten kan til dømes ordet *haug* bli til *haugane*. Korrespondanse *x* fortel at heile ordet svarar til kategorien *substantiv*, og på denne måten kan det bli ein del av frasar og setningar.




Men korleis kan hokjønnssubstantivet *øy* i *Tveitøyane* fylle variabelen *x* i (4.1)? Variabelen krev eit hankjønnssubstantiv, men *øy* er eit hokjønnssubstantiv. Det er utilfredsstillande å seie at substantivet *øy* følgjer eit irregulært bøyingsmønster i fleirtal, på same måte som ordet *mann* blir til *menn*, ikkje **mannar*. Ein slik analyse verkar forenklande når bøyinga følgjer det vanlege mønsteret for hankjønnssubstantiv.

Det er òg utilfredsstillande å seie at *øy* er eit hokjønnssubstantiv som blir bøygd som hankjønnssubstantiv i fleirtal; ein kunne like godt ha sagt at ordet er eit hankjønnssubstantiv som blir bøygd som eit hokjønnssubstantiv i eintal. Eg ser ingen grunn til at eintalsforma bør ha forrang over fleirtalsforma når det gjeld inndeling av substantiv i kjønn. Korleis bør ein representere tilhøvet mellom substantivet *øy* og bøyingsaffiksa det tek?

Det er ingenting i vegen for at det fonologiske ordet *øy* har to korrespondande syntaktiske strukturar, eit hankjønnssubstantiv og eit hokjønnssubstantiv. Dette er illustrert i (4.2). Her knyter det fonologiske ordet *øy* seg til to syntaktiske strukturar: ein for eintal og ein for fleirtal. Desse strukturane er likestilte – fleirtalsbøyinga er dermed ikkje eit unntak frå eintalsbøyinga.


(4.2) Fonologi Syntaks



Korrespondanse 3 fortel at *øy* i eintal er eit hokjønnsstavn. Korrespondanse 4 fortel at *øy* i fleirtal er eit hankjønnsstavn. På denne måten får stavnivet dei rette bestemtheitsendingane: *øya* og *øyane*.

Eit korrespondanseskjema for *Tveitøyane* er illustrert i (4.3). Korrespondanse 4 fortel at *øy* er eit hankjønnsstavn i fleirtal. Merk at korrespondanse 4 er teken rett frå (4.2), og korrespondanse 1 og 2 er tekne rett frå (4.1). Dermed er skjemaet for *Tveitøyane* bygd opp av mindre skjema. Og når namnet er delt opp på denne måten, er det mogleg å sjå kva som er unikt for dette namnet og kva som er generell språkkunnskap.

(4.3) Fonologi Syntaks



Korrespondanse 5 og 6 høyrer til unik stadnamnkunnskap. Korrespondanse 5 fortel at ordet *Tveitøyane* er eit stavn i leksikonet – dette samansetjinga blir berre brukt som stadnamn. Korrespondanse 6 fortel at *tveit* er eit hokjønnsstavn. Dette ordet blir ikkje lenger brukt som appellativ; det finst berre i stadnamn som til dømes *Tveit* og *Tveitevatnet*.

Resten høyrer til generell språkkunnskap. Korrespondanse 1 og 2 kjem frå skjemaet for bestemtheitsendinga *-ane* i (4.1). Dette skjemaet høyrer til generell språkkunnskap. Korrespondanse 4 fortel at ordet *øy* blir bøygd som eit hankjønnsstavn i fleirtal. For å oppsummere, inneheld namnet *Tveitøyane* to korrespondansar som høyrer til unik stadnamnkunnskap, og tre korrespondansar som høyrer til generell stadnamnkunnskap.

Kva er tilhøvet mellom bestemtheitsendingar og namneinventara frå Huglo og Stord? Dei aller fleste namna frå Huglo er i bestemt form – det finst berre om lag 35 namn i ubestemt form. Av desse er 8 bustadnamn. På Stord er det òg ein del bustadnamn i ubestemt form (sjå tabell 4.1).

Når det gjeld *terrengnamn*, namn som ikkje denoterer bustadar, skil Huglo seg ut. På Huglo finst det 27 terrengnamn i ubestemt form (sjå liste 4.2). I namneinventara frå Stord er det berre nokre få slike terrengnamn. Aarø skriv at «så å seie alle stadnamn i dette tilfanget står i [bestemt] form» (Aarø

Tabell 4.1: Bustadnamn i ubestemt form

Stautland (1976)	Aarø (1974)	Huglo
<i>Almås</i>	<i>Agdestein</i>	<i>Dalland</i>
<i>Digernes</i>	<i>Høyland</i>	<i>Haukanes</i>
<i>Haugatun</i>	<i>Isdal</i>	<i>Myrvoll</i>
<i>Nes</i>	<i>Leirvik(a)</i>	<i>Nyland</i>
<i>Nysæter</i>	<i>Lønning</i>	<i>Rossbø</i>
<i>Vikanes</i>	<i>Økland</i>	<i>Solheim</i>
<i>Øvrebø</i>	<i>Ådland</i>	<i>Solli</i>
<i>Ålund</i>		<i>Tveit</i>
<i>Åsheim</i>		

1974, 14). Dei einaste terrengnamna i ubestemt form hos Aarø (1974) er *Svartups, Dalsskar, Merrli* og *Svinasund*.

Stautland skriv at namneinventaret hans nesten utelukkande består av namn i bestemt form (Stautland 1976, 4). Dei einaste terrengnamna eg fann i ubestemt form var *Hammarhaug, Midtsmog, Raukleiv, Idlekleiv* og *Revur*. I tillegg kjem tre humoristiske namn: *Storefoss*, eit ironisk namn brukt om ein liten foss, *Svartanhus*, eit konstruert namn brukt om ein stor stein, og *Solvang*, eit nybrot med namn sett saman av namna til brukarane, *Solveig* og *Ragnvald* (uttala /rangva:l/) (Stautland 1976, 172). Det vil seie at det finst 5 terrengnamn i ubestemt form hos Stautland (1976) og 4 hos Aarø (1974). På Huglo finst det heile 27, sjølv om namneinventaret er om lag halvparten så stort som dei andre.


Heile 13 av namna i liste 4.2 sluttar på *-haug*. Haslum har notert at det òg finst samsvar mellom ubestemt form og ordet *haug* på Tysnes, som ligg nett nord for Huglo (sjå figur 1.2). Han skriv:

I store deler av [området som Tysnes og Huglo høyrer til] er det normalt at enkelte frekvente grunnord, gjerne ett eller to, forblir forbausende motstandsdyktige mot artikkelen etter at den ellers har gjennomstyret navneinventaret. I mange vestlandsbygder er grunnordet *haug* det eneste som ofte mangler artikkel. (Haslum 2003, 261)

Kva skyldast skilnaden mellom namneinventaret frå Huglo og dei frå Stord? Sjølv om Stord og Huglo ligg attmed kvarandre, er det ifølge Vidar Haslum ei dialektgrense som skil dei frå kvarandre. Huglo ligg nemleg nett innanfor det som Haslum kallar for variasjonsområdet, eit område i Sør-Noreg der det finst «betydelige forekomster av sammensatte terrengnavn i ubestemt form singular» (Haslum 2003, 31). Dette er illustrert i figur 4.1, der linja viser den vestlege grensa til variasjonsområdet. Huglo er markert med ein raud ring.

Variasjonsområdet har ikkje alltid eksistert. Alle stadnamn hadde ubestemt form i tida før den bestemte artikkelen kom inn i språket. Dei eldste skriftlege kjeldene med stadnamn i bestemt form er frå 1200-talet, men overgangen frå ubestemt til bestemt form byrja ikkje å skyte fart før på 1300-talet (Haslum 2003, 2). Haslum påstår at overgangen frå ubestemt til bestemt

Figur 4.1: Sørvestlandske grensa til variasjonsområdet



Aust for linja er variasjonsområdet. Frå Haslum (2003, 34).

form i stadnamn er språkleg innovasjon som byrja i området rundt Trondheim og spreidde seg ut derifrå. Stadnamna i resten av landet har stått imot språkendinga i ulik grad. Dette viser kartet i figur 4.2.

Innanfor ringen rundt Trondheim har nesten alle stadnamn bestemt form, bustadnamn så vel som terrengnamn. Det kvite området utanfor ringen heiter normalområdet hos Haslum. Der har nesten alle bustadnamna ubestemt form, men nesten alle terrengnamna har bestemt form. Det skraverte området viser variasjonsområdet, der ein del terrengnamn har ubestemt form. I kjernen av variasjonsområdet, i Aust-Agder og Telemark, ligg prosenten av artikkellause terrengnamn på om lag 30 % (Haslum 2003, 334). I randområda, som Huglo høyrer til, har mellom 5 % og 10 % av samansette terrengnamn ubestemt form (Haslum 2003, 334). På Huglo har om lag 4 % av namna ubestemt form, som tyder på at øya er på den ytste randen av variasjonsområdet.

I overgangen frå ubestemt til bestemt form må det vere ein mellomperiode der namn vaklar mellom bestemt og ubestemt form. Eg har funne nokre namn frå Huglo som er heimla både i bestemt og ubestemt form (sjå liste 4.3). I namnelista og i statistikken har eg teke med formene som svarar til den mest truverdige uttalen i dag. Der skriftformer og skriftlege uttaleformer spriker, har eg normert namnet etter uttaleforma. Der skriftlege uttaleformer og lydopptak spriker, har eg normert etter lydopptaket. Med skriftlege uttaleformer meiner eg både lydskrift og uttalenære skrivemåtar.

Nokre gongar er det umogleg å høyre om eit namn har bestemt eller ubestemt form. Dette gjeld til dømes alle namna som sluttar på *-led(et)* og *-træ(et)*. Stautland og Aarø normaliserer desse namna til *-ledet* og *træet* i bestemt form, sidan nesten alle namna der har bestemt form (Aarø 1974, 14), (Stautland 1976, 148–149). Det same har eg òg gjort. Men på Huglo kan det godt vere at nokre av namna på *-ledet* og *-træet* skulle ha vore i ubestemt form.


For å oppsummere, høyrer bestemtheitsendingar til generell språkkunnskap, men undersøkinga til Haslum viser at frekvensen til bestemtheitsendingar kan vere eit særtrekk ved namneinventar. Namneinventaret frå Huglo ligg i den ytste randen til variasjonsområdet, men Stord ligg utanfor. Ein litt høgare frekvens av namn i ubestemt form høyrer til stadnamnkunnskapen på Huglo, men det er vanskeleg å skildre frekvens med modellen slik han er no.

Samansetjingsfuge

Dei fleste namna i namneinventaret er samansette, og mange av dei inneheld ei samansetjingsfuge – anten *-a*, *-e* eller *-s*. Norsk har hatt fleire måtar å lage samansetjingar på i lang tid. Eg har delt opp samansetjingstypene i to hovudbolkar: samansetjingar der forleddet er *bøygd i genitiv*, og samansetjingar der forleddet er *ubøygd*.

Genitivssamansetjing byrja under det germanske språktrinnet, og det var vanleg fram gjennom det gamalnorske språktrinnet (Conzett 2016). I islandsk er genitivssamansetjinga stadig produktiv, og språket har heldt på

Figur 4.2:
Variasjonsområdet



Skraveringen viser variasjonsområdet. Frå Haslum (2003, 35)

Liste 4.3

Stadnamn heimla både bestemt og ubestemt form

Niphaug(en)

Sjønhammar(en)

Bjørnshi(et)

Gurevik(a)

Storsøy(a)

Nonshaug(en)

Ljosolderhaug(en)

Svoberg(et).


Figur 4.3: Tveitøyane og Kvinnherad, sett frå Høgafjellet



I atterskinet ligg *Tveitøyane*. I bakgrunnen ligg Kvinnherad og variasjonsområdet. Foto: Jesse Bratt, januar 2017.

dei gamle endingane. Ein kjenner att vanlege genitivsendingar i gamle stadnamn, til dømes *Árbær* og *Stokkseyri*. I genitiv blir ordet *á* bøygd til *ár*, og ordet *stokk* blir bøygd til *stokks*. Desse er dei vanlege genitivsformene som blir brukt i substantivfrasar. Slik fungerte det i gamalnorsk òg, og mange av stadnamna laga i den perioden er enno i bruk.

Eg skildrar genitivssamansetjing med korrespondanseskjemaet i (4.4). Korrespondanse *d* fortel at første ordet i samansetjinga blir bøygd i genitiv. Dette ordet er representert av korrespondanse *c*. Korrespondansane *a*, *b* og *e* fortel at heile ordet er sett saman av to substantiv, og at det eine er underlagt det andre. Merk at dette skjemaet gjeld morfosyntaks, ikkje frase-syntaks. Det seier ingenting om bøyging i frasar – kategorien på toppen av den syntaktiske strukturen er N, ikkje NP.




Merk òg at skjemaet seier ingenting om uttalen til dei ulike gamalnorske genitivsendingane, *-ar*, *-u*, *-o*, *-s*, og *-i*. Korrespondanseskjema for dei ulike

genitivsaffiksa kan ein skrive etter mønsteret i (2.20) og (4.1), der syntaktiske særtrekk i eit substantiv blir assosiert med eit fonologisk affiks. Møtet mellom skjemaet for dei ulike genitivsaffiksa og skjemaet i (4.4) vil gi det rette affikset til første ordet i genitivssamansetjingar.

Sjølv om språket mista dei gamle genitivsaffiksa (utanom *-s*) finn ein samansetjingsfuger i dag som er identiske med dei. Seks stadnamn på Huglo inneheld framleis *-ar* affikset, som gjaldt for sterke hokjønnsord i genitiv.³ Ofte har ein innskotsvokal *-e* kome til etterpå, slik at affikset i dag uttalast *-are*. Liste 4.4 viser alle dei 17 namna frå Huglo med *ar(e)*-fuge.

Det er vanskeleg å vite om desse namna faktisk var genitivssamansetjingar laga før 1400-talet. Men det finst i alle fall to namn frå liste 4.4 som truleg er ekte genitivssamansetjingar: *Osarehaug* og *Liarehaug*. Desse namna har har nemleg òg ubestemt form, og samanfallet av desse to gamle grammatiske trekka gjer det rimeleg å forvente at desse namna vart laga før oppløysinga av genitivsbøying i norsk. Figur 4.4 viser korleis *Osarehaug* vart laga som eit sekundærnamn til *Elvaosen*. I dag står det hus på *Osarehaug*. Det gamalnorske namnet, **Ósarhaugr*, representerer eg med korrespondanseskjemaet i (4.5).

Her er skjemaet for genitivssamansetjing frå (4.4) ein del av namnet. Korrespondanse 3 fyller variabelen *d*, og fortel at særtrekket genitiv heng saman med affikset *-ar*. Korrespondanse 4 fyller variabel *c* – dette er ordet som blir bøygde. Korrespondanse 1, 2 og 5 fyller variablane *a*, *b* og *e* – dei fortel at namnet er sett saman av to ulike substantiv.




I dag høyrer korrespondanse 2 og 3 til unik stadnamnkunnskap. Dei fortel at *osar(e)* er eit substantiv, og at *ar(e)* er eit affiks. I gamalnorsk, der ein hadde eit utvida bøyingmønster for genitiv, høyrde desse korrespondansane til generell språkkunnskap. Affikset *-ar* var eit vanleg affiks, og ordet *osar* vart brukt i frasar òg. Etter genitivsendinga *-ar* forsvann ut av bøyingmønsteret, vart ho likevel verande i ein del stadnamn. Det som før var generell språkkunnskap har blitt til unik stadnamnkunnskap.

Medvitne stadnamnbrukarar veit gjerne at *ar*-affikset er ei gamal genitivs-ending. For dei vil *ar*-affikset høyre til generell språkkunnskap. Men eg trur dei fleste tenkjer på desse affiksa som ein del av namna, ikkje eit sjølvstendig affiks som blir lagt til med ein regel. Derfor reknar eg *ar(e)*-fuge som ein del av unik stadnamnkunnskap.

Korrespondanse 1 er òg unik stadnamnkunnskap: Han fortel at **Ósarhaugr*

³ Eit liknande affiks er *-ja*-endinga i namn som *Nesjabakken*, *Nesjaflua* *Nesjahaugane*. Dette var òg ei gamal genitivs-ending: *nes + ja*.

Figur 4.4: *Osarehaug* og *Elvaosen*



Kartverket.
Målestokk: 1 : 2000.

Tabell 4.2: Namn med s-fuge

<i>Anbjønnsholet</i>	<i>Hundsryggen</i>	<i>Reinertsvika</i>
<i>Bjørnshi</i>	<i>Jakobshagen</i>	<i>Rongesdalen</i>
<i>Edlensneset</i>	<i>Jakobshaugen</i>	<i>Samsonsbyggja</i>
<i>Edlensvika</i>	<i>Johansbyggja</i>	<i>Samsonshagen</i>
<i>Engelshølen</i>	<i>Nilsensdalen</i>	<i>Samsonshalla</i>
<i>Fenagardshaugen</i>	<i>Nonshaug</i>	<i>Simsensflua</i>
<i>Foremannsneset</i>	<i>Nonshaugen</i>	<i>Sjøstjørna</i>
<i>Gardsenden</i>	<i>Nonsstykket</i>	<i>Sjøsvegen</i>
<i>Gardskroken</i>	<i>Nordavindshaugen</i>	<i>Spannsteigane</i>
<i>Gudmundsbekken</i>	<i>Ommsneset</i>	<i>Spannsteigen</i>
<i>Halvfjerdingshaugane</i>	<i>Ommsvika</i>	<i>Stabbursbakken</i>
<i>Halvfjerdingshølen</i>	<i>Pensjonslia</i>	<i>Træsvika</i>
<i>Halvfjerdingsmyra</i>	<i>Reinertshalla</i>	<i>Uvørsvegen</i>
<i>Hildershaugane</i>	<i>Reinertsstøa</i>	<i>Øysteinshagen</i>

var eit stadnamn i leksikonet. Korrespondansane 4 og 5 høyrer til generell språkkunnskap. Dei fortel at orda *haug* og *os* er substantiv, og dei er vanlege i språket. For å oppsummere, inneheld *Osarehaug* tre korrespondansar som høyrer til unik stadnamnkunnskap og 2 korrespondansar som høyrer til generell stadnamnkunnskap.

Liste 4.4

Namn med *ar(e)*- fuge

Askarehola
Askarevollen
Dyngjarebakken
Etarebakkane
Jektarebakken
Kannarebakkane
Klokkarehola
Liarehaug
Osarehaug
Osarehaugsmyra
Sjoarebakken
Sjoarebrekka
Sjoarebrota
Sjoarevegen
Sjoarhaugen
Skitarekråa
Slaktarehola

Det finst òg stadnamn med *ar(e)*-fuge på Stord. Stautland heimla 17 (Stautland 1976, 175), og Aarø heimla berre 3: *Sjoartrappa*, *Vidjarebakken* og *Skogarehaugen*. Når Huglo har 17 slike namn, tyder det at prosent er ein del høgare sidan inventaret er så mykje mindre. Men sjølve tala (3, 17 og 17) er så låge at dei ikkje seier så mykje om namnekunnskapen. Eg konkluderer derfor med at namnekunnskapen på Huglo er nokså lik han på Stord når det gjeld *ar(e)*-fuge.

I analysen av dei ulike fugene, har eg avgrensa analysen til namn med to namneledd (sjå side 28). Både Aarø og Stautland analyserer sine namneinventar på denne måten, og når eg òg gjer det, blir grunnlaget for samanlikning likt. I alt tel eg 322 toledda samansetjingar der førsteleddet er eit substantiv. Dei ulike prosentrekningane som følgjer tek utgangspunkt i dette talet. Vidare i dette delkapittelet refererer eg til desse namna som toledda namn; det skal vere underforstått at førsteleddet er eit substantiv.

Sjølv om dei fleste genitivsaffiksa er borte i dag, har språket eitt siste overlevande genitivsaffiks: *-s*. Det er vanskeleg å seie om *s*-affiksa i namneinventaret er faktiske genitivsendingar eller samansetjingsfuger utan syntaktisk relevans, som *a*-fuge og *e*-fuge. Tabell 4.2 viser alle 39 toledda namna frå Huglo som inneheld eit *s*-affiks. Til saman utgjer dei om lag 12 % av alle toledda namn frå Huglo.

Det finst fleire mannsnamn som blir brukt som førsteledd: *Annbjørn*, *Edlen*, *Engel*, *Gudmund*, *Jakob*, *Nilsen*, *Johan*, *Reinert*, *Samson* og *Øystein*. I desse namna er det eit eigarskapsforhold eller annan assosiasjon mellom personen og staden. Nokre ord var kanskje samansett med *-s* før namnet vart laga, til dømes *Spannsteigen*. Inkjekjønnsstamordet *spann* er ei gamal ei-


ning for jordskyld. Ein *spannsteig* er såleis ein teig som skylder eit *spann*. Samansetjinga er så frekvent i stadnamn at det er mest som eit grunnord å rekne. Det finst over 200 stadar med namnet *Spannsteig* i *Hordanamn-databasen*, og fleire av dei har eit presiserande forledd, til dømes *Turrespannsteigen* i Tysnes, *Svispannsteigmyra* i Os og *Kassaspannsteigen* i Sund, laga til mannsnamnet *Karsten*.

Stautland heimla 68 namn med *s*-affiks, om lag 9 % av alle toledda namn (Stautland 1976, 180). Aarø heimla 90 namn med *s*-affiks, om lag 14 % av alle toledda namn (Aarø 1974, 154). På Huglo har 12 % av toledda namn eit *s*-affiks. Prosentane ligg ganske nære kvarandre, som tyder at namneinventara frå Stord og Huglo er like når det gjeld genitivssamansetjing.

Til liks med bestemtheitsendingane, er det ein del variasjon mellom kjeldene i namneinventaret når det gjeld samansetjingsfuger. Til dømes er det to heimla versjonar av namnet på eit nes på nordvestsida av Huglo: *Storsteinsneset* med *s*-affiks og *Storsteineneset* med *e*-affiks. I dei normerte skriveformene i namnelista, har eg følgd same prinsippet som for bestemtheitsendingane. Der skriftformer og skriftlege uttaleformer spriker, har eg normert namnet etter uttaleforma. Der skriftlege uttaleformer og lydopptak spriker, har eg normert etter lydopptaket.

Når det gjeld samansetjing utan bøyge ord i forleddet, finst det to ulike variantar – dei *med fuge* og dei *utan fuge*. Samansetjingar *med fuge* har ein hatt sidan urnordisk tid, då regelen var stomnsamansetjingar med ei fuge bestemt av stomnvokalen. I tillegg vart dei gamle genitivsaffiksa frå kassusamansetjingane omtolka som samansetjingsfuger. Dei gamle affiksa *-u*, *-o*, og *-i* vart til *-e*, medan *-ar* vart som oftast til *-a*.

Det er såleis to kjelder til fugene vi har i dag: restar av urnordiske fuger bestemt av stomnvokalar, og rester av gamalnorske genitivsaffiks. I dag har fuger ingenting å seie for syntaktisk struktur. Dette representerer eg med eit skjema for *a*-fuge i (4.6). Skjemaet er laga på same måte som eit døme frå afrikaans i Jackendoff (2010a, 76–77). Her manglar det fonologiske affikset /a/ korrespondanse til syntaks. Korrespondanse *x* fortel at det samansette ordet er eit substantiv bestående av to andre substantiv, representert med korrespondansane *y* og *z*.




Dette skjemaet kan forståast som ein spegelvendt versjon av syntaktiske null-affiks, som til dømes bøyging av inkjekjønnsstavn i fleirtal ubestemt. Det heiter altså *eit hus*, men òg *fleire hus*. Med null-affikset for fleirtal er det ein syntaktisk struktur, bøyginga *fleirtal ubestemt*, som manglar ein korrespondanse til fonologi. I (4.6) er det ein fonologisk struktur, fuga, som manglar ein korrespondanse til syntaks.

Samansetjing utan fuge byrja i gamalnorsk tid då fugene frå mange urnordiske samansetjingar forsvann ved synkope. Basert på slike samansetjingar byrja folk å lage stomnsamansetjingar, altså samansetjingar *utan* fuge. Både stomnsamansetjing og fugesamansetjing er produktive i dag. For å vise korleis samansetjing med og utan fuge fungerer i parallell-arkitekturen, analyserer eg at namna *Geitanuten* og *Geithaugen*. I (4.7) gir eg att dei fonologiske strukturane som namna inneheld.

(4.7)	1affiks	2affiks	3ord	4ord	5ord
	/a/	/en/	/jeit/	/høʉg/	/næt/

Desse fem ulike fonologiske strukturar, saman med skjemaet i (4.6), gir namna *Geithaugen* og *Geitanuten*. Dette er illustrert i (4.8). Her blir alle variablane frå (4.6) fylt ut av korrespondansane til dei fonologiske affiksa i (4.7). Korrespondanse 1 fortel at *a*-affikset er samansetjingsfuga i namnet *Geitanuten*. Merk at denne korrespondansen manglar frå den syntaktiske strukturen til høgre. Korrespondanse 3 fortel at begge namna har hokjønnsst substantivet *geit* som forledd. Korrespondanse 2 fortel at begge orda er bøygd i bestemt eintal.



Fleire plassar finst det to ulike korrespondansar på same struktur. Korrespondanse 6 og 7 fortel at det finst to ulike substantiv med kvar sin uttale: *Geitanuten* og *Geithaug*. Korrespondanse 8 og 9 fortel at kvart hovudledd er eit bøygd ord: *nuten* og *haugen*. Korrespondanse 4 og 5 fortel at dei bøygdde orda har kvart sitt hankjønnsst substantiv som rot, *nut* og *haug*.

Tabell 4.3 viser kva for korrespondansar høyrer til kvart namn og korleis namna kan delast opp i generell språkkunnskap og unik stadnamnkunnskap. Dei einaste korrespondansane som høyrer til unik stadnamnkunnskap her er 6 og 7, som fortel at *Geitanuten* og *Geithaugen* er innlegg i leksikonet – desse orda blir berre brukt som stadnamn. Sjølve innhaldet i namna er sett saman av generell språkkunnskap.

Korrespondanse 1, som er knytt til *a*-fuga, er ein del av generell språkkunnskap: Det finst mange ord i språket som er sett saman med henne. Merk at ho finst i rekka for *Geitanuten*, men ikkje i rekka for *Geithaugen*. På denne måten viser eg at *a*-fuga ikkje er ein del av *Geithaugen*.

Korrespondanse 2, 3, 4 og 5 høyrer til generell språkkunnskap. Dei fortel om dei syntaktiske strukturane knytt til *-en*, *geit*, *haug* og *nut*. Korrespon-

Tabell 4.3: Korrespondansar i *Geithaugen* og *Geitanuten*

<i>Unik stadnamnkunnskap</i>						6	7	
<i>Generell språkkunnskap</i>	1	2	3	4	5			8 9
<i>Geitanuten</i>	1	2	3		5	6	7	8
<i>Geithaugen</i>		2	3	4		6	7	9

danse 8 og 9 høyrer òg til generell språkkunnskap. Dei fortel at *haugen* og *nuten* er norske ord. Desse orda blir mykje brukt elles i språket, ikkje berre i stadnamn. Til saman inneheld namna *Geitanuten* og *Geithaugen* to korrespondansar som høyrer til unik stadnamnkunnskap og sju korrespondansar som høyrer til generell stadnamnkunnskap.

Kor mange toledda namn med *e*-fuge og *a*-fuge finst det på Huglo? Og kor mange namn *utan fuge*? Figur 4.5 viser med eit søylediagram frekvensen til desse tre samansetjingstypene, der søylene er laga av sjølve namna. Det finst 128 namn med *a*-fuge, 60 namn med *e*-fuge og 121 namn med nullfuge.

Figuren viser at *a*-fuge og nullfuge dominerer namneinventaret, og at dei har om lag like mange namn. Talet på namn med *e*-fuge, 60, ligg ganske nær talet på namn med *s*-fuge, 43. Såleis delar samansetjingstypene seg i to bolkar, ein meir frekvent (*a*-fuge og nullfuge) og ein mindre frekvent (*e*-fuge og *s*-fuge).

Same mønsteret ser ein i namneinventaret til Stautland (1976). Tabell 4.4 viser at namneinventaret til Stautland òg delar seg i to bolkar på same måte som namneinventaret frå Huglo. Sjølv om Stautland har mange fleire toledda namn, er prosentane ganske like. Her tek eg ikkje med frekvensane frå Aarø (1974), sidan det er vanskeleg å forstå kva dei ulike prosentane er rekna ut frå..

For å oppsummere, skil ikkje stadnamnkunnskap seg frå generell språkkunnskap når det gjeld samansetjingsmåtar, utanom gamle genitivsaffiks som *-ar(e)*, som førekjem mest berre i stadnamn. Og namneinventaret frå Huglo skil seg ikkje frå dei frå Stord i særleg grad: Frekvensane til dei ulike samansetjingstypene er nokså like på begge øyane.

Tabell 4.4: Samanlikning av *a*-, *e*-, *s*- og nullfuge i toledda stadnamn

	Huglo	Stautland (1976)
<i>a</i> -fuge	128 (36,3 %)	236 (32,5 %)
<i>e</i> -fuge	60 (17 %)	135 (18,5 %)
<i>s</i> -fuge	43 (12,2 %)	68 (9,3 %)
nullfuge	121 (34,4 %)	289 (39,7 %)
totalt	352	729


Figur 4.5: Toledda samansetjingar delt inn etter fuge

Alvaberget	Lomatjørna				
Basaneset	Lurabekken				
Bekkjadalen	Luradalen				
Brakadalen	Lurastigen				
Brakaholmen	Lyraberget				
Brakalia	Lyragrunna				
Brurahelleren	Lyrahola				
Buaberget	Markakjelda				
Bukkaskjeret	Morkavatnet				
Buskadalen	Mosadalen				
Danglabakken	Moskamyra				
Elvabrotet	Moskamyra				
Elvaosen	Nakkabakkane				
Fjæraftua	Nakkadalen				
Fossabekken	Nakkastøa				
Fossaberget	Notahuset				
Fossahola	Ormalia				
Fossamyra	Orrahaugen				
Geilaledet	Otrahola				
Geitanuten	Peraneset				
Glupsaholet	Randakleiva				
Gråtakjelda	Ravnaskukken				
Gråtateigen	Resasteinen				
Hagaledet	Rindadalen				
Halatjørna	Ringatjørna				
Hampaflekket	Rotaflekket				
Hansahaugen	Rotamyra				
Hansavikane	Rotaneset				
Haugaledet	Ruskahalla				
Haugatjørna	Russastigen				
Haukanes	Sjurabryggja				
Havnameset	Skarvaberget				
Hesjavollen	Skarvaneset				
Hestasmettet	Skitnaledet				
Hopastykket	Skogadalen	Apalebakkane	Køyrslvegen		
Huglahammaren	Skorabakken	Apaleflua	Leirepallen		
Huglaholmane	Skotahola	Asalebrekka	Leiretjørna		
Huglaneset	Skrapastykket	Avløpeneset	Lindehaugen		
Huglavatnet	Skrubbahola	Badstovedalen	Lindekleiva		
Huglavika	Skutaberget	Bjollehaugen	Mekemyra		
Huldrahuset	Slippakaien	Bukkeskora	Mjølkehaugen		
Hundastigen	Smedaplasset	Elikebrotet	Mushåkerei		
Hønsahalla	Steffahola	Fiskingeneset	Nøglehaugen		
Jektastøa	Stigasletta	Flaskevika	Ospeflekket		
Jektavika	Stutaholet	Halvfjerdingsemyra	Ospehaugen		
Kalvahola	Svinaholet	Hardingekroken	Ospevika		
Kleivadalen	Svinasteinen	Hedningealteret	Paddeløken		
Klubbabekken	Tangaskjeret	Hiljestøa	Rauneflekket		
Klubbaneset	Taravika	Homannehaugane	Rennehalla		
Klubbastøa	Tussahola	Homannelia	Resestigen		
Klubbavegen	Urabø	Homanneneset	Ringabakken		
Klumpavika	Vedadalen	Homannestøa	Rusikehaugen		
Kobbastillet	Vedafamn	Høgsetehaugen	Salarereina		
Krokabakken	Vegaskifta	Ingegarden	Sendeflaten		
Krokabekken	Veraskora	Kattugleholet	Skarpebakken		
Krokamyra	Vikasanden	Kjerringereva	Skjerevika		
Kvarvadalen	Vikasakeret	Kjuklingehøna	Smiedalen		
Kvarvaneset	Vikastøa	Klokkarehola	Smievollen		
Kvarvaskora	Ørnahaugen	Kringlebekken	Stemmevatnet		
Kvernaglipen	Ørnatua	Kringledalen	Terneholmen		
Kvernahaugen	Øyaflua	Kringlehaugen	Tobakkekista		
Kvernavegen	Øyatangen	Kråkehaugen	Tveitvatnet		
Kvernavika	Øykjaholet	Kyrkjebakken	Vikingegravene		
Lambadalen	Ålatjørna	Kyrkjehaugen	Ørevika		
				Buneset	Nausthammaren
				Dalland	Nippaug
				Eldhusbakken	Nittentretten
				Eldhusåkeren	Oldervika
				Eldhusåkerleiet	Parishamn
				Fløyfjellet	Renhaugen
				Fløyhaugen	Risteigen
				Fruflekkene	Riststigen
				Fruflekket	Rossbø
				Frukostmyra	Rubbholmen
				Furedalen	Saddalen
				Fureholmen	Salthella
				Furekamben	Sandvika
				Geithaugen	Savatnet
				Geitheller	Sevdalen
				Gjertrudflekket	Sjelmerhaug
				Granlia	Sjønhammaren
				Gravåsen	Skarhaugen
				Gurevika	Skarvholmen
				Gurivika	Skjenstø
				Halvmannsskora	Skreddarhaugen
				Hushammaren	Skkvarsteinen
				Kalfaret	Skuttneset
				Kalkbrotet	Sleberget
				Kalkommen	Sokkaleisthola
				Kinnreidalen	Solbakken
				Klubbholmen	Solheim
				Klungerholmane	Solkroa
				Klårtehølen	Solli
				Kolthaug	Steinbrotet
				Komleneset	Steinflekket
				Koneledet	Steinhagen
				Koparholet	Steinluren
				Korsneset	Stillingeneset
				Korsvikane	Svehaugen
				Kristaforsteinen	Svekløpet
				Kubbholmen	Svinhushelleren
				Kuhelleren	Svoberg
				Kvernhushølen	Svoberget
				Leirflekket	Tjorbeitet
				Leirflua	Torvhuset
				Leirvika	Torvmyra
				Lenåsen	Torvskurden
				Limbuvisa	Torvsmoget
				Ljosolderhaug	Tveitgruvene
				Lomtjørna	Tveitneset
				Lyholene	Tveittjørna
				Løbakken	Tveitvågen
				Løhaugen	Tveitøyane
				Løåkeren	Tømberskotet
				Løåkerleiet	Vassbakken
				Løåkerreina	Vassbrekka
				Methaug	Vasshaugen
				Meåsen	Vassvika
				Mjølkheller	
				Moldmyra	
				Myrvoll	
	a-fuge		e-fuge		null-fuge

Adjektivendingar

Det finst mange adjektiv i namneinventaret, og dei fleste har eit *e-* eller *a-* affiks etter seg. Det er uklart om desse bør reknast som adjektivendingar eller som samansetjingsfuge. I substantivfrasar er det substantivet som avgjer kva endinga til adjektivet blir. Til dømes i frasen *den tronga vikjo* bestemmer dei syntaktiske særtrekka *femininum*, *bestemt* og *eintal* i ordet *vikjo* at adjektivet må ta suffikset /a/: *tronga*. Sagt på ein annan måte, blir særtrekka kopiert frå substantivet og sett inn som ein del av samsvarsbøyinga til adjektivet.


Denne tolkinga av samsvarsbøying representerer eg med skjemaet i (4.9). Bokstavane *x*, *y* og *z* er opne variablar som blir fylt ut av dei ulike særtrekka til substantivet. Variabelen *x* gjeld grammatisk kjønn, og *y* og *z* gjeld særtrekka i bøyinga, til dømes *bestemt* og *eintal*.




Merk at variablane *x*, *y* og *z* finst to gongar – ein gong i substantivet og ein i samsvarsbøyinga til adjektivet, representert med kategorien *Agr*.⁴ Om eit særtrekk fyller éin av variablane, fyllet det automatisk den andre. På denne måten samsvarar særtrekka i samsvarsbøyinga med særtrekka i substantivet.

⁴ Nemninga *Agr* kjem av dei tre første bokstavane i engelsk *agreement*, som tyder *samsvarsbøying*.

Korleis fungerer dette i praksis? Når det gjeld samsvarsbøyinga i stadnamnet *Øpsta Skora* på Huglo, trengst det eit skjema for *a-*endinga i ordet *øpsta*. Skjemaet må bestemme kva for eit fonologisk affiks korresponderer med samsvarsbøyinga. Dette er illustrert i (4.10). Under kategorien *Agr* står særtrekka *femininum*, *bestemt* og *eintal*. Den opne variabelen *w* fortel berre at denne regelen gjeld for *adjektiv*. Korrespondanse *z* fortel at adjektivet får suffikset /a/.




Men korleis kjem særtrekka til adjektivet seg vekk frå substantivet? Det sørger variablane x , y og z for i (4.9). Eg illustrerer korleis dette fungerer med pilene i (4.11). Dei viser korleis særtrekka går frå substantivet til adjektivet. På denne måten er adjektivet og substantivet bundne saman, og endringar i særtrekka til substantivet blir reflektert i samsvarsbøyinga til adjektivet. Til dømes hadde samsvarsbøyinga endra seg om substantivet endra seg frå eintal til fleirtal.



Liste 4.5
Namnefrasar
med adjektiv

Grunne Fluene
Litla Brandvikeneset
Litla Brandvik
Litla Fiskingeneset
Litla Salthella
Litte Sjønhammaren
Litla Storsøya
Litla Tveitøya
Nedsta Brua
Nedsta Ledet
Nordra Korsvika
Nordra Torvsmogebrekka
Nordre Hildershaugen
Nordre Høgehaugen
Nordra Rinda
Stora Brandvik
Stora Storsøya
Stora Tveitøya
Store Sjønhammaren
Søra Korsvika
Søra Rinda
Søra Torvsmogebrekka
Søre Hildershaugen
Vestre Brota
Øpsta Brua
Øpsta Ledet
Øpsta Skora

No er samsvarsbøyinga i adjektivet i (4.11) lik ho i (4.10). Det vil seie at ho har særtrekka *femininum*, *bestemt* og *eintal*. No er alle bitane på plass, og ein kan skildre heile namnet *Øpsta Skora* med korrespondanseskjemaet i (4.12). Merk at dette skjemaet tek i bruk både (4.11) og (4.10), i tillegg til regelen for *-o* endinga frå (2.20). Ordet *øpst* er eit avleidd ord med det superlative affikset *-st*, som har sin eigen syntaktisk struktur – dette ser eg bort frå i dette dømet.



Korrespondansane 1–3 fortel at ordet *øpsta* er eit adjektiv som er samsvarsbøygd i *femininum* *bestemt* *eintal*. Korrespondansane 4–6 fortel at ordet *skora* er eit hokjønnssubstantiv bøygd i *bestemt* *eintal*. Korrespondanse 7 fortel at stadnamnet *Øpsta Skora* er eit innlegg i leksikonet.

Korrespondanse 7 er den einaste som høyrer til unik stadnamnkunnskap. Substantivfrasen *Øpsta Skora* er eit stadnamn i leksikonet, men reglane og orda som namnet er laga av gjeld for heile leksikonet. Korrespondanse 1–3, som representerer adjektivet *øpsta*, er vanlege i språket utanom stadnamnkunnskap. Det same gjeld korrespondanse 4–6, som representerer substantivet *skora*. For å oppsummere, inneheld namnet *Øpsta Skora* éin korrespondanse som høyrer til unik stadnamnkunnskap og seks korrespondansar som høyrer til generell språkkunnskap.

Tabell 4.5: Gamle skrivemåtar av *Stora* og *Litla Brandvik*

Store Brandvik	Litle Brandvik
<i>Storabrandwik</i> (1452)	<i>Lillebranduigh</i> (1519)
<i>Store-Brandwiiken</i> (1453)	<i>Branduig</i> (1563)
<i>Storebrandwig</i> (1519)	<i>Lille Branduig</i> (1612)
<i>Store Branduig</i> (1563)	<i>Lille Branduigenn</i> (1614)
<i>Store Brandvig</i> (1723)	<i>Lille Brandwig</i> (1668)
	<i>Lille Brandvig</i> (1723)

I namneinventaret frå Huglo finst det 27 namn som *Øpsta Skora* – substantivfrasar med ei samsvarsbøying i adjektivet. Dei står oppført i liste 4.5. Alle namna er samsvarsbøygde etter det vanlege mønsteret for stordamålet (sjå tabell 2.4).

Dei einaste unntaka er skriftformene *Stora Brandvik* og *Litla Brandvik*. På grunn av den ubestemte forma til *Brandvik*, ville ein ha forventet *Store Brandvik* og *Litle Brandvik*. Brotet i mønsteret skyldast ein skriftleg tradisjon for å skrive namna i ubestemt form, sjølv om namna har bestemt form i uttalen: /stʊ:ra branvi:çç/ og /litla branvi:çç/.⁵ Det vil seie at samsvarsbøyinga stemmer med uttalen, men ikkje skrivemåten. (I *Norske Gaardnavne* står det i tillegg at uttalen var *vetla* i staden for *litla* (Rygh 1910, 84).)

Tradisjonen for å skrive desse namna med ubestemt form er gamal. Tabell 4.5 viser gamle skrivemåtar av dei to gardsnamna. Skrivemåtane for *Stora Brandvik* er henta frå (Rygh 1910, 139), skrivemåtane for *Litla Brandvik* er henta frå (Rygh 1910, 84).

Dei eldste skriveformene er begge i ubestemt form. Likevel finst det minst éin gamal skrivemåte for kvart namn i bestemt form: *Store-Brandwiiken* frå 1453 og *Lille Branduigenn* frå 1614. Skrivemåten *Store-Brandwiiken* er noko usikker. Han er frå ei omsetjing av eit dokumentet frå 1453 som vart gjort i 1734. Med tanke på samsvarsbøyinga er det berre skrivemåten *Storabrandwiik* frå 1452 som har samsvarsendinga *-a*.

På Stord heimla Aarø 23 namnefrasar med ei samsvarsbøying i første ordet, og alle følgjer det vanlege mønsteret for samsvarsbøying av adjektiv. Det einaste unntaket eg fann var *Nordre Kleiva*, men dette kan skyldast ein skrivefeil. I namnelista står namnet med *e*-ending, òg det same i uttalen. Men på side 113 blir same namnet skrive *Nordra Kleiva*, med *a*-ending. I namnelista til Stautland (1976) fann eg 82 slike namn. Alle saman følgde det vanlege mønsteret for samsvarsbøying.⁶ Det er uklart kvifor Stautland har så mange slike namn i inventaret sitt. Kan hende det skyldast måten han har samla inn namna på.

I alle tre namneinventara har namnefrasar samsvarsbøying som følgjer det vanlege mønsteret. Men held dette mønsteret for samansette namn? Tabell 4.7 viser alle namn frå Huglo som er toledda substantiv med eit adjektiv som føreledd. Når det gjeld *e*-fuge, er det tre namn som ikkje passar inn i bøyingsmønsteret: *Grønevika*, *Klenemyra* og *Kvitemyra*. For desse namna hadde ein forventet endinga *-a*. Når det gjeld *a*-fuge, er det fire namn som

⁵ Bestemtheitsendingane var hovudtemaet i ei namnesak om *Stora* og *Litla Brandvik*, der grunneigarane i Brandvikane og Stord kommune klagde på skrivemåtane *Litla Brandvika* og *Stora Brandvika*, som hadde blitt tilrådde av Namne-konsulenttenesta i samband med ein atlasrevisjon. Klagen fekk gjennomslag, og *Stora Brandvik* og *Litla Brandvik* er framleis offisielle skrivemåtar. Saka vart avslutta i 2004 (referansenummer 321-12-4 hos Namne-konsulenttenesta).

⁶ For namna *Stora* og *Litla Tøker* var det ikkje råd å sjekke for samsvar fordi både tydinga og det grammatiske kjønnet til *Tøker* er uvisse. Stautland har tolka ordet som ei form for inkjekjønnsordet *tøkje* (innhegning for dyr) og endinga *-a* styrker denne tolkinga (Stautland 1976, 172).

ikkje passar inn i bøyingsmønsteret: *Langaskjera*, *Brattaberg*, og *Storaskar*. Ingen namn med adjektiv som forledd har s-fuge.

Aarø heimla 85 toledda namn med eit adjektiv som forledd, og ho skriv at dei «stort sett» følgjer det vanlege bøyingsmønsteret (Aarø 1974, 157). Stautland heimla 120 toledda namn med eit adjektiv som førsteledd. Han òg skriv at bøyingsverket «stort sett» er gjennomført (Stautland 1976, 183–184). Avvik blir hos begge tilskrivne anten analogi eller oblik kasus i ei eldre form av det aktuelle namnet.

For å oppsummere, høyrer samsvarbøying til generell språkkunnskap, og bøyingsmønsteret er fullstendig gjennomført i namneinventara frå Huglo og Stord når det gjeld namnefrasar. Når det gjeld samansette stadnamn er det berre nokre få unntak frå mønsteret. Namneinventaret frå Huglo skil seg ikkje frå Stord med tanke på rolla samsvarbøying av adjektiv har i stadnamn, men av ein ukjent grunn har Stautland (1976) særleg mange namnefrasar.

Figur 4.6: Rotur på *Litla Brandvikvågen*, med *Litla Brandvik* i bakgrunnen



Foto: Severin Kannelønning

4.2 Røter

Namneinventaret inneheld mange ulike røter, og dei to mest frekvente typane er substantiv og adjektiv. Kvart substantiv har eit grammatisk kjønn. Denne kunnskapen representerer eg med eit korrespondanseskjema som bind saman eit fonologisk ord og eit substantiv med det rette grammatiske kjønn. Adjektiv har ingen grammatisk kjønn. Hos dei er det berre sjølv kategorien *adjektiv* som korresponderer med det fonologiske ordet. Dette er illustrert i (4.13) for adjektivet *grøn* og substantivet *skjer*.

Figur 4.7: Namn med adjektiv som førsteledd

Tyskefluene		Småfurene
Tyskevikane		Småhaugane
Grønevika	Langaskjera	Blågrotta
Klenemyra	Djupavika	Brevika
Kvitemyra	Gamlastøa	Gullrumpa
Bestebakken	Litlamyra	Litløya
Flatehaugen	Raudaflua	Midtflua
Flatesteinen	Raudaskreia	Nordhuglo
Høgehaugen	Storalona	Sørhuglo
Indrefossen	Brattaberg	Storøya
Kalddalen	Gamlasmoget	Midtfjellet
Klenevågen	Høgabrotet	Midtmeset
Langehaugen	Høgafjellet	Midtun
Langeholmen	Kvitaledet	Nyland
Langenuen	Litlaskar	Nylendet
Langetangen	Nyaledet	Raudberget
Littlepallen	Rundaflakket	Svartups
Littlestigen	Raudaneset	Fagerdalen
Littlestølen	Storaskar	Flatholmen
Nyefloren	Storaskjeret	Grønhaug
Rundehaugen	Storavatnet	Storåkeren
Storeholmen	Slettafjellet	Tyskammen
e-fuge	a-fuge	Vestbø
		null-fuge

(4.13) Fonologi Syntaks

1ord	2ord	1Adj	$\begin{bmatrix} \text{N} \\ \text{neut} \end{bmatrix}$
/grø:n/	/sje:r/		

Nokre ord får ulik uttale avhengig av den syntaktiske strukturen dei korresponderer med. Til dømes blir ordet *vik* uttalt /vi:k/ i samansetjingar som forledd, men når *vik* er kjernen, blir det uttalt /vi:cç/. Dette gjeld òg for *bakke* – *bakkjen* og *bekk* – *bekken*. Dei syntaktiske vilkåra for dei to ulike uttala-representerer eg med korrespondanseskjemaet i (4.14). Her står det to syntaktiske strukturar, ein enkel og ein samansett. Den enkle, som står øvst, representerer ordet *vik* slik det blir brukt som underledd i samansetjingar. Her er ordet ubøygd. Den samansette, på botnen, representerer ordet *vik* når det er hovudledd i bestemt eintal, med uttalen *vikjo*.


(4.14) Fonologi Syntaks

3ord	$\begin{bmatrix} \text{N} \\ \text{fem} \end{bmatrix}$
/vi:k/	
4ord	$\begin{array}{c} \text{N} \\ \swarrow \quad \searrow \\ \begin{bmatrix} \text{N} \\ \text{fem} \end{bmatrix} \quad \begin{bmatrix} \text{Infl} \\ \text{best} \\ \text{eint} \end{bmatrix} \end{array}$
/vi:cç/	


Korrespondanse 3 og 4 bind saman dei ulike uttalanene med den rette syntaktiske strukturen. Korrespondanse 3 fortel at ordet /vi:k/ er eit ubøygd høynnssubstantiv. Korrespondanse 4 fortel at *vik* blir uttalt /vi:c̥/ når det er i bestemt eintal. Det som bind dei to ulike variantane av *vik* saman er tydinga, som eg representerer med den semantiske strukturen ${}_{3,4}VIK$, med korrespondansar til begge variantane.

Skilnaden mellom dei to variantane av *vik* er tydeleg i stadnamna *Grønevika* og *Grønevikskjera* på Huglo. I namnet *Grønevikskjera* er ordet *vik* ubøygd, medan i namnet *Grønevika* er det bøygd i bestemt eintal.

Eit korrespondanseskjema for *Grønevika* er illustrert i (4.15). Korrespondanse 5 fortel at ordet *vik* er bøygd i bestemt eintal – dette gjer at korrespondanse 4 frå (4.14) blir dregen inn. Korrespondanse 4 fortel at ordet *vik* har uttalen /vi:c̥/. Korrespondanse 1 fortel at adjektivet *grøn* er første ordet i samansetjinga. Korrespondanse 7 fortel at *vika* er andre ordet i samansetjinga. Korrespondanse 6 fortel at *Grønevika* er eit innlegg i leksikonet. Korrespondanse 1 er teken frå (4.13); han fortel at substantivet *grøn* er underleddet. Merk at dette namnet tek i bruk skjemaet for fugesamansetjing frå (4.6).



Når ordet *vik* er ubøygd, er uttalen /vi:k/. Dette er illustrert i (4.16). Her er den syntaktiske strukturen for *vik* eit høynnssubstantiv utan bøyging. Dette gjer at korrespondanse 3 frå (4.14) blir dregen inn. Korrespondanse 1 og 2 er tekne frå (4.13). Dei fortel kor orda *grøn* og *skjer* plasserer seg i samansetjinga. Korrespondanse 9 fortel at forleddet *grønevik* òg er eit substantiv. Korrespondanse 10 fortel at det bøygd ordet *skjera* er eit substantiv. Korrespondanse 8 fortel at *Grønevikskjera* er eit innlegg i leksikonet.



Røtene i dei to namna er: *grøn*, *skjer* og to ulike versjonar av *vik*. Alle saman er vanlege ord i språket, og høyrer såleis til generell språkkunnskap. Det er berre måten dei blir sett saman på som høyrer til unik stadnamnkunnskap.

stadnamn i ubestemt form enn namneinventara frå Stord, men dei er nokså like når det gjeld samansetjingsfuger og adjektivendingar. Dei relative frekvensane til dei ulike fugene er like i alle namneinventara, og det vanlege mønsteret for samsvarsbøying gjeld både på Huglo og Stord.

Kapittel 5

Semantisk analyse

Dette kapittelet tek føre seg korrespondansar til semantikk, frå både syntaks og fonologi. Språklege mønster i stadnamntydingar representerer eg med semantiske strukturar sett saman etter framgangsmåten i kapittel 2.3. Eg analyserer fire ulike semantiske aspekt ved stadnamn i dette kapittelet: *grunnord*, *relative namn*, *assosiative namn* og *ordtydingar*.

Den første hypotesen min er at stadnamnkunnskap ikkje skil seg frå generell språkkunnskap i særleg grad. Derfor forventar eg at mønster i stadnamntydingar er oftast dei same som finst elles i språket. Den andre hypotesen min er at stadnamninventaret frå Huglo ikkje skil seg i særleg grad frå dei frå Stord. Derfor forventar eg at mønstera i stadnamntydingar frå Huglo er like dei frå Stord.

5.1 Grunnord

I stadnamn er *grunnord* syntaktiske hovudledd som plasserer denotatomet i ein terrengkategori. Dei kan stå usamansett, som i *Stølen* og *Gjerdet*, eller i samansetjingar, som i *Geitheller* og *Tyskefluene*. Grunnord gir namneinventar særpreg. Dei ulike grunnorda og frekvensen deira fortel både om terrenget i området og språket til dei som bur der. Til dømes fortel dei ulike namna med grunnorda *-stø* og *-flu* frå Huglo at namneinventaret er henta frå ein stad ved sjøen. Dei ulike namna med grunnordet *-omn* fortel at det har vore kalkbrenning der. Og lokale grunnord som *bleikje*, brukt om skjer i sjøen, plasserer namneinventaret innanfor dialektområdet Sunnhordland.


Sjølv om grunnord kategoriserer stadar, vil det ikkje seie at grunnord er semantiske kjernar. Tydinga til grunnordet kjem som eit tillegg til sjøve stadane, som eg har vald å representere med stad-elementa frå *The Image of the City* (1960) (sjå side 24–26).

For å illustrere kva eit grunnord er for noko, bruker eg Vidar Haslum sin definisjonen av termen *grunnord* frå 2003. Definisjonen er bygd opp av både syntaktiske og syntaktiske kriterium:

Et grunnord er et usammensatt, terrengkarakteriserende appellativ som i navnedanninger forekommer på hovedleddplassen i stedsnavn, og som fra denne posisjonen uttrykker en terrengkarakteriserende egen- skap i samsvar med ordets appellative betydning. (Haslum 2003, 12)

Kriterium *usamansatt* og *hovudleddplassen* gjeld syntaks. Kriterium *terreng- kategoriserande* og *appellativ* gjeld semantikk. Eg har omformulert desse kri- teria og relasjonane mellom dei som eit korrespondanseskjema i (5.1). Pa- rentesen rundt variabelen (X) i den syntaktiske strukturen fortel at han er valfri.

(5.1) Syntaks Semantikk



Kriteriet *hovudleddplassen* kjem fram ved at korrespondanse 2 går frå ho- vudleddet i den syntaktiske strukturen. Underleddet er den valfrie variabe- len X. Når grunnordet er definert som hovudleddet blir terrengkategorise- rande underledd i sekunkærnamn, som *stig* i *Stigasletta*, utelukka. Sjølv om *stig* er eit grunnord i andre namn, er det *slette* som er grunnordet i namnet *Stigasletta*.


Kriteriet *terrengkategoriserande* kjem fram gjennom den semantiske struktu- ren til høgre i (5.1). Staden fyller variabelen Y, og han har ein modifikator som fortel at han høyrer til ein kategori Z. Korrespondanse 2 knyter katego- rien til det syntaktiske hovudleddet. Denne delen av definisjonen uteluk- ker assosiative hovudledd som *loft* i *Loftet* og *ræv* i *Kjerringærva*.

Kriteriet *usamansatt* kjem fram gjennom variabelen (X). Eventuelle under- ledd som blir sett saman med grunnordet fyller denne variabelen. Kate- gorien X rommar alle syntaktiske kategoriar: Det finst samansetjingar av grunnord og adjektiv (*Svartups*), adverb (*Midtneset*) og verb (*Vaskehølen*). Denne variabelen kan òg stå tom, slik han gjer i eitledda terrengkategorise- rande namn som *Elva* og *Naustet*.

Den siste delen av definisjonen, «som fra denne posisjonen uttrykker en terrengkarakteriserende egenskap i samsvar med ordets appellative betydning», utelukker metonymiske namn, altså namn der denotatumet ikkje høyrer til terrengkategorien i namnet. På Huglo kan til dømes namnet *Varden* bli brukt om heile *Høgafjellet*, ikkje berre sjølve *varden* på toppen. Ordet *vard* er ingen terrengkategoriserande grunnord i namnet *Varden* når det de- noterer heile fjellet.

Ved å analysere stadnamnet *Stølen*, viser eg korleis grunnordet bidreg til namnetydinga etter mønsteret i (5.1). Variabelen Y blir fylt av LANDMERKET som namnet denoterer. Variabelen Z blir fylt av terrengkategorien STØL. Merk at den valfrie variabelen (X) frå (5.1) ikkje blir fylt; namnet er usa- mansett.


(5.2) Syntaks Semantikk



Korrespondanse 1 fortel at *Stølen* er eit LANDMERKE. Korrespondanse 2 fortel at LANDMERKET er eit eksemplar av kategorien *støl*. Her er det berre korrespondanse 1 som høyrer til unik stadnamnkunnskap. Han fortel at stadnamnet *Stølen* er eit innlegg i leksikonet. Korrespondanse 2 knyter substantivet *støl* til den vanlege tydinga si, ei seter. Dette er generell språkkunnskap. Merk at bøyinga manglar korrespondansar til semantikk. Bøyinga har ingenting å seie for tydinga, som hadde vore den same om namnet var *Støl* i ubestemt form.

Kva slags semantisk tilhøve har grunnord til underledd? I namnet *Slettafjellet* er underleddet ein modifikator til grunnordet, som igjen er ein modifikator til staden. Namnet tyder at staden er eit fjell som er flatt på toppen, og dette representerer eg med korrespondanseskjemaet i (5.3).

(5.3) Syntaks Semantikk




Korrespondanse 3 knyter saman adjektivet *slett* med tydinga si. Den semantiske strukturen SLETT er ein modifikator til kategorien FJELL. Heile strukturen fortel at *Slettafjellet* er eit eksemplar av kategorien fjell, og at i dette tilfellet har FJELLET eigenskapen SLETT. Når det gjeld korrespondanse 1 og 2, er situasjonen lik (5.2). Korrespondanse 1 fortel at staden *Slettafjellet* er eit innlegg i leksikonet. Korrespondanse 2 knyter saman substantivet *fjell* med tydinga si.

I andre stadnamn vil ein heller seie at underleddet er ein modifikator til den semantiske kjernen, til liks med grunnordet. Dette gjeld særleg epekegesiske namn, der eit forklarande grunnord blir lagt til eit eksisterande namn. Eg fann eitt mogleg døme på eit epekegesiskt namn på Huglo: *Niphaug*. Tydinga til *nip* og *haug* er nokså like, og det finst ingen *Nip* eller *Nipa* på Huglo – namnet kan ikkje vere eit sekundærnamn. Eg held det for sannsynleg at staden heitte *Nip* før, og så har det epekegesiske grunnordet *-haug* kome til seinare.

Namnet *Niphaug* finst i Bømlo, Lindås, Austevoll og Austreim. Ingen av namna ser ut til å vere sekundærnamn (det finst ingen stad med namnet *Nip* i nærleiken). Grunnordet *nip* er ifølge informantane mine ikkje lenger i bruk på Huglo. Det kan vere at grunnordet *nip* var vanleg på Sunnhordland før, men forsvann som appellativ etter kvart. Då kan *nip*-namna ha fått det forklarande grunnordet *-haug*, som folk forstod betre. Folk har som oftast ei framstilling om kva slags terrengkategori ein stad høyrer til, sjølv om han ikkje blir uttalt i namnet. I tilfelle der det er viktig å formidle at staden høyrer til ein viss kategori, blir den implisitte terrengkategorien til ein eksplisitt del av namnet.

For folk som bruker begge kategoriane, *haug* og *nip*, blir staden sett i to kategoriar samstundes. Dette illustrerer eg i (5.4). Her er både grunnorda modifikatorar til staden. Om ein hadde vidareført mønsteret frå (5.2), med underleddet som ein modifikator til grunnordet, hadde resultatet vore ein semantisk struktur som sa at staden var ein haug som var ein nip. Dette hadde vore misvisande: *Nip* er ikkje ei avgrensing av kategorien *haug*, men ein eigen kategori.



Korrespondanse 4 seier at hokjønns substantivet *nip* kategoriserer staden. Det same gjer korrespondanse 5 for hankjønns substantivet *haug*. Korrespondanse 3 seier at *Niphaug* er eit innlegg i leksikonet, og det er berre denne som høyrer til unik stadnamnkunnskap.

Kva for grunnord finst på Huglo og Stord? Tabell 5.1 viser dei 20 mest frekvente grunnord i namneinventara frå Huglo og Stautland (1976).⁷ Talet på førekomstar står attmed sjølve grunnordet. Grunnord som finst hos begge har ei linje mellom dei, som gjer at ein kan samanlikne dei.

⁷ Eg ekskluderer grunnorda frå Aarø (1974) frå denne samanlikninga fordi det ofte er uklart om frekvenstala refererer til førekomstar som etterledd eller førekomstar totalt.

Det finst eit knippe grunnord som er svært frekvente både i Sagvåg og på Huglo, og dei er bundne saman med linjer. Grunnordet *-haug* dominerer begge namneinventara – endå meir på Huglo enn Sagvåg. Grunnorda som manglar linje er meir unike for det namneinventaret dei kjem frå. Særleg grunnordet *ås* merkjer seg ut. Hos Stautland er det svært frekvent, og Aarø heimla ordet 68 gongar (då òg som føreledd) (Aarø 1974, 81). På Huglo er *Gravåsen*, *Meåsen* og *Lenåsen* dei einaste namna med dette grunnordet.

Det finst nokre grunnord som merkjer seg ut som særmerke for namneinventar i Sunnhordland. Dei er sjeldne, men dei fortener særleg merksemd. *Bleikje*, *avløype* og *flekke* er døme på slike ord.

Tabell 5.1: Frekvente grunnord frå Huglo og Stautland (1976)

Stautland (1976)		Huglo	
164	<i>haug</i>	<i>haug</i>	72
122	<i>vik</i>	<i>vik</i>	39
92	<i>myr</i>	<i>nes</i>	38
77	<i>dal</i>	<i>dal</i>	33
62	<i>bakke</i>	<i>hol</i>	24
53	<i>nes</i>	<i>myr</i>	24
49	<i>holme</i>	<i>bakke</i>	23
33	<i>bekk</i>	<i>flu</i>	16
32	<i>åker</i>	<i>holm</i>	15
31	<i>hole</i>	<i>flekke</i>	14
28	<i>ås</i>	<i>stein</i>	13
28	<i>brot</i>	<i>berg</i>	11
22	<i>berg</i>	<i>brot</i>	11
22	<i>stein</i>	<i>tjørn</i>	11
18	<i>flekke</i>	<i>brekke</i>	10
17	<i>smog</i>	<i>led</i>	10
17	<i>brekke</i>	<i>skjer</i>	10
16	<i>støl</i>	<i>stø</i>	10
16	<i>hage</i>	<i>fjell</i>	9
15	<i>skjer</i>	<i>li</i>	9

Grunnordet *bleikje* er eit særmerke for Sunnhordland. På Huglo førekjem det berre éin gong i det usamansette namnet *Bleikjo*. Ordet kjem av gamalnorsk *bleikja*, som tyder *bleik*. Det er definert som «Skjær i Søen» hos Vidsteen (1885), og Peter Hallaråker har oppteikna ordet heile 153 gongar i Bremnes. Der blir ordet brukt om små, låge øyar utan jord på – i storleik er dei oftast mellom skjær og holmar (Hallaråker 1976, 27).


Grunnordet *flekke* blir brukt om små åkrar, særleg på Sørvestlandet. Det finst 13 namn med grunnordet *-flekke* på Huglo (sjå liste 5.6). I tillegg kjem *Larsflekkehaugen* – namneinventaret manglar namnet *Larsflekke*. Stautland skriv at ordet framleis er i bruk som appellativ hos gamle folk – dei yngre generasjonane bruker *åker* der den eldre generasjonen ville ha brukt *flekke* (Stautland 1976, 132). Ordet er definert hos Vidsteen (1983), men ikkje hos Ivar Aasen ([1873] 1977). Dette tyder på at ordet er mest i bruk på Sunnhordland. Hos Stautland er det heimla 18 gongar (Stautland 1976, 131–132).

Grunnordet *avløype* har eg berre funne i ei stripe langs kysten, frå Boknafjorden i sør til Sognefjorden i nord. Det er ikkje lenger i bruk som appellativ, og det einaste namnet på Huglo med dette ordet er *Avløypeneset* – her som underledd. Peter Hallaråker har heimla ordet fire gongar usamansett, og éin gong i namnet *Avløypeflua*. Han skriv at ordet blir brukt «om halvøy eller nes som er mest avskore frå land ved eit eid eller ein hals», gjerne med bratte berg ned mot eidet (Hallaråker 1976, 27). Han ser bort frå tolkingar

Liste 5.6

Flekkje på Huglo

Apalflekke
Flatehaugsflekke
Fruflekke
Gjertrudflekke
Hampaflekke
Langaflekke
Leirflekke
Ospeflekke
Rauneflekke
Rotaflekke
Rundaflekke
Seljeflekke
Steinflekke

Figur 5.1: *Avløype* i Hordaland

(a) *Avløppeneset* i *Tveitevatnet* på Huglo. Kartverket. Målestokk: 1 : 4 000.

(b) *Avløppet* i *Steinsvatnet* på Blomøyna i Øygarden. Kartverket. Målestokk: 1 : 4 000.



(c) *Avløppet* på vestsida av Seløyna i Øygarden. Kartverket. Målestokk 1 : 4 000.

(d) *Avløppet* på Hundvåko i Austevoll. Kartverket. Målestokk: 1 : 4 000.



(e) *Avløppet sør* på Stordøya. Kartverket. Målestokk: 1 : 2 000.

(f) *Avløppeneset* på Rutsøya i Bømlo. Kartverket. Målestokk: 1 : 4 000.

som har med løyping av tømmer å gjere, sidan det aldri har vore noko særleg tømmerhogst der namna førekjem. Han meiner at ordet heller siktar på «forma på landskapet» (Hallaråker 1976, 27).

Avløppet finst som gardsnamn i Sveio, Askvoll og Sulen. Oluf Rygh tolkar ordet som ein stad der ein lèt noko «løype av» – han ser ordet i samanheng med løyping av tømmer, men han skriv òg at ordet ikkje er å finne i ordbøker (Rygh 1910, 110).

Stautland har heimla namnet *Avløppet* to gongar, og stiller tvil ved tolkinga til Rygh, sidan ein av gardane med namnet *Avløppet* i Fitjar er skoglaus. Garden i Fitjar og dei to stadane han har heimla, har grunne sund like ved. Derfor tolkar han ordet som «stad der sjøen renn av» (Stautland 1976, 100).

Figur 5.1 viser seks ulike stadar i Hordaland med namn som inneheld ordet *avløype*. Vanlegvis er det eit smalt eid som bind staden saman med fastlandet, men nokre gongar kan namnet *Avløppet* denotere holmar som ligg nær land. Andre gongar denotere *avløype* eit smalt sund mellom ein holme og fastlandet. Det er vanskeleg å avgjere kva den opphavslege tydinga har vore.

I dag er tydinga til ordet *avløype* bestemt av stadane med dette namnet. Staffan Nyström skriv om ei liknande utvikling som har skjedd med ordet *ård*, eit dødt grunnord i svensk: «Innebörden i ÅRD(EN) är för en namnebrukare lika med syntesen av alla enskilda namn på *-ården*, en sorts minsta gemensam nämnare för en mängd platser» (Nyström 1995, 85).

På Huglo merker *Avløppeneset* seg ut ved at det manglar det smale eidet som dei fleste andre *avløypa* har. I staden finst det ei kløft som skil neset ut frå terrenget, markert med ei svart linje i figur 5.1c. Kløfta har vore eit hinder for skogsdrift – ho gjorde det umogleg å få tømmeret frå haugen ovanfor ut på vatnet. Resten av *avløype*-namna i figur 5.1 viser meir typiske denotatum med smale eid. I figur 5.1e denotere namnet *Avløppet* både neset og sundet attmed.

For å oppsummere, spelar grunnord i stadnamn ei underordna rolle i høve til stad-kategorien, sjølv om dei kan fortelje mykje om namneinventaret. Grunnord set staden i ein terrengkategori – dei er ikkje stadar sjølve. Stadar er mentale storleikar som eg representerer som Lynch sine byelement. Og idéen om grunnord, eit ord som kategoriserer, høyrer til generell språkkunnskap.

På Huglo finst det ei lita gruppe grunnord som er svært frekvente, som *haug*, *vik* og *nes*. Desse er for det meste dei same som hos Stautland (1976) – med unntak av *ås*. Desse grunnorda er vanlege i dei fleste område langs kysten. Meir sjeldne grunnord, som *avløype*, *flekkje* og *bleikje*, plasserer namneinventara i Sunnhordland.

5.2 Relative namn

Mange stadnamn inneheld andre stadnamn – til dømes inneheld namnet *Rossbøneset* gardsnamnet *Rossbø*. Mellom desse stadane finst det ein romleg

relasjon: *Rossbøneset* ligg ved garden *Rossbø*. Eg kallar slike namn for *relative namn*. Og i dette tilfellet er *Rossbøneset* eit *sekundærnamn* som er laga til primærnamnet *Rossbø*, både fonologisk og semantisk. Det vil seie at det fonologiske sekundærnamnet inneheld det fonologiske primærnamnet, samstundes som det finst ein romleg relasjon mellom stadane som namna denoterer. Aarø skriv at 25 % av namna i inventaret hennar er relative namn (Aarø 1974, 101).

Figur 5.2: Namn med morfemet *hugl*

huglo
 huglahammaren
 huglaholmane
 huglaneset
 huglavatnet
 huglavika
 sørhuglo
 nordhuglo
 nordhuglestølen

Når primærnamnet er i ubestemt form, kan sekundærnamnet innehalde heile primærnamnet: *Rossbøneset* inneheld heile namnet *Rossbø*. Når namnet er i bestemt form, blir den bestemte artikkelen sløyfa i sekundærnamnet. Dette ser ein i namneparet *Løåkeren* og *Løåkerhaugen* – ein seier ikkje **Løåkerenhaugen*. Dette gjer at fleire sekundærnamn er bundne til primærnamnet med eit morfem som aldri førekjem aleine. Dette er illustrert for morfemet *hugl* i figur 5.2.


Nokre gongar fell endå større delar av primærnamnet vekk i sekundærnamnet. Til dømes var det ein stein på Huglo med namnet *Gjetlekjettesteinen*. Ein bakke like ved heiter *Gjetlekjettesteinsbakken*, men namnet har ein nedkorta versjon: *Gjetlekjettebakken*. Det same gjeld namna *Smeltehyttesteinen*, som òg blir kalla *Smeltesteinen*. I slike namn er det heile røter som fell vekk i sekundærnamnet.

Andre gongar er det uklart kva som er primærnamnet og kva som er sekundærnamnet. Dette gjeld til dømes *Berrføttedalen*, *Berrføttevatnet* og *Berrføttemyra*. Alle namna er geografisk relaterte, men det er berre ordet *berføtt* som er felles for dei. Ein seier ikkje **Berrføttevatnedalen* eller **Berrføttedalsvatnet*. Det er umogleg å sjå kva som er primærnamnet. Det same gjeld namna *Homannehaugane*, *Homannelia* og *Homanneneset* på Nordhuglo. Zilliacus kallar dette fenomenet for *reduksjon* (Zilliacus 2002, 194). Med denne termen meiner han at primærnamnet blir *redusert*, ved at grunnordet blir sløyfa, anten i augeblinken namnet vart laga, eller som ei forkorting av namnet over tid.

Nokre gongar blir eit sekundærnamn sjølv brukt som eit primærnamn. Til dømes er *Tveitøygrunnen* eit sekundærnamn til *Tveitøyane*, som igjen er eit sekundærnamn til primærnamnet *Tveit*. Tradisjonelt kallar ein slike namn for *trikomposita*. Døme på trikomposita frå Huglo er *Brandvikemyrhaugen*, *Hagaledbrekkesvingen* og *Osarehaugsmyra*. I tillegg kjem namnefrasar som *Litla Korsvikeneset* og *Nordra* og *Søra Torvsmogebrekk*.

Når det gjeld semantikken, må det vere ein romleg relasjon mellom primærnamnet og sekundærnamnet. Det er mogleg for eit namn å innehalde eit anna namn i fonologien utan at det er eit sekundærnamn. Til dømes har staden med namnet *Løåkerhaugen* på Huglo ingen geografisk relasjon til ein stad med namnet *Løåkeren* i Os, sjølv om det eine namnet inneheld det andre, reint fonologisk. Dei kan derfor ikkje reknast som primærnamn og sekundærnamn. Dette gjeld òg oppkalling: staden knytta til *Parishamn* på Huglo har ingen romleg relasjon til byen Paris.

Kva slags geografiske relasjonar finst mellom primærnamn og sekundærnamn? Ein skildrar lægjet ved å dele terrenget i ein *figur* og ein *bakgrunn*. I sekundærnamn er *figuren* denotatomet til sekundærnamnet, og *bakgrunnen*

Figur 5.4: *Vassvika i Tveitevatnet*

Kartverket. Målestokk: 1 : 10 000

er denotatumet til primærnamnet. Med denne inndeling som utgangspunkt er det fleire moglege relasjonar mellom figur og bakgrunn. Analysen av dei ulike relasjonane er basert på modellen i kapittel 3 i Leonard Talmy si bok *Toward a Cognitive Semantics* (2003). Slike relasjonar lèt seg vanskeleg skildre med korrespondansereglar; ein ser samanhengen betre i kart eller bilete.

Figuren kan vere i *bakgrunnen*. Til dømes ligg *Vassvika* i *Tveitevatnet*. Ordet *vass* kjem av norrønt *vaz*, genitivsforma av ordet *vatn*, grunnordet i *Tveitevatnet*. Samanhengen mellom stadane er illustrert i figur 5.4. Husa ovanfor *Tveitevatnet* høyrer til garden *Tveit*. Frå Stord har Aarø heimla *Landåsvatnet*, som ligg i *Landåsen*, og *Langevollssika*, som ligg på *Langevollen*. Ho skriv at dette er «den langt viktigaste namngjevingsmåten» (Aarø 1974, 102).

Vanlegvis er bakgrunnen, altså denotatumet til primærnamnet, større enn figuren, slik som *Tveitevatnet* er større enn *Vassvika*. Men av og til kan figuren, denotatumet til sekundærnamnet, vere større enn bakgrunnen. Eit døme er namneparet *Skjeret* og *Skjerevika*. *Vika* har fått namnet sitt etter eit skjer som ligg i ho. Frå Stord har Aarø heimla namnet *Tønnesteinsåsen*, som har fått namnet sitt etter *Tønnesteinen*.

Figuren kan liggje opp mot bakgrunnen, utan at han er ein del av han. Til dømes ligg *Storsøyhamn* like ved *Storsøya*, utan at han er ein del av henne. Dette er illustrert i figur 5.3. Liknande døme er *Stemma* som demmer opp *Stemmevatnet*, og *Kverna* som ligg ved *Kvernavika* på Tveit i figur 5.4. Figuren kan òg liggje ein kort avstand frå bakgrunnen. Til dømes ligg *Vasshaugen* ved *Tveitevatnet*, men ikkje heilt inntil. Same relasjon finst mellom namnepara *Djupavikskjera* – *Djupavika* og *Fureholmgrunnen* – *Fureholmen*. Frå Stord har Aarø heimla namna *Bjellandsåkeren*, som ligg ved *Bjelland*, og *Stuvahau-*

Figur 5.3: Stadar på *Storsøya*

Kartverket. Målestokk: 1 : 10 000.

Figur 5.5: *Saga, Sagdalen og Sagvatnet*

Kartverket. Målestokk: 1 : 10 000

Figur 5.6: *Korsvikane*

Kartverket. Målestokk: 1 : 2 000.

gen, som ligg ved *Stuva*.

Dei avlange stad-typane, STI og KANT, får gjerne namn etter eit av endepunkta. Aarø skriv: «Ein stad kan sjåast som ein viktig del av vegen mot eit bestemt mål og får i slike høve namn etter målet» (Aarø 1974, 102). Dette gjeld særleg namn på stigar og vegar. Til dømes har *Haukanesvegen* namnet sitt etter endepunktet til vegen, garden *Haukanes*. Dalar blir òg ofte namngitte på denne måten. Til dømes får *Sagdalen* namnet sitt etter *Saga* (sjå figur 5.5). Det same gjeld *Ålatjørnsdalen* og *Ålatjørna* og fleire andre dalnamn på Huglo. Frå Stord har Aarø heimla *Stølsbrekka*, som gjekk til *Stølen*, og *Vassledet* som gjekk til *Vatnet* (Aarø 1974, 102).

Nokre gongar blir bakgrunnen delt i to, slik at figuren blir plassert i høve til to ulike objekt. Dei to nye bakgrunnane kallar ein for *primær-referanseobjektet* og *sekundær-referanseobjektet*. I namn som inneheld kardinalretningane (nord, sør, aust og vest), utgjer retningane eit abstrakt objekt som ein plasserer figuren i høve til med hjelp av primær-referanseobjektet.

Ofte avgrensar kardinalretningane staden til ein del av ein større stad. Dette gjeld til dømes for *Nordhuglo* og *Sørhuglo*. Begge gardsnamna er sekundærnamn laga til namnet på øya. Figurane er sjølve gardane, og bakgrunnen for kvart namn er delt i to: Primær-referanseobjektet er øya *Huglo*, og sekundær-referanseobjektet er kardinalretningane *nord* og *sør*. Det vil seie at *Nordhuglo* er ein del av *Huglo* som ligg i nord, og *Sørhuglo* er ein del av *Huglo* som ligg i sør.

Ingvild Øye tolkar namna *Nordhuglo* og *Sørhuglo* som «delingsnamn» – ho

ser føre seg at heile *Huglo* var éin gard før (Øye 2006, 83). Egil Bakke skriv i bind 1 av *Stord bygdebok* at begge gardane har truleg alltid vore fråskilde: «der er utmark og ulende mellom dei, og dei har truleg ikkje frå fyrst av vore likeverdige partar av ein gard, driven under eit, men sjølvstendige og truleg likeverdige frå opphavs tid» (Bakka 1972, 158). Figur 1.6 viser korleis gardane ligg i høve til kvarandre.

Kardinalretningane blir òg brukt til å plassere ein stad i høve til ein annan stad. Dette gjeld til dømes *Nordre* og *Søre Hildershaugen* på Huglo. Dette gjeld òg *Nordra Korsvika* og *Søra Korsvika* på Nordhuglo (sjå figur 5.6). *Nordra* og *Søra Korsvik* blir plassert i høve til kvarandre. Primær-referanseobjektet er den andre vika, og sekundær-referanseobjektet er kardinalretningane. Mellom vikane ligg *Korsvikehaugen*. Litt nord for *Nordra Korsvika* har ei mindre vik fått namnet *Litlakorsvika*, og neset like ved har fått namnet etter den vetle vika: *Litlakorsvikeneset*.

Frå Stord har Aarø heimla namna *Heimste* og *Ytste Kalvshaugen*. Desse stadane blir plassert i høve til kvarandre basert på avstanden til heimegarden, det sekundære referanseobjektet. Aarø har òg heimla namna *Sørليا* og *Nordre Haugen*, som ligg høvesvis nord og sør for heimehusa på garden. Det vil seie at stadane blir plassert i høve til både garden og kardinalretningane.

Det kan vere at namna *Nordhuglo* og *Sørhuglo* tok utgangspunkt i denne typen geografisk relasjon med fjellmassen som no heiter *Høgafjellet*. Om namnet *Hugl* har hatt den same utviklinga som på *Hugla* i Nesna, har namnet tidlegare denotert fjellet på øya (Rygh 1905, 115–116). Det karakteristiske fjellet er godt synleg, ligg i skipsleia, og namnet *Hugl* sikta til ei høg. Fjellet må ha vore eit kjent seglemerke for, og det kan hende at gardane *Nordhuglo* og *Sørhuglo* vart plasserte i høve til det. Det vil seie at garden *Nordhuglo* ligg nord for *Hugl* og *Sørhuglo* ligg sør for *Hugl*.

Det sekundære referanseobjektet treng ikkje vere himmelretningane. Det kan òg vere eit objekt som har ei innebygd retning, som ein bekk som renn frå fjellet til sjøen. På Rossbø finst det to bruer over ein bekk, *Øpsta Brua* og *Nedsta Brua*. Bruene blir plassert både i høve til kvarandre og bekken dei går over. Frå Stord har Aarø heimla eit liknande namn: *Øvravadet*. Dette vadet er den øvste av tre elveovergangar, og dei to andre heiter *Kjesevadet* og *Bruavadet*.

Stadane som blir brukt til å plassere figuren treng ikkje ein gong å vere ein del av namnet. Dette er tilfellet i namnet *Midtneset* frå Huglo. Dette neset ligg midt mellom *Foremannsneset*, *Brandvikeneset* og *Haukanes*. Ingen av desse namna blir uttalt i det fonologiske namnet, sjølv om dei er ein del av namnetydinga (sjå figur 5.7). Det same gjeld namnet *Midtflua*, som ligg mellom *Huglaholmane* og sjøve Huglo. Frå Stord har Aarø heimla namna *Nordalopet*, *Søralopet* og *Midtlopet*. *Midtlopet* blir plassert i høve til dei andre lopa, utan at dei er ein del av det fonologiske namnet. Det same gjeld namna *Midtklumpen*, som ligg mellom *Toppen* og *Latmannsåsen*.

Døma ovanfor viser at heile spekteret av geografiske relasjonar kjem fram i stadnamntydingar. Stadnamnkunnskap skil seg ikkje frå generell språkkunnskap når det gjeld slike relasjonar. Dei få døma frå Stord eg har teke med, viser at dette fenomenet er ikkje avgrensa til Huglo.

Figur 5.7: Midtneset



Kartverket. 1 : 25 000

Figur 5.8: Scene frå *Sørhuglo*

Foto: Severin Kannelønning

5.3 *Assosiative namn*

Fleire stadnamn frå Huglo manglar eit grunnord som fortel om terrengkategorien staden høyrer til. Zilliacus kallar slike namn for *assosiative namn*: Dei får tydinga si gjennom assosiasjon med eit objekt, eit menneske, eit omgrep, eller ei hending (Zilliacus 2002, 214). Eg forventar at assosiasjon i stadnamn er lik assosiasjon elles i språket, og at assosiative namn frå Huglo er like dei frå Stord.

Eg deler opp assosiative namn i *metaforar* og *metonymiar*. Skilnaden mellom dei ligg i relasjonen mellom staden og namnet. Eit metaforisk namnledd samanliknar staden med noko anna. Til dømes er det ein liten, svært bein dal på Nordhuglo som har fått namnet *Gata*. Namnet fortel ikkje om terrengkategorien som staden høyrer til – det seier noko om ein eigenskap ved staden ved å samanlikne han med noko anna. ()

Eit metonymisk namn er eit namn som denoterer staden med eit ord for noko anna. Til dømes finst det eit stup på Huglo med namnet *Musvåkerei-ret*. Sjølve reiret er borte for lengst, men namnet har blitt hengande att på stupet.

Ein vanleg type metonymi finn ein i bustadnamn som har gått over frå å vere naturnamn, som til dømes *Haukanes*. Namnet denoterer ikkje berre eit nes, men òg ein gard. Gardsnamnet er i dette tilfelle metonymisk. Endå lenger frå terrengkategorien kjem ein med namn som *Nittentretten*, *Kjerringeræva* og *Johannes på loftet*. Desse namna har særskilte historier knytt til seg, og utan dei er namna uforståelege.

Figur 5.9: *Såta* sett frå sørSola skin på *Såta*, til høgre i biletet. Foto: Jesse Bratt, januar 2017.

Metafor


Ofte er det vanskeleg å skilje mellom grunnord og metaforiske hovudledd i namn. Mange grunnord har vore samanlikningsord før, til dømes *aksl*, *brun*, *kamb*, *nakke*, *nes* og *skolt*. Det er særleg kroppen stadar blir samanlikna med.

Eit ord frå Stord som ligg på grensa mellom grunnord og metafor er *såte*. På Huglo er det heimla éin gong, brukt om ein noko spiss haug nord på øya (sjå figur 5.9). Ei *såte* er ei oppsamling av høy, men i stadnamn blir ordet ofte brukt om haugar. Det er heimla over 300 gongar i Hordanamn-databasen, både samansett og usamansett. Stautland skriv at informantane hans bruker *såte* «på lik linje med andre stadnemne, utan tanke på samanlikning med ei høysåte» (Stautland 1976, 63).

Eit ord der synet til Aarø og Stautland sprikar med tanke på metafor, er *tå*, brukt om små nes ut i sjøen. Aarø heimla ordet éin gong i namnet *Osalopståna*, og sidan «heimelsmannen [la] heile tida vekt på den anatomiske samanhengen», talde ho *tå* som eit samanlikningsord (Aarø 1974, 90). Om same ordet skriv Stautland dette: «Opphavleg har ordet vore ei samanlikning med lekamsdelen, men det vert no nytta som eit sjølvstendig stadnemne» (Stautland 1976, 97). Han har heimla ordet som eit grunnord fire gongar.

For å forstå eit metaforisk stadnamn, må ein kjenne denotatumet til namnet, det som det blir samanlikna med, og eigenskapen som bind dei saman. Eit godt døme er den svært beine dalen *Gata* på Huglo. Stadnamnet *Gata* gir berre meining når ein kjenner staden, veit kva ein *gate* er og veit at det er eigenskapen å vere bein som bind dei saman. Denne kunnskapen represen-

terer eg med korresonpondanseskjemaet i (5.5). Den semantiske strukturen her fortel at staden har eigenskapen BEIN, som gjer at gir assosiasjonar til ei GATE. Det er berre den samanliknande delen av namnetydinga som blir uttalt. (Det kan òg vere at ordet *gate* skal tyde *geil*, *fegate* i dette namnet, utan noko metaforisk konnotasjon.)



Liste 5.7
Metaforiske namn
frå Huglo

Alteret
Gallionen
Gata
Gullrompa
Hundastegskyrkja
Hundsryggen
Kjerringærøva
Kjuklingeøna
Kringla
Loftet
Nasa
Preikestolen
Ravnaskukken
Skansen
Stova
Tobakkekista

Det er berre korrespondanse 1 som høyrer til stadnamnkunnskap her. Han fortel at *Gata* er eit innlegg i leksikonet med tydinga *bein som ei gate*. Korrespondanse 2 høyrer til generell språkkunnskap. Han knyter saman appellativet *gate* med tydinga si. *Gate* er eit vanleg ord i språket, mykje brukt utanom stadnamn. Appellativet *gate* og stadnamnet *Gata* er bundne saman gjennom namnetydinga.

På Stord har Aarø og Stautland heimla ein del namn med metaforiske hovudledd. Stautland har heimla 32 slike namn (Stautland 1976, 154–164), og Aarø har heimla 22 (Aarø 1974, 86–91). På Huglo fann eg 16 metaforiske hovudledd (sjå liste 5.7.)

Namn med metaforiske hovudledd utgjer berre ein liten del av namneinventara. Men sjølv om det handlar om nokre få namn, og sjølv om ein har uavgrensa moglegheiter for metaforisk namngjeving, er det ein del likskap mellom dei tre namneinventara. Alle tre inneheld namna *Preikestolen* og *Kringla*, og det er fleire ord som er delt av to namneinventar: *alter*, *rygg*, *rumpe* og *kyrkje*.

Namnet *Kringla* blir ofte gitt til åkrar og engar med rund skap. I *Hordanamn*-databasen er namnet heimla 137 gongar. Namnet *Preikestolen* blir gitt til steinformasjonar som liknar på ein preikestol. Namnet er heimla 64 gongar i *Hordanamn*-databasen. Både Stautland (1976) og Huglo-inventaret inneheld namnet *Alteret*. Det finst 37 stadar med namnet *Alteret* i *Hordanamn*-databasen.

Ord relatert til kristendomen er vanlege i samansetjingar. Til dømes er det ein holme i namneinventaret ved Stordøya som har namnet *Patmos* etter øya der Johannes fekk openberringa si (1976, 169). Samanlikninga trer

fram gjennom ei segn knytt til staden. Ein husmann arbeidde på åkeren han hadde på holmen medan nokre gutungar på fisketur gjorde ein fantestrek og løyste båten hans. Han vart ståande å rope etter hjelp i fleire timar. Samanlikninga er humoristisk, og går på at han stod aleine på øya og leid. På Stord finst det ei myr med namnet *Det Røde Hav* hos Aarø (1974). Her går samanlikninga på væte.

Både på Huglo og hos Aarø finst det namn med etterleddet *rygg*: *Bjørnaryggen* på Stord og *Hundsryggen* på Huglo. Aarø ser namnet *Bjørnaryggen* i samanheng med appellativet *bjørnarygg*, «midtstokken over taket på eit nybygg» (Aarø 1974, 89). Namnet *Hundsryggen* er òg heimla to gongar på Stordøya og éin gong på Bømlo.

Ordet *rygg* er mest som eit grunnord å rekne, men når det har eit dyrenemne som underledd, blir namnet med eitt meir metaforisk. I *Hordanamn*-databasen er det fleire dyreryggar som blir brukt som stadnamn. Til dømes finst det *Galteryggen* i Bømlo, *Geitaryggen* i Osterøy, *Griseryggen* i Fana, *Hesteryggen* i Lindås og *Kvalsryggen* i Os.

Ordet *rumpe* blir òg mykje brukt i stadnamn, der ordet som oftast siktar til *halen* på eit dyr. På Huglo finst namnet *Gullrumpa*, men grunnlaget for samanlikninga er uklart. Hos Stautland finst *Rumpa*, *Purkerumpa* og *Grisarumpa*.

Ordet *kyrkje* blir ofte brukt om bergformasjonar, gjerne der dyr søker ly i dårleg vêr. Hos Stautland finst det *Neskyrkja* og *Kukyrkja*. På Huglo finst det *Hundastigskyrkja*. Alle namna blir brukt om overhengande fjellformasjonar. I *Hordanamn*-databasen har eg funne *kyrkje* brukt fleire gongar om bergformasjonar, til dømes *Geitakyrkja* og *Bukkakyrkja* i Kvam, brukt om stadar der geitene kom seg ut av regnet.

Ordet *lur* har Aarø og Stautland handsama ulikt. Aarø kategoriserer det som eit samanlikningsord, men Stautland kategoriserer det som eit grunnord. Han skriv at ordet har «heller lokal utbreiing som lokalitetsnemne, med det er vanleg i stadnamn på Stord» (Stautland 1976, 58). Han heimla namnet *Luren* tre gongar.

På Huglo finst namnet *Luren*, og 4 sekundærnamn laga til dette namnet. I tillegg finst namnet *Steinluren*. Ein *lur* (norrønt *lúðr*) er eit gammalt blåseinstrument – derfor skriv Aarø det opp som eit samanlikningsord. Skapet er langt og tynt, som ei røyr, og i overført tyding kan ordet brukast om objekt med liknande form.

Så langt har alle samanlikningsorda vore syntaktiske hovudledd. Men underledd kan òg vere metaforar, som i *Ringatjørna*, ei tjørn med form som ein ring, og *Flaskevika*, ei vik med form som ei flaske. Namnet *Spøtemyra* fortel at staden er ei *myr* på skap som ei *spøte*, ein strikkepinne. Tydinga hadde vore lik om myra hadde berre heitt *Spøta*.


Eg illustrerer korleis dette fungerer med ein analyse av namnet *Halatjørna* i (5.6). Namnet denoterer eit tjørn nord på øya med ein utstikkar som liknar på ein hale (sjå figur 5.10).

Figur 5.10: *Halatjørna* med «halen» sin




Kartverket.
Målestokk: 1 : 2 000.

(5.6) Syntaks



Semantikk



Liste 5.8
Metaforiske underledd
frå Aarø (1974)

Begerskorane
Butelsåkeren
Fløyfura
Geitarumpehaugen
Hanavika
Huvabakken
Kringlemyra
Kringlebakken
Omnshella
Purkestokken
Rikteforbrotet
Sildrebakken
Skoleistmyra
Skoåkerleiet
Sniglabrekka
Tønnesteinen

Skjemaet fortel at namnet har ein avstikkar som liknar på ein *hale*, og at denne samanlikninga kjem fram i namnet som underleddet i samansetjinga *Halatjørna*. Namnet inneheld både eit grunnord og eit samanlikningsord. Samanlikninga med ein hale gjeld ikkje heile tjørna, berre avstikkaren. For å vise dette, brukar eg funksjonen [DEL (X, Y)] som ein modifikator til TJØRN.

Det er berre korrespondanse 3 som høyrer til unik stadnamnkunnskap. Han knytter den syntaktiske samansetjinga *Halatjørna* til namnetydinga. Substantiva *hale* og *tjørn* er element i denne tydinga, men dei høyrer til generell språkkunnskap: Begge orda er heilt vanlege. Derfor høyrer korrespondanse 2 og 4 til generell språkkunnskap. For å oppsummere, inneheld namnet *Halatjørna* éin korrespondanse som høyrer til unik stadnamnkunnskap og to korrespondansar som høyrer til generell språkkunnskap.

Aarø har samla namna frå inventaret sitt som har metaforiske underledd (Aarø 1974, 111–112) (sjå liste 5.8). Lista viser at *rumpe* og *kringle* òg er vanlege som underledd, og at underledda gjerne samanliknar *forma* på stadane, på same måte som hovudledda gjer. Namneinventaret hos Stautland (1976) er organisert etter hovudledd, og har inga oversikt over metaforiske underledd. Det er vanskeleg å seie noko om relasjonen mellom metaforar i underledd på Huglo og Stord på grunnlag av så få namn.

Metonymi

Medan metaforiske namnetydingar kan avgrensast til namn som inneheld ei samanlikning, er metonymiske namnetydingar svært varierte. Til dømes kan metonymiar gå ut på assosiasjon med ein person, som åkernamnet

Figur 5.11: Nordhuglo



Foto: Bjørn Østrem, 1980.


Aleksen på Stord, eller eit abstrakt omgrep, som *Halvfjerdingen* på Huglo. Ein *fjerding* er ei gamal måleining, det same som 34,7 liter. Åkrar med namnet *Halvfjerding* krev om lag ein *halvfjerding* såkorn.

Ofte blir ord for stoff brukt metonymisk om objekt laga av det stoffet. Dette gjeld til dømes grunnorda *stein* og *vatn*. Andre gongar blir ord for behaldarar brukt om innhaldet. Grunnordet *gard* siktar både til gjerde og eigendommen innanfor. Grunnordet *heller* er òg eit slikt ord. Aarø skriv: «Det er eigentleg det overdekte rommet, berghola, ein tenkjer på i samband med *heller*, sjølv om det òg går på steinen som luter utover på eine sida» (Aarø 1974, 54).

Namnet *Leiro* på Huglo tek i bruk eit stoff-ord til å denotere ei grunn vik på Nordhuglo laga av dette stoffet (sjå figur 5.11 og 1.6). Eg analyserer namnet med korrespondanseskjemaet i (5.7). Skjemaet viser at staden er den søre KANTEN av Nordhuglo, at han består av *leire*, og at berre denne delen av tydinga blir uttalt. Her er det berre korrespondanse 4 som høyrer til unik

stadnamnkunnskap. Han fortel at substantivet *Leiro* er eit stadnamn i lek-sikonet. Korrespondanse 5 knyter saman appellativet *leire* med tydinga si. Ordet *leire* er eit vanleg ord, og høyrer til generell språkkunnskap.

(5.7) Syntaks Semantikk



Liste 5.9

Personnamn i stadnamn på Huglo

Annbjønsholet
Barbruhaugen
Edlensneset
Edlensvika
Elikebrotet
Engelshølen
Gjertrudflekket
Gudmundsbekken
Gurevika
Hansahaugen
Hansavikane
Hiljestøa
Ingegarden
Jakobshagen
Jakobshaugen
Johannes på loftet
Johansbrygga
Kristaforsteinen
Larsflekkehaugen
Nilsensdalen
Peraneset
Reinertshalla
Reinertsstøa
Reinertsvika
Samsonsbyggja
Samsonshagen
Samsonshalla
Sjurabryggja
Slurpemarto
Steffåhola
Øysteinshagen

Nokre namn får tydinga si gjennom assosiasjon med ei segn, som til dømes *Kjerringræva*. Ei kjerring skulle dra Huglo bort til Tysnesøya med eit tau, med tauet slitna og ho landa på bakenden sin på *Huglaneset*. Den resulterande dumpen er denotatumet til namnet. Ho sparka nokre steinar opp i lufta medan ho datt, og dei vart til *Huglaholmane* (Sjå figur 5.11). Ein liknande stad med same namnet finst òg i Fitjarøyane. Her skulle kjerringa draga saman *Torsdagsøya* og *Tranøya* (Aarø og Rabben 2001, 155). På *Hitra* i Sør-Trøndelag er det òg ein dump på eit nes med namnet *Kjerringræva*. Forteljinga er den same: Kjerringa skulla dra *Froøyene* til *Hitra*, og då tauet rauk, datt ho og laga merket som no heiter *Kjerringræva* (Fugelsøy 1958, 173).


Namnet *Nittentretten* blir brukt om krysset der ein tek av frå hovudvegen ned til Litla Brandvik. Då dei bygde veg på Huglo var det hit dei hadde kome i 1913 (Huglo Bygdalag 2000, 22). Det vil seie at staden blir kalla for året han vart laga.

Namnet *Slurpemarto* inneheld både ein metonymi og ein metafor. Etterleddet *-marto* er bestemt form av kvinnenamnet *Marta*. I Sunnhordland var det vanleg at personnamn vart brukt i bestemt form. Vidsteen skriv: «Ved Personsnavne er at mærke, at de i daglig Tale sædvanlig bruges i bestemt Form, saaledes Knut'en, Roar'en, Helgjen – Anno, Helgo, Haldiso» (Vidsteen 1885, 62). Det er uvisst kva relasjonen mellom *Marto* og denne bekken var. Underleddet *slurpe-* samanliknar lyden av den rennande bekken med slurping av drikke.

Frå Stord er det heimla fleire namn som har metonymi i hovudleddet. Aarø klassifiserer slike namn som *Oppkallingsnamn*, og dei blir handsama i eit kapittel for seg sjølv (Aarø 1974, 92–95). Stautland tek føre seg slike namn i kapittelet *Andre namn* (Stautland 1976, 165–172). Metonymiane kan ein grovt dele inn i kategoriane *personar* og *hendingar*.

Når det gjeld personnamn, er det ofte åkrar som blir kalla opp etter mannen som braut dei opp: *Hallvarden* og *Ånen* er slike namn frå namneinventaret hos Aarø (1974), og *Siverten* og *Sanderen* er slike namn hos Stautland (1976).

Når det gjeld hendingar, er det gjerne scenar frå det gamle arbeidslivet som blir brukt i stadnamn. Til dømes blir ordet *spreng*, i tydinga *voldsomt strev*, brukt om stadar der menneske eller dyr har slite seg ut, slik som myra med

Figur 5.12: *Trettedalen* og grensa mellom Rossbø og Nordhuglo

Kartverket. Målestokk: 1 : 2 000.

namnet *Følasprenge*n hos Aarø (1974) og åkeren *Roarssprengen* hos Stautland (1976) – her har ein mann med namnet Roar slite seg ut.

Ein legg merke til metonymiar når dei er hovudledd, men ikkje når dei er underledd. Då vil ein helst ikkje kalle dei for metonymiar i det heile teke, men vanlege namneledd. Til dømes har ordet *leire* i *Leirvika* på Huglo den same tydinga som i *Leira*; det fortel at vika er laga av leire, men i *Leirvika* vil det verke rart å kalle det for ein metonymi.

Likevel bidreg underledd til namnetydinga på den same måten som dei metonymiske overledda, på same måte som både *gate* i *Gata* og *flaske* i *Flaskevika* er metaforiske namneledd. Ein kan dele inn underledda i to grove kategoriar på same måte som overledda: *hendingar* og *personar*.

Ein gamal grensetvist blir konnotert underleddet i namnet *Trettedalen* på Rossbø. Kan hende tvisten handla om retten til å hogge tømmer i dalen. Hans Huglen skriv dette om emnet:

Den utmarki som vart skift etter augnemaal, gjaldt helst skogen. Millom grannar paa same garden var det vanleg at dei beita «horn um horn og klauv um klauv». [...] Daa timberhandelen tok til med skottar og hollendrar, fekk timberskogen eit større verde, og det førde sikkert bade til meir skifting og meir trætting. Ikkje so faa stader hev det fenge namn etter slike trættor som Trætteteigen, Trættedalen, Trættebø o. s. fr. (Huglen 1916, 19)

Kan hende at *tretten* skjedde på grunn av høgare tømmerprisar, slik som Huglen skriv. Grensa mellom Nordhuglo og Rossebø ser ut til å vere prega av tretten i namnet. Figur 5.12 viser dalen og grensa mellom gardane – ho går i sikksakk i dalmunninga for å lemme inn heile dalen.

Skipsnamnet *Mira*, føreleddet i *Miresteinen* konnoterer ei hending frå 1926 der *Mira* gjekk på grunn i *Leiro*, og sto fast ved denne steinen. *Mira* er kjent som skipet som kongeparet segla med frå Trondheim til Oslo med etter kroningsseremonien. Leirbotnen som ga *Leiro* namnet sitt gjorde at skipet landa mjukt, og ingen vart skadd. Men den mjuke leirbotnen var vanskeleg å kome ut av, og ein lang bergingsprosess måtte til for å løсне skipet (Hystad 2004). *Mirasteinen* vart seinare brukt som eit mål for flo og fjære.

Namnet til bygslaren *Jakob* er underleddet i stadnamnet *Jakobshagen* på Nordhuglo. Det var kona, Ingebor frå Nordhuglo (fødd i 1828) som bygsla denne plassen i utgangspunkt, men staden vart heitande etter mannen. Ingebor var tidleg ute med dyrking av grønsaker som til dømes grasløk og selleri, og Jakob dreiv med fiske (Heggland 1986). Men som oftast manglar gode opplysingar av den typen som finst for *Miresteinen* og *Jakobshagen*. Når det gjeld namnet *Peraneset* på Huglo, veit ein korkje kven denne *Per* var, heller kva relasjon han hadde til neset.

5.4 Ordtydingar


Som eg har vist gjennom dette kapittelet, høyrer dei fleste ordtydingar til generell språkkunnskap. Men av og til blir gamle ord hengande att i stadnamn etter dei har forsvunne frå resten av språket. Frå Huglo har ein til dømes ord som *Kinnrei* og *borgstove* og *homann*.

Ordet *Kinnrei* i *Kinnreidalen* er truleg eit kunamn. Etterleddet *-rei* er eit særmerke for vestlandske kunamn – det er svært frekvent i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, men nesten fråverande i andre delar av landet (Karbø og Kruken 1991, 70). Namnet *Kinnreihaugen* er heimla på Tysnes i *Hordanamn*-databasen, og Aarø har heimla namna *Mørkeihølen* og *Sjunnreibåsen* frå Stord (Aarø 1974).

Tydinga til *-rei* er uklar: Kruken og Karbø siterer Ivar Aasen, som skriv «Betydningen dunkel; maaskee: den redende, etc. den som tilreder og frembærer Mælken» ([1873] 1977). Dei skriv òg at Magnus Oslen tolkar tydinga til *rei(d)* som *den hornete*, men ifølge Kruken og Karbø blir dette namnet òg gitt til kyr utan horn (Karbø og Kruken 1991, 70). I 1988 var det 230 kyr med namnet *Gullrei(d)* (Karbø og Kruken 1991, 72). Føreleddet *kinn-* er sjeldan, men namnet *Kin(n)ros* er heimla 25 gongar (Karbø og Kruken 1991, 134).

Ordet *borgstove* i *Borgstovedalen* tyder ifølge Aasen «Tjenerstue, Arbeidsfolkenes Huus paa de store Gaarde» i det gamle *Bergens stift*, der Huglo ligg ([1873] 1977). Han skriv òg at ordet vanlegvis blir utalt «Borrstova», noko som stemmer godt med uttalen /bɔrstɔːvedaːlen/ på Huglo.

Ordet *homann* finst i namna *Homannehaugane*, *Homannelia*, *Homanneneset* og *Homannestøa*. Den gamalnorske forma er *hofmaðr*, og i dag har ordet flei-


Figur 5.13: Gravhaug på *Homanneneset*

Gravhaugane, som den til høgre i bilete, var godt synlege frå skipsleia. Foto: Jesse Bratt, januar 2017.

re former og skrivemåtar: *hovmann*, *håmann* og *hobmann*. Namn med dette ordet finst fleire plassar i Hordaland. Til dømes er det ei vik med namnet *Håmannevik* på Bømlo, og ein dal med namnet *Hobmannedalen* i Os. I Sogn og Fjordane er det minst 14 namn med dette føreleddet. Til dømes finst det ein gravhaug med namnet *Hommanhaug* i Årdal, og eit nes med namnet *Håmanneneset* i Stryn.

Tydinga har gått frå å vere «tenestemann hos konge eller hovding» til å vere «fullmektig, skrivar» til å vere «sjølvrådige eller grov person» (*Nynorskordboka*). Det bør nemnast at *Håmann* òg er ein plante, den same som kallast *ekreblom* (Høeg 1974, 447). Truleg har ein laga namn med alle dei ulike tydingane til ordet *homann*. Men det er sannsynleg at *Homanne*-namna på Huglo høyrer til det eldste laget på grunn av storleiken til garden Nordhuglo, og fordi neset er godt synleg frå forbigelande båtar i *Langenuen* (sjå figur 5.13). Her var ein høveleg gravplass for ein stormann.

Nokre stadnamn inneheld fonologiske ord som er uforståelege. Det vil seie at dei manglar korrespondansar til semantikk i det heile teke. Slike ord, som *mosk* i *Moskamyra*, er ein del av det fonologiske namnet, men dei har berre ein usikker plass i namnetydinga. Dette er illustrert i (5.8). Pila viser kor den manglande korrespondansen skulle ha gått, og spørsmålsteiknet i namnetydinga viser at namnetydinga er ufullstendig. Likevel er namnet fullt brukeleg. Det denoterer staden, og ein veit at staden er ei *myr*, sjølv om det er uklart kva for ei rolle *mosk* spelar i namnet. Med tida har ein gløymt ordet si tyding, og korleis ho hang saman med namnetydinga.



Figur 5.14: *Salaren* og *Tunaren* på Nordhuglo

Foto: Bjørn Østrem, 1978.

Ordet *mosk* høyrer til unik stadnamnkunnskap, sidan det ikkje førekjem utanom i dette stadnamnet. Men dette kjem ikkje fram i (5.8) sidan ordet manglar korrespondansar. Korrespondanse 3 fortel at *Moskamyra* er eit stadnamn i leksikonet, og høyrer derfor til unik stadnamnkunnskap. Korrespondanse 2 knyter appellativet *myr* saman med tydinga si, og høyrer derfor til generell språkkunnskap.

Å tolke ord som *mosk* er å prøve å rekonstruere korrespondansane i namnet slik dei var då ordet var forståeleg. Døme på namn med slike ord frå Huglo er *Salaren*, og *Foremannsneset* og *Langenuen*

Salaren er eit åkernamn frå Nordhuglo. Aarø ser moglege samband med gamalnorsk *sála*, som tyder *sjel*, og genitivsforma av gamalnorsk *salr*, som tyder *sal* eller *hall* (Aarø og Rabben 2001, 79). Åkernamn med endinga *-aren* er vanlege på Vestlandet, og dei fortel ofte om nærliggjande objekt. På Huglo finst to andre slike namn: *Tunaren*, som låg ved tunet på Nordhuglo,

og eit uplassert namn *Øsparen*, truleg laga til eit nærliggjande ospetre. Frå Stord er det heimla *Skogaren* (som låg ved skogskanten) og *Sjoaren* (som låg ved *Sjoarevegen*) (Aarø 1974, 99).

Leiv Heggstad har samla nokre slike teignamn frå Voss: til dømes *Kleivar'n* «av kleiv» og *Aspar'n* «av ei osp» (Heggstad 1949, 20). Han har òg heimla namnet *Búar'n* og *Buar-aokkur'n* laga til *buer* i nærleiken (Heggstad 1949, 50). Om ein vidarefører dette mønsteret til namnet *Salaren*, vil ein forvente at det fanst ein *salr* som sto ved åkeren. Aarø skriv at namn som sluttar på *-aren* «kan vere gamle lausrivne genitivsformer, men det er ikkje utenkjeleg at dei kan ha fungert som sjølvstendige ord frå byrjinga av» (Aarø 1974, 99).

FOREMANN i *Foremannsneset*. Aarø gir ei tentativ tolking av ordet *for* som *fôr* eller *fure*. Ho ser namnet i samanheng med namnet *Mannforebakken* på Skumsnes, men tydinga til begge namna er ukjent (Aarø og Rabben 2001, 85). I tillegg skriv Aarø at namnet blir uttala *Formannsneset*, med tonelag 1, av eldre folk (Aarø og Rabben 2001, 85).

Det finst liknande namn andre stadar på Vestlandet. Det finst ein stad med namnet *Furemannen* eller *Foremannen* i Kvam, brukt om ein bergformasjon som liknar på eit ansikt. I *Hordanamn*-databasen står det opplyst at det stod ei *fure* her før. Tydinga kan såleis vere *mannen ved furutreet*. I Sogndal står *Mannforsteinane*, to store steinar, der den eine ligg oppå den andre. Det står ingen opplysingar om tydinga til namnet.

Ei anna tolking av føreleddet er *fjarðarmaðr* eller *fjarðmaðr*, fjæremann. Ordet *fjoremann* er heimla hos Aasen i tydinga *ein som bur ved fjorden* ([1873] 1977). Ordet vart òg brukt om fjordbønder som kom ut til kysten i fiskesesongen, og ein kalla husa dei budde i for *fjæremannshus*. Kanskje det stod eit slikt hus på dette neset før. Eg fann ingen andre namn med dette føreleddet.

Ordet *nu* i *Langenuen* skal vere ei nedslipt form av *nuv*, og det finst to ulike tolkingar av dette namnet i *Norsk Stadnamnleksikon*. Den eine er at *nuv* siktar til dei høge fjella rundt fjorden (sjå figur 5.15) (Sandnes 1997). *Nuv* tyder *avrunda høgde*, og namnet *Langenuen* finst òg på ein fjellrygg i Ullensvang. Den andre er at ordet er ei samanlikning med *nuv* i tydinga «trau til baking, fôring» (Sandnes 1997).

For å oppsummere, har eg analysert korrespondansar frå semantikk til syntaks i grunnord i dette kapitlet. Eg har samanlikna namnetydingar frå Huglo med namnetydingar frå Stord med tanke på grunnord, relative namn, og assosiative namn. Det var vanskeleg å finne ein god måte å samanlikne uvanlege ordtydingar frå Huglo med dei frå Stord.

Namna eg analyserte som korrespondanseskjema var *Stølen*, *Slettafjellet*, *Niphaug*, *Gata*, *Halatjørna*, *Leiro* og *Moskamyra*. Til saman var det sju korrespondansar som høyrde til unik stadnamnkunnskap og ti korrespondansar som høyrde til generell språkkunnskap. Ingen av namna eg analyserte hadde fleire enn tre korrespondansar totalt.

Det vil seie at den første hypotesen min held såvidt, men den einaste innsikten som oppteljing av korrespondansar gir er at ord i stadnamn har den

Figur 5.15: *Langenuen sett frå Høgafjellet*

I bakgrunnen ligg Stord, dekt av snø. Foto: Jesse Bratt, januar 2017.

same tydinga dei vanlegvis har. Det interessante ved stadnamntydingar er korleis ordtydingane heng saman med staden dei denoterer, i tillegg til andre stadar, slik eg viste i (2.6). Det var vanskeleg å finne ein måte å representere namntydingar på ein måte som gjorde at dei kunne samanliknast.

Den andre hypotesen min, at namneinventaret frå Huglo ikkje kom til å skilje seg frå dei frå Stord i særleg grad, stemmer for det meste, sjølv om berre nokre få namn vart samanlikna. Av dei 20 mest frekvente grunnord frå Huglo og Stautland (1976), var 13 like. Analysen til Aarø viste dei same typane relative namn som eg fann på Huglo. Metaforiske namn var ganske like på begge øyane, trass i få namn og uavgrensa moglegheiter. Alle tre namneinventara inneheldt namna *Kringla* og *Preikestolen*, og det var særleg kroppen og kristendomen metaforane gjekk ut på. Det var òg mykje likskap når det gjaldt metonymiske stadnamn. Metonymiane gjekk ofte på personar og hendingar, ekte eller påfunne. Men termen *metonymi* viste seg å vere vanskeleg å bruke i syntaktiske underledd – dette gjorde samanlikninga vanskeleg.

Kapittel 6

Konklusjon

Problemstillinga i innleiinga til denne oppgåva var: *Kva for delar er stadnamnkunnskap sett saman av?* Eg gjekk ut ifrå at stadnamnkunnskap er bygd opp på same måte som resten av leksikonet. Derfor forventa eg at dei aller fleste korrespondansane i namna eg analyserte skulle høyre til generell språkkunnskap. Dette var den første hypotesen min. I tillegg gjekk eg ut ifrå at stadnamn blir gitt med utgangspunkt i andre stadnamn ein kjenner. Og fordi Huglo og Stord ligg så nærme kvarandre, forventa eg at namneinventara deira skulle vere ganske like. Dette var den andre hypotesen min.

I løpet av oppgåva har eg delt opp ulike namn i korrespondanseskjema, og plassert dei einskilde korrespondansane anten i kategorien *unik stadnamnkunnskap* eller kategorien *generell språkkunnskap*. På denne måten var det mogleg å teste den første hypotesen min og få ein idé om kor mykje generell språkkunnskap namneinventaret inneheldt. Den første hypotesen min held for stadnamna eg analyserte. Stadnamnkunnskapen på Huglo ser ikkje ut til å skilje seg frå generell språkkunnskap i særleg grad.

Tabell 6.1 viser namna som vart oppdelte, og kor mange av kvar type korrespondanse dei hadde. Til venstre for kvart namn står sidetalet der det vart analysert, og til høgre for kvart namn står talet på korrespondansar som høyrer til unik stadnamnkunnskap og generell språkkunnskap.

Tabellen viser at dei fleste korrespondansane i namna eg analyserte høyrer til generell språkkunnskap. Det er berre tre namn, *Huglo*, *Osarehaug* og *Skarvene* som har fleire korrespondansar i kolonnen for unik stadnamnkunnskap enn i kolonnen for generell stadnamnkunnskap. Sagt på ein annan måte er desse tre namna dei som skil seg mest frå vanleg språkbruk. Rota i *Huglo* er *hugl*, som berre førekjem i stadnamn. *Osarehaug* inneheld det gamle genitivsaffikset *-ar(e)*, som førekjem mest berre i stadnamn. Og ordet *skarv* i *Skarvene* har gått over frå å vere eit inkjekjønns substantiv til å vere eit hokjønns substantiv i dette namnet.

Det er berre namna *Elva*, *Huglo*, *Stora Brandvik* og *Huglavika* som vart analysert i alle tre språkkomponentane: fonologi, syntaks og semantikk. Namna i kapittel 4 (side 51–71) vart analyserte i fonologi og syntaks, og namna i

Tabell 6.1: Korrespondansar i stadnamnkunnskapen frå Huglo

Sidetal	Namn	unik	generell
35	<i>Elva</i>	3	4
41	<i>Huglo</i>	3	1
41	<i>Stora Brandvik</i>	3	10
41	<i>Huglavika</i>	4	5
53	<i>Tveitøyane</i>	2	3
57	<i>Osarehaug</i>	3	2
60	<i>Geithaugen</i>	1	6
60	<i>Geitanuten</i>	1	7
64	<i>Øpsta Skora</i>	1	6
68	<i>Grønevika</i>	1	4
68	<i>Grønevikskjera</i>	2	5
69	<i>Skarvene</i>	2	1
75	<i>Stølen</i>	1	1
75	<i>Slettafjellet</i>	1	2
76	<i>Niphau</i>	1	2
86	<i>Gata</i>	1	1
88	<i>Halatjørna</i>	1	2
90	<i>Leiro</i>	1	1
93	<i>Moskamyra</i>	1	1
	totalt:	33	64

kapittel 5 (side 73–96) vart analyserte i syntaks og semantikk. Dette tyder at analysen av desse namna er ufullstendig.

Talet på korrespondansar i namna analyserte i kapittel 5 er lågt. Det er ingen namn i dette kapitlet som har fleire enn tre korrespondansar i tabellen. Kvar namn har éin korrespondanse som går frå den semantiske kjernen til substantivet, og éin eller to korrespondansar som går frå orda i namnet til ordtydingane, der dei inngår i namnetydingane. Den semantiske strukturen bestemmer kva for ei rolle ordtydingane spelar i namnetydingane, og dette kjem ikkje fram i tabellen. Det er ein svakheit ved modellen at det ikkje er ein god måte å få oversikt over dei faktiske semantiske strukturaner, som er viktigare enn korrespondansane for namna i kapittel 5. Og når det gjeld relative namn, var det vanskeleg å finne ein måte å teste hypotesen på ein god måte med korrespondanseskjema.

Den andre hypotesen min var at namneinventaret frå Huglo ikkje kom til å skilje seg frå dei frå Stord i særleg grad. For å teste denne hypotesen, samanlikna eg namneinventaret frå Huglo med namneinventara i «Opplysningar til stadnamn frå Sagvåg» (Stautland 1976) og «Noko om stadnamn frå Stord» (Aarø 1974).

Når det gjeld bestemtheitsendingar, held ikkje hypotesen. Huglo ligg nett

innanfor variasjonsområdet for bestemt form i terrengnamn, men Stord ligg utanfor. På Huglo var det 27 terrengnamn i ubestemt form, medan det var 5 hos Stautland og 4 hos Aarø, sjølv om desse namneinventara er om lag dobbelt så store som det frå Huglo. På dette punktet skil namneinventaret frå Huglo seg med dei frå Stord.

Når det gjeld samansetjingsfuger, held hypotesen. Her var det berre mogleg å samanlikne med namneinventaret til Stautland (1976). Samansetjingsfugene lét seg dele i to bolkar: ein meir frekvente (om lag 33 %) og ein mindre frekvent (om lag 15 %). Den meir frekvente inneheld *a*-fuge og null-fuge, og den mindre frekvente inneheld *s*-fuge og *e*-fuge. Dei relative frekvensane er nokså like, sjølv om namneinventaret til Stautland er mykje større. Namneinventaret frå Huglo skil seg ikkje frå Stord på dette punktet.

Når det gjeld adjektivendingar, held hypotesen. Hos både Aarø og Stautland er det vanlege bøyingsmønsteret fullstendig gjennomført i stadnamn som er substantivfrasar med eit samsvarsbøyd adjektiv. I samansetjingar med adjektiv er det berre 7 namn frå Huglo som ikkje følgjer bøyingsmønsteret. Og hos Aarø og Stautland er bøyingsmønsteret nesten fullstendig gjennomført i samansetjingar òg. Namneinventaret frå Huglo skil seg ikkje frå dei frå Stord på dette punktet.

Når det gjeld røter, var det vanskeleg å finne eit godt grunnlag for samanlikning av namneinventara. Dei mest frekvente røtene er grunnord, og dei vart handsama for seg sjølve.

Når det gjeld grunnord, held hypotesen for det meste. Her var det berre mogleg å samanlikne Huglo med namneinventaret til Stautland. Begge namneinventara delte dei mest frekvente grunnorda, som *haug*, *vik*, *dal* og *nes*. Unntaket var grunnordet *ås*, som var svært frekvent hos Stautland og Aarø, men heller sjeldan på Huglo. Huglo og Stord delte òg nokre grunnord som er typiske for Sunnhordland og Sørvestlandet: *avløype*, *flekkje* og *bleikje*.

Når det gjeld relative namn, held hypotesen. Aarø (1974) inneheld eit delkapittel om relative namn, og døma ho bruker har dei same relasjonane mellom stadane som dei på Huglo. Namneinventara ser ikkje ut til å skilje seg på dette punktet, men det var berre nokre få namn som kom med i samanlikninga.

Når det gjeld assosiative namn, held hypotesen for det meste. Det er få metaforiske stadnamna i alle namneinventara, slik at grunnlaget for samanlikning er lite. Sjølv om moglegheitene for metaforisk namngjeving er uavgrensa, var det mykje likskap mellom namneinventara. Alle tre namneinventar hadde namna *Preikestolen* og *Kringla*. Namn med orda *alter*, *rygg*, *rumpe* og *kyrkje* fanst i to namneinventar. Metaforar som går på religion og kroppen var særleg frekvente.

Termen *metonymi* viste seg å vere problematisk. Termen gir berre meining når det gjeld hovudledd som til dømes *Leiro*. I namnet *Leirvika* spelar ordet *leire* den same rolla som i namnet *Leiro*, men det verkar feil å kalle det for ein metonymi når det er underleddet. Begge namneinventara hadde fleire namn der hovudleddet eller underleddet viste til ei hending eller ein person, men uklarleiken til termen *metonymi* gjer det vanskeleg å seie noko om hypotesen.

Når det gjeld ordtydingar, var ikkje det grunnlag for samanlikning. Analysen konsentrerte seg på gamle ord som hadde gått ut av bruk, men vart bevarte i stadnamn. Namneinventara frå Stord hadde òg slike namn, men ei samanlikning hadde sagt lite om namnekunnskap.

Korleis fungerer parallell-arkitekturen som teoretisk modell i stadnamnanalyse? Den kulturhistoriske verdien av ein slike analyse er låg. Og namneinventaret frå Huglo, med sine 718 namn, var ganske lite. Og fordi mykje av materialet var frå Nordhuglo, var det av overvekt av namn frå nordsida av øya. Ei meir fullstendig oppgåve hadde inkludert eigen materialinnsamling og fleire kjelder.

Samanlikninga hadde vore sterkare om eg hadde teke med andre namneinventar frå området rundt Huglo. Det finst til dømes eit namneinventar frå Tysnes samla inn av Gunvald Reiso (1957) og Peter Hallaråker sitt namneinventar frå Bømlo (1976).

Det største problemet med modellen er kløfta mellom teorien og dei konkrete namneinventara. Den første hypotesen min kravde ein teoretisk gjennomgang av nokre få namn, og den andre hypotesen min kravde ei samanlikning av ulike namneinventar basert på mønster basert på mange namn. Framgangsmåten for desse to delane av oppgåva var veldig ulike. Oppgåva hadde vore sterkare om samanlikninga mellom namneinventara var basert på frekvensane til ulike korrespondansar. Men då måtte alle namneinventara ha vore fullstendig analyserte. Dette hadde vore svært tidskrevjande, og truleg vanskeleg å gjennomføre i programmet *Excel*.

Men vidareutvikling av framgangsmåten eg illustrerte i oppgåva kan gi ein måte å analysere og samanlikne delar av leksikonet på ein rask og effektiv måte. Og på grunn av måten leksikonet er definert på i parallell-arkitekturen, kan dette gi mange moglegheiter.

Namneliste

Det finst 718 namn i denne namnelista. Sjå kapittel 3 for ein diskusjon av prinsippa for namnenormeringa. Dei fonetiske transkripsjonane er avgrensa til foneminventaret i kapittel 2.1. Namn som blir brukt om fleire stadar er oppført éin gong. Til dømes er namnet *Gamlastøa* oppført éin gong, sjølv om namnet finst både på *Rossbø* og på *Haukanes*. Kjeldereferansar til originaldokumenta med kartfestingar finst i eit eige dokument i Stadnamnsamlinga. Namn som blir særleg omtala har sidetal etter seg.

<i>Akkorden</i> /akɔrten/	<i>Blågrotta</i> /blɔ:grɔtɔ/
<i>Alteret</i> /altere/ , 86	<i>Borgstovedalen</i> /bɔrstɔ:veda:len/ , 92
<i>Alvaberget</i> /alvaberje/	<i>Brakadalen</i> /bra:kada:len/
<i>Anbjønnscholet</i> /anbjønshɔ:le/	<i>Brakaholmen</i> /bra:kahɔlmen/
<i>Apalebakkane</i> /a:palebakane/	<i>Brakalia</i> /bra:kali:ɔ/
<i>Apaleflua</i> /a:paleflɔ/	<i>Brandvikeholmen</i> /branvi:kehɔlmen/
<i>Apalflekket</i> /a:palflecce/	<i>Brandvikeledet</i> /branvi:kele:/
<i>Asalebrekka</i> /a:salebrekɔ/	<i>Brandvikelia</i> /branvi:keli:ɔ/ , 3
<i>Askarehola</i> /askarehɔ:lɔ/	<i>Brandvikemyra</i> /branvi:kemy:rɔ/
<i>Askarevollen</i> /askarevɔdl/	<i>Brandvikemyrhaugen</i>
<i>Auna</i> /øʏnɔ/	/branvi:kemy:rhøʏgen/
<i>Avløypeneset</i> /a:vløypene:se/ , 77	<i>Brandvikeneset</i> /branvi:kene:se/ , 83
<i>Badstovedalen</i> /bastɔ:veda:len/	<i>Brandviketræet</i> /branvi:ketre:/
<i>Barbruhaugen</i> /ba:rbrɔ:høʏgen/	<i>Brandviknesflua</i> /branvi:kne:sflɔ:ɔ/
<i>Basaneset</i> /ba:sane:se/	<i>Brattaberg</i> /brataberg/ , 66
<i>Bekken</i> /becceɲ/	<i>Breivika</i> /breivi:cceɔ/
<i>Bekkjadalen</i> /becceada:len/	<i>Breivikeneset</i> /breivi:kene:se/
<i>Beleggsteinane</i> /belegsteinane/	<i>Brekka</i> /brekɔ/
<i>Berrføttedalen</i> /berføteda:len/	<i>Bruna</i> /brɔ:nɔ/
<i>Berrføttemyra</i> /berføtemy:rɔ/	<i>Brunaksla</i> /brɔ:nekslɔ/
<i>Berrføttevatnet</i> /berføtevatne/	<i>Brunene</i> /brɔ:nene/
<i>Bestebakken</i> /bestebacceɲ/	<i>Brurahelleren</i> /brɔ:rahidleren/
<i>Bjøllehaugen</i> /bjødlehøʏgen/	<i>Bruskjer</i> /brɔ:sje:r/
<i>Bjørkåkerleiet</i> /bjørkɔ:kerleie/ , 47	<i>Buaberget</i> /bɔ:aberje/
<i>Bjørnshi</i> /bjønshi/	<i>Buhagen</i> /bɔ:ha:gen/
